



Utgreiing av oppvekstsektoren i Sande kommune



TELEMARKSFORSKING oslo**economics**

Tittel: Utgreiing av oppvekstsektoren i Sande kommune

Utarbeidet av: Telemarksforskning i samarbeid med Oslo Economics

Oppdragsgiver: Sande kommune

Kontaktperson: Kjetil Lie

Foto/illustrasjon forside: Stockbilde

Innhald

Samandrag	4
1. Mandat, metode og bakgrunn	6
1.1 Mandat	6
1.2 Kjelder og metodar for innhenting av informasjon	6
1.3 Økonomien i Sande	7
2. Framskrivingar	9
3. Oppvekstsektoren i Sande	12
3.1 Barnehagetilbodet	12
3.2 Skuletilbodet	16
3.3 Skulefritidsordning (SFO)	22
3.4 Kulturskulen	22
3.5 Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)	23
3.6 Flyktningtenesta	24
3.7 Biblioteket	24
4. Erfaring frå dei føresette i kommunen	26
4.1 Respondentar i undersøkinga	26
4.2 Føresette si oppfatning av noverande barnehagetilbod	27
4.3 Føresette si oppfatning av noverande skole- og SFO-tilbod	28
4.4 Kulturskulen	29
4.5 Biblioteket	30
4.6 Moglege endringar i skulestruktur	31
5. Utviklingsretningar i oppvekstsektoren	33
5.1 Innleiing til vurderingar for skuletilbod	33
5.2 Føresetnader	34
5.3 Nullalternativ: dagens tilbod	36
5.4 Alternativ 1	36
5.5 Alternativ 2	38
5.6 Alternativ 3	38
5.7 Alternativ 4	39
5.8 Alternativ 5	39
5.9 Alternativ 6	40
5.10 Samla økonomiske verknader	41
5.11 Miljømessige vurderingar	43
6. Utvida vurderingar av barnets beste	45
6.1 Skuletilbod	45
6.2 Barnehagetilbod	49

6.3 Andre vurderingar	52
7. Oppsummering og tilråding	54
8. Referansar	56
Vedlegg A	58

Samandrag

Telemarksforsking, med bistand frå Oslo Economics, har gjennomført ei utgreiing av oppvekstsektoren i Sande kommune. Utgangspunkt for utgreiinga er Sande kommune sitt skisserte mandat, med vekt på moglege tiltak som legg til rette for økonomiske innsparingar og kvalitet.

For å gjennomføre oppdraget, har vi teke i bruk ei rekke informasjonskjelder med mål om å sikre eit breitt og dekkjande informasjonsgrunnlag. Dette inkluderer mellom anna fysiske besøk til einingane, digitale intervju med enkelte delar av teneste, spørjeundersøking til føresette, spørsmål til elevråd og ungdomsråd, samt analyse av tilgjengeleg dokumentasjon og statistikk.

Med bakgrunn i Sande kommune si økonomiske situasjon, har økonomiske vurderingar vore førande for dei innleiande vurderingane. Vi har dessutan naturlegvis lagt vekt på kvalitative tilhøve som omsynet til barnets beste og vurdert korleis ulike strukturendringar påverkar kvaliteten i tilbod, trivsel blant barn og tilsette, samt verknadene for lokalsamfunnet.

Frå prosjektet er det tydeleg at det er stor splid internt i kommunen når det kjem til kva som bør gjerast i sektoren. Det er mange sterke og meiningar knyta til kva som er best å gjere, kor mange er ueinige. For vidare arbeid i kommunen vurderer vi at det er viktig med føreseielegheit. Dette prosjektet har gitte rammer og innsparingsambisjonar allereie for komande år, som gjer det utfordrande å få til dette i våre tilrådingar. Det er likevel viktig for kommunen å nytte funn frå rapporten til framtidig planlegging, samt å sikre at interessentar blir involverte tidleg og i alle fasar.

Tilrådingar

Vi tilrår å oppretthalde Gursken som ein 1-10 skule, og som ein større skule ved at den skal omfatte elevane frå Larsnes i tillegg til ungdomsskuleelevar frå Kvamsøya.¹ Det alternativet er berekna på årsbasis å ha om lag 1,7 mill. kroner gunstigare effekt på kommuneøkonomien enn alternativet med tilsvarande samling på Larsnes. Vi tilrår at det ikkje lengre vert eit skuletilbod og ein SFO på Larsnes eller noko ungdomstrinn på Kvamsøya. Kvamsøya vil då bli ein barneskule. Vi legg til grunn at endringane skal kunne skje frå oppstart av skuleåret 2026/27 for at kommunen skal ha moglegheit for å realisere innsparingar på skule i tråd med rammeføresetnadene i kommunedirektøren sitt budsjettframlegg.

Vi har vore i tvil når det gjeld Kvamsøya og skule-tilbodet for elevar som soknar til Ytterøyane. Vi landa likevel tidleg på at barn på barnetrinnet, i alle fall dei på 1.-4. trinn, bør sleppe store reiseavstandar og tilhøyrande tidsbruk også på ferje/båt. Vi vil tilrå kommunen å arbeide sterkt for ei transportløysing til og frå Gursken med «Samfunnsbåten» (hurtigbåten) for ungdomsskule-elevane frå Kvamsøya/Ytterøyane, og at dette vonaleg ikkje vil innebere nokon særskild meirkostnad for kommunen. Vi synes uansett at dei skissene/idéane til båttransport som er lansert frå FAU ved Gursken er interessante; med anløp anten ved Haugsbygda Hamn eller Vågen småbåthamn.

Vi tilrår at barnehage-tilbodet på Kvamsøya vert flytta inn i skulebygningen der, og dermed at oppvekstsenterorganiseringa naturleg kan halde fram.

På skuleanlegget i Larsnes tilrår vi at biblioteket og hovudbasen for kulturskulen vert lokalisert – i tillegg til ein barnehage (Larsnes barnehage) som følgje av at vi foreslår ikkje å vidareføre tilbodet ved Hauemarkja. Biblioteket og hovudbasen for kulturskulen bør kunne vere på plass ved (tidlegare) Larsnes oppvekstsenter frå august 2026, medan tilpassing og utbetringar av lokala til å huse ein barnehage må kanskje forventast å ta noko lengre tid. Seinast til oppstart av barnehageåret 2027/28 bør likevel lokala vere klarerte og ferdigstilla. Vi skriv hovudbasen for kulturskulen då vi legg til grunn at det også skal vere eit kulturskule-tilbod på Gursken for dei elevane som går på SFO der.

Sandsøya barnehage foreslår vi lagt ned med verknad frå oppstart av barnehageåret 2026/27, og at det dermed heller ikkje vert noko tilbod om å ha ein eventuell SFO-plass der. Haugelia barnehage drift og lokalisering som

¹ For å unngå å stå i fare for å miste eit grunnskuletilskot på rundt 580.000 kroner over inntektssystemet (rammeoverføringane), tilrår vi ei organisatorisk løysing på Gursken ved at det vert ein Sande ungdomsskule der i tillegg til Gursken barneskule (1-7) – begge leia av same rektor.

no. Det same for Gjerdsvika barnehage – der det vert ei noko anna og vesentleg meir økonomisparande løysing enn utgift på 3,5 mill. kr inkl. mva. som låg inne i investeringsbudsjettet for 2025.

Vidare tilrår vi at PPT held fram uendra.

1. Mandat, metode og bakgrunn

Telemarksforskning, med bistand frå Oslo Economics, har gjennomført ei utgreiing av oppvekstsektoren i Sande kommune. Vi har teke i bruk ei rekke informasjonskjelder med mål om å sikre eit breitt og dekkjande informasjonsgrunnlag.

1.1 Mandat

Oppdraget gjennomførast for å løyse ut Sande kommune sitt informasjonsbehov slik skissert i utlysinga:

«Oppdragsgjevar ynskjer å rigge seg for framtida og ynskjer ein gjennomgang av oppvekstsektoren med tanke på finne gode løysingar med barnets beste i fokus. I oppvekstsektoren ligg ansvaret for skular, barnehagar, kulturskule, PPT, bibliotek og flyktningteneste.

Utgangspunktet for oppdraget er Sande kommunestyre sitt vedtak datert 25.03.2025, der det mellom anna heiter:

Ein søker ekstern kompetanse for å gjennomføre ei utgreiing av oppvekstsektoren i kommunen. Det bør utgreiast ulike alternativ med tilhøyrande konsekvensar, både for kvalitet og økonomi.

Arbeidet skal leggjast fram som ein handlingsplan for oppvekst Januar/Februar 2026 og vil vera eit langsiktig styringsdokument for kommunen.

Oppdraget består i å utarbeide eit kunnskaps- og beslutningsgrunnlag i form av ein handlingsplan for heile oppvekstsektoren.»

Kommunestyre-vedtak i sak 33/25 låg til grunn for utlysinga. Av vedtaket framgår òg at «Det bør utgreiast ulike alternativ med tilhøyrande konsekvensar, både for kvalitet og økonomi.» Med tanke på økonomi visast det spesielt til i vedtaket at siktemålet er å oppnå innsparingar i tråd med kommunedirektøren sine rammeføresetnader lagt til grunn i budsjettframlegget for økonomiplanen 2025-28, dvs. 2,5 mill. for 2026 og med heilårseffekt frå 2027 på 5 mill. kroner.

1.2 Kjelder og metodar for innhenting av informasjon

I arbeidet med rapporten har vi teke i bruk ei rekke informasjonskjelder. Målet er å sikre eit breitt og

dekkjande informasjonsgrunnlag med involvering av sentrale partar.

1.2.1 Tilgjengeleg statistikk og dokumentasjon

Kommunen har gjort tilgjengeleg relevant dokumentasjon, slik som tekniske vurderingar, rapportar frå tidlegare arbeid i sektoren. I tillegg har vi fått avklart aktuelle problemstillingar i samspel med Sande kommune.

Videre har vi innhenta offentleg tilgjengeleg statistikk frå SSB, Grunnskolens informasjons-system (GSI) og Basil.

1.2.2 Intervjuar med aktørar i Sande

Tidleg i prosjektet besøkte vi alle barnehagane og skulane i kommunen og gjennomførte intervju. Ved kvar eining deltok leiar og ein representant for dei tilsette. I tillegg til dette, gjennomførte vi intervju med rektor ved kulturskolen, ein representant frå administrasjonen innan opplæring og kultur, PPT, bibliotekdirektøren og ressursgruppa for barn og unge.

I forkant av dei fysiske intervjuar fekk informantane tilsendt ei oversikt over tema. Dei fekk òg moglegheit til å sende inn skriftlege innspel etter intervjuet. Alle intervju blei gjennomførte som semi-strukturerte intervju. Det betyr at samtalan starta med ein skissert temaoversikt, samstundes som intervjuobjekta fekk moglegheit til å ta opp ytterlegare tema dei fann relevante.

I tilfella kor vi har framstilt funn frå intervjuar, og det er mogleg å identifisere dei som har uttrykt si meining har intervjuobjekta fått moglegheit til å korrigere den skriftlege gjengivinga.

1.2.3 Spørjeundersøkingar og skriftlege innspel

Etter intervjuar distribuerte vi ei kort spørjeundersøking til føresette ved dei ulike barnehagane og skulane. Undersøkinga bestod av ein kombinasjon av spørsmål med gitte svaralternativ og opne spørsmål. Dette bidrog til å sikre involvering av dei føresette. Dei samanstilte resultatane frå undersøkinga inngår som ein del av informasjonsgrunnlaget i rapporten. Enkelte fritekstsvar er også presentert som anonymiserte sitat i teksten.

Videre ble elevråda og ungdomsrådet i kommunen spurt om å svare på eit utval spørsmål. Svara vil inngå som ein viktig kjelde til informasjon, og

nyttes mellom anna som bakgrunnsinformasjon inn i drøfting av ulike strukturalternativ.

1.2.4 Framskrivingar

Framskrivingane frå Telemarksforsking er eit nyttig supplement til SSB sine framskrivingar og gir alternative perspektiv på den framtidige utviklinga. Framskrivingane er baserte på ulike verdjar av attraktivitet for busetjing og næringsliv, der målet er å få fram moglegheitsrommet for befolkningsvekst, det vil seie kor mykje folketalsveksten kan påverkast lokalt. Framskrivingane frå Telemarksforsking er sist oppdaterte i juni 2025.

I rapporten nyttjes ulike scenario for utviklinga av folketalet i kommunen, alt etter kor høg attraktivitet kommunen har i framtida. Eit scenario er at kommunen lykkast med å skape høg og positiv attraktivitet for både busetjing og næringsliv (Høg). Vi har òg eit scenario der den framtidige attraktiviteten er låg (Låg). Forskjellen mellom scenarioa med høg og låg attraktivitet vil vise kva moglegheitsrom det er for framtidig befolkningsutvikling. Eit naturleg scenario er at attraktiviteten er akkurat som middels (Nøytral). Det vil gje ein vekst i tråd med det som er forventa ut frå dei strukturelle forholda. Det betyr at både flytte- og arbeidsplassveksten i næringslivet er lik forventa verdi. Det siste scenarioet inneber at attraktiviteten for kommunen i framtida held seg likt som gjennomsnittet for dei siste ti åra.

1.3 Økonomien i Sande

Sande kommune står overfor store økonomiske utfordringar, og har dei siste årene hatt ein auking i utgiftsnivå. I oppvekstsektoren er det fleire forhold som bidreg til meirforbruk og press på tenestene. Det er behov for å sjå nærare på kva som driv kostnadane og korleis desse utviklar seg over tid. Nedanfor følgjer ein gjennomgang av utgiftsbildet og dei viktigaste utfordringane kommunen må handtere framover.

Sande kommune har no for andre gong på ti år blitt meldt inn i ROBEK. Kommunen vart meldt inn i

Tabell 1-1: Utvalde nøkkeltal om kommuneøkonomien

	2022	2023	2024
Totale driftsinntekter	293 866	313 918	315 507
Totale driftsutgifter	296 234	320 662	337 466
Netto driftsresultat	-6 723	-8 655	-25 643
Driftsresultat i prosent av driftsinntekter	-2,3 %	-2,8 %	-8,1 %

Kjelde: (Sande kommune, 2025)


ROBEK fyrste gong hausten 2016, da dei hadde økonomiske utfordringar som førte til ubalanse i rekneskapen. Gjennom fleire år arbeidde Sande med å få kontroll på økonomien, og i 2021 viste rekneskapen eit positivt resultat på 4,8 millionar kroner etter at tidlegare underskot var dekt inn. Det gode resultatet skuldast mellom anna høgare skatteinntekter enn forventa, positiv avkastning på fond og god finansiering av koronarelaterte utgifter. Etter dette vart Sande teken ut av ROBEK i 2022 (Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, 2022).

I 2025 vart Sande kommune igjen meldt inn i ROBEK etter at rekneskapen for 2024 viste eit oppsamla meirforbruk som overstig tre prosent av driftsinntektene. Bakgrunnen for meirforbruket er hovudsakleg at driftsutgiftene i både 2023 og 2024 har vore høgare enn inntektene. I tillegg har auka lånegjeld ført til at større delar av kommunen sine inntekter har gått med til renter og avdrag, noko som har redusert handlingsrommet for drift (Nr.no, 2025).

Merforbruket i kommunen har hatt ein jamn auke sidan 2022, noko som tyder på vedvarande ubalanse mellom inntekter og utgifter over tid (sjå Tabell 1-1). Utgifter etter utvalde område dei siste tre åra er vist i Figur 1-1.

Med bakgrunn i dei økonomiske problema kommunen står overfor, er det brei politisk einigheit om behovet for drastiske tiltak i kommunen, særleg i oppvekstsektoren (Nernett.no, 2025).

Figur 1-1: Utgifter etter utvalde område (i prosent)



Merk: Summen av delane for utgifter til tenesteområda blir ikkje 100 % for nokre av utgiftsomgrepa i denne figuren. Kjelde: (SSB, 2025)

Frå relevante årsmeldingar ser vi at sektoren hadde eit meirforbruk på 3,7 millionar kroner i 2022, som skuldast stramme budsjett, aukande behov og lite handlingsrom for innsparing utan å bryte regelverket. Det har opplevast som krevjande å innfri forventningar innanfor gjeldande normer, samtidig som inntektene har vore høgare budsjetterte enn faktisk. Kostnadsauken heng truleg saman med ein auking i barnehageplassar, gratis kjernetid i SFO og lite tilgang på vikarar. Einingane har arbeida for å redusere underskotet.

I 2023 var meirforbruket på 367 000 kroner, eller 0,5 prosent, og sektoren var dermed nesten i balanse. Hovudårsakene var høgare lønskostnader, undervurderte pensjonsutgifter og auka bruk av overtid på grunn av vikarutfordringar. Tenestene har også vore utsette for aukande krav utan tilsvarande ressursauke.

I 2024 enda sektoren opp med eit meirforbruk på 3,6 millionar kroner, der høge lønskostnader og store utgifter til flyktingtenesta var hovudårsakene. Meirforbruket skuldast blant anna faste stillingar og manglande konkrete innsparingstiltak. Til trass for utfordringane har sektoren vist god budsjett disiplin, og utanom flyktingtenesta har dei fleste einingane halde seg nær budsjett. (Sande kommune, 2025)

Oppvekstsektoren er eit fast diskusjonstema i kommunen. Dei er opptekne av utfordringane kommunen møter på, samt kva for tiltak som kan iversettast for å imøtekomme desse. Frå Økonomiplan 2025-2028 for Sande kommune presenterast følgjande utfordringar i oppvekstsektoren (Sande kommune, 2024):

- Budsjetta har vore for låge over tid i forhold til dei ambisjonar som ligg i lovverket. Rasjonaliseringa har ikkje halde tritt med auka krav, auka utgifter og lågare inntekter. Uten nausynt budsjettering let det seg ikkje gjere å oppfylle dei rettane born og elevar har etter lova. Dette inneber mellom anna brot på gjeldande lov og forskrift knytt til krav om tilfredsstillande symjeundervisning.
- Aukande tal på born med framandkulturell bakgrunn og born med språkutfordringar. Det er kostnadskrevjande å gje gode nok tilbod til dei som treng det/ har rett på det.
- Aukande andel born med vedtak om spesialpedagogisk hjelp/ spes.undervisning. Også dette punktet dreiar seg om oppfylling av rettar.
- Lågare inntekter i barnehage og SFO frå redusert foreldrebetaling/gratis kjernetid.

² Sjustjerna er eit interkommunalt samarbeid mellom dei sju kommunane på Søre Sunnmøre med mål å styrkje

Økonomiplan og prioriteringar for Sande kommune. Samandrag budsjett for 2025

- Tiltaket med å samle skulane i Sande til ein felles skule er foreslått flytta frå 2025 til 2027 i økonomiplanen. Det er ikkje vurdert som realistisk å realisere i 2025 eller i 2026. For å få til eit slikt tiltak, må arbeidet starte i 2025 med tanke på ei realisering i 2027.
- Tiltaket med å samle alle ungdomsskuleeleverna ved Gursken oppvekstsenter er foreslått reversert i resten av økonomiplanperioden. Dette var reversert politisk for 2024.
- Det er foreslått i legge ned barnehagen på Sandsøya som innsparingstiltak. Dei barna som går i denne barnehagen må då få tilbod i dei andre kommunale barnehagane. Tiltaket er kommentert ytterlegare under innsparingstiltak.
- Det er foreslått å saldere stillinga som ungdomsarbeidar, då var ikkje handlingsrom til å vidareføre denne.
- Det er foreslått å ikkje erstatte merkantile ressursar knytt til PPT hausten 2025.
- Det er lagt inn auke stillingar i grunnskulen, barnehagen og i SFO knytt til auka behov jf enkeltvedtak og bemanningsnorm.
- Det er lagt inn ei foreslått styrking i budsjettet til flyktingtenesta på 3 million, for å få meir realisme ifht reelle kostnader.
- Det er foreslått styrking til utesymjing for 3. og 4. klasse ved Gursken og Kvamsøya skule.

Kjelde: (Sande kommune, 2024)

Reduksjon i sentrale satsar, og vedtak om redusert foreldrebetaling/gratis kjernetid (SFO, barnehage) reduserer inntekspotensialet for sektoren. Dette må kompenseras gjennom auka rammer.

- Det er utfordrande å rekruttere tilstrekkeleg med kompetent personell, noko som medfører behov for auka grunnbemanning eller auka bruk av overtid blant fast tilsette. Mangelen på personale fører òg til at leiarar i skule og særleg i barnehage i stor grad må nytte tid som vikar eller i avdelingsarbeid.
- Bygningsmassen er gammal og utdatert og det må takast ei avgjerdsle om desse skal rustast opp eller om det skal byggjast ny/nye skulebygg/barnehagar.
- Det er born og ungdom med behov for individuell oppfølging, og ressursane må styrkjast for å kunne sikre ei betre oppfølging.
- Manglande planverk for området.
- Manglande ressursar til å fylgje opp samarbeid i Sjustjerna²

helse- og oppveksttenestene gjennom felles løysingar og betre koordinering (Ssikt.no, u.d.).

2. Framskrivingar

I denne delen viser vi framskrivne folketal for Sande kommune, fordelt på ulike delområde i kommunen. Framskrivne tal tyder på en truleg nedgang, både for barn i alderen 0-5 år og barn i alderen 6-15 år, fram mot 2050.

Framskrivingane frå Telemarksforsking er eit nyttig supplement til framskrivingane frå SSB, og gir alternative perspektiv på den framtidige utviklinga. Framskrivingane er baserte på ulike verdiar for attraktivitet knytt til busetjing og næringsliv, der føremålet er å synleggjere moglegheitsrommet for folketalsvekst, altså kor mykje den lokale utviklinga kan påverke veksten i folketalet.

Vi nyttar oss av ulike scenario for å vurdere korleis folketalet i kommunen kan utvikle seg i åra framover, avhengig av kor attraktiv kommunen blir. Eit mogleg scenario er at kommunen lukkast med å gjere seg svært attraktiv – både som bustad og for næringslivet. Dette kallar vi scenarioet med høg attraktivitet. I den andre enden har vi eit scenario der attraktiviteten blir låg, og der færre vel å flytte hit eller etablere verksemd. Skilnaden mellom desse to ytterpunkt, høg og låg attraktivitet, viser kor stort handlingsrommet er for framtidig folketalsutvikling.

Mellom desse finn vi eit meir nøkternt scenario med middels attraktivitet. Her legg vi til grunn at veksten vil vere i tråd med det ein kan forvente ut frå dei strukturelle forholda. Det vil seie at både

talet på til- og fråflyttingar, og veksten i arbeidsplassar, samsvarer med forventa verdiar.

Til slutt har vi eit scenario der attraktiviteten til kommunen held seg på same nivå som gjennomsnittet dei siste ti åra. Dette gir oss eit bilete av korleis utviklinga kan bli dersom dagens situasjon held fram utan store endringar.

Dei siste ti åra har Sande hatt låg attraktivitet både når det gjeld busetjing og næringsutvikling. I scenarioet med nøytral attraktivitet³ blir det forventa ein nedgang i folketalet i Sande kommune, frå 2 435 innbyggjarar i 2025 til 2 199 i 2050.

Sande kommune består av 9 grunnkretser og 2 delområder (sjå Tabell 2-1). Delområde 1 består av grunnkretsane Kvamsøya, Voksa og Sandsøya, mens delområde 2 består av grunnkretsane Gjerdsvika, Haugsbygda, Vågen, Skredestranda, Larsnes og Hallebygda.


På neste side blir det vist framskrivingar av folketalet i dei ulike delane av kommunen, fordelt på aldersgrupper.

Av framskrivingane kan ein sjå at folketalet i kommunen er venta å gå ned med 9,9 prosent fram mot 2050. Tala for barn viser ei endå større nedgang. På ytterøyane er det venta ein nedgang på nær 70 prosent i talet på barn i alderen 0–5 år, og 40 prosent for aldersgruppa 6–15 år mot 2050. I Gurskøy er nedgangen mot 2050 estimert til 21 prosent for dei yngste barna (0–5 år) og 16 prosent for dei i skulealder (6–15 år).

³ Eit naturleg scenario er at attraktiviteten er på middels nivå (nøytral). Dette vil gi ei utvikling som samsvarer med det ein kan forvente ut frå dei strukturelle forholda i kommunen. Det inneber at både flyttetal og vekst i talet på

arbeidsplassar i næringslivet ligg på forventa nivå. Eit siste scenario byggjer på at attraktiviteten i kommunen held seg på same nivå som gjennomsnittet dei siste ti åra.

Tabell 2-1: Oversikt over grunnkretser og delområder i kommunen



Område	Personar per 2025
0103 Kvamsøya	217
0104 Voksa	27
0105 Sandsøya	179
0201 Gjerdsвика	354
0202 Haugsbygda	380
0203 Vågen	429
0204 Skredestranda	83
0205 Larsnes	451
0206 Hallebygda	308
Uoppgitt grunnkrets	7

Kjelde: Sande kommune

Tabell 2-2: Framskrivingar for ulike delområde i Sande kommune – nøytralt scenario

Delområder	2025	2030	2040	2050	Prosentvis endring 2025-2050
Ytterøyane	420	370	277	184	-56,20 %
Gurskøy	2 014	2 095	2 083	2 014	0,00 %
Uoppgitt delområde	6	12	5	1	-
Totalt	2 440	2 477	2 365	2 199	-9,90 %


Kjelde: Telemarksforsking

Tabell 2-3: Framskrivingar for ulike delområde i Sande kommune – nøytralt scenario. Aldersinndeling


Delområder	2025		2030		2040		2050		Prosentvis endring 2025-2050	
	0-5 år	6-15 år	0-5 år	6-15 år	0-5 år	6-15 år	0-5 år	6-15 år	0-5 år	6-15 år
Ytterøyane	16	25	15	21	10	22	5	15	-68,80 %	-40,00 %
Gurskøy	126	220	107	227	101	191	99	184	-21,40 %	-16,40 %
Uoppgitt delområde	0	0	1	4	0	0	0	0	-	-
Totalt	142	245	123	252	111	213	104	199	-26,80 %	-18,80 %

Kjelde: Telemarksforsking

Figur 2-1: Framskrivingar for ulike delområde i Sande kommune – 0-5 år. Nøytralt scenario



Figur 2-2: Framskrivingar for ulike delområde i Sande kommune – 6-15 år. Nøytralt scenario



Kjelde: Telemarksforsking

Tabell 2-4: Framskrivinger ulike grunnkretser Sande kommune. Nøytralt scenario

	2025		2030		2040		2050	
	0-5 år	6-15 år	0-5 år	6-15 år	0-5 år	6-15 år	0-5 år	6-15 år
Ytterøyane	16	25	15	22	10	22	5	15
15140103 Kvamsøy	13	20	9	18	8	14	5	13
15140104 Voksa	0	0	1	0	0	0	0	0
15140105 Sandsøy	3	5	6	4	2	8	0	2
Gurskøy	126	220	107	227	101	191	99	184
15140201 Gjerdsvika	22	32	21	37	17	35	15	29
15140202 Haugsbygda	27	37	20	48	24	40	26	46
15140203 Vågen	29	42	24	48	15	39	15	27
15140204 Skredestranda	3	6	2	0	0	2	0	0
15140205 Larsnes	22	48	22	44	20	38	16	35
15140206 Hallebygda	23	55	20	50	25	37	28	47
15149999 Uoppgitt grunnkrets	0	0	1	4	0	0	0	0
Totalt	142	245	123	253	111	213	104	199

Kjelde: Telemarksforsking

3. Oppvekstsektoren i Sande

I dette kapitlet skisserer vi den noverande situasjonen i oppvekstsektoren, bestående av fleire kommunale tilbod (Figur 3-1). Vi vil gå nærare inn på sentrale tenester som barnehagar, grunnskular, kulturskule, bibliotek, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og Flyktningtenesta. Vi vil òg gå gjennom organiseringa av skulefritidsordninga (SFO).


3.1 Barnehagetilbodet

Barnehagesektoren i Sande kommune består av **fem kommunale barnehagar**, plasserte i ulike delar av kommunen for å sikre god geografisk dekning og tilgjenge for innbyggjarane. Per 15. desember 2024 var det registrert 111 barn i barnehagane i kommunen (Udir, 2025). Barnetalet i barnehagane har variert noko over dei siste ti åra, men dei siste seks åra har utviklinga vist ei tydeleg vekstretning (sjå Tabell 3-1 på neste side).

Frå kommunen sine nettsider kommer det frem at dei fleste barnehagane i Sande jobbar systematisk etter PALS- modellen, med unntak av Sandsøya barnehage. PALS er ein systematisk arbeidsmodell med mål om å styrke barna sin sosiale kompetanse og førebygge og meistre problemåtferd. Alle tilsette legger vekt på positiv involvering og oppmuntring, og de gir føreseieleg reaksjonar på negativ åtferd.

Barnehagane i Sande har fagkompetanse på eit nivå som svarar til resten av landet. Samstundes er det behov for fleire tilsette med relevant utdanning, særleg pedagogar, noko tilsette i barnehagane og representantar frå ressursgruppa for barn og unge peikar på gjeld spesielt i enkelte einingar (sjå Figur 3-2).

Figur 3-2: Fordeling av tilsette i barnehagar etter utdanning



Kjelde: (Udir, 2025)


Dokumentasjon frå Sande kommune synar at den tekniske tilstanden på barnehagebygga er gjennomgåande tilfredsstillande, men standarden varierer. For å heve bygningsmassen til ein tidsmessig standard er det likevel behov for investeringar. Enkelte uteområde har òg behov for ei moderat oppgradering.

Vidare går vi gjennom situasjonen i kvar enkelt barnehage i meir detalj, basert i all hovudsak på samtaler med- og informasjon frå einingane.

Hauemarkja barnehage

Hauemarkja barnehage er den største barnehagen i Sande som ligg sentralt til på Larsnes. Barnehagen vart opna i 1991, og påbygd med ei tredje avdeling i 2004. Den fjerde avdeling kom til i 2015. Før 2017 var barnehagen privat, det var foreldra som bygde,

Figur 3-1: Organisasjonskart oppvekst og kultur



Kjelde: Sande kommune

Tabell 3-1: Historisk tal på barn i barnehagar

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Gjerdsvika barnehage	18	17	16	11	9	9	15	17	18	20
Hauemarkja barnehage	56	51	48	45	43	48	43	51	47	50
Haugelia barnehage	16	17	19	23	25	31	39	33	35	32
Kvamsøya barnehage	8	10	11	11	9	5	5	6	5	6
Sandsøya barnehage	3	2	2	4	3	2	2	3	3	3
Totalt	101	97	96	94	89	95	104	110	108	111

Kjelde: (Udir, 2025)

eigde og dreiv Hauemarkja barnehage gjennom Stiftelsen Hauemarkja barnehage. I oktober 2017 tok Sande kommune over både eigedom og drift (Sande kommune, 2004).

Barnehagen er godkjent for 76 plassar. No har barnehagen 4 avdelingar og saman 68 plassar: to storbarnsavdelingar og to småbarnsavdelingar. Barnehagen har ope frå klokka 07.00 til 16.30. Dei tilsette oppgjev at dei har god kapasitet når det gjeld fysisk plass.

Representantar frå barnehagen opplever at barnehagen har ei sentral og praktisk plassering for mange foreldre, sidan det gjer det enklare å kombinere levering med reiseveg til arbeid. De løfter frem området som godt, med nærleik til flere gapahukar, gymsal, bibliotek, turveg, stad, skog og fjell. Videre har barnehagen tett samarbeid med sjukeheim, helsestasjon og kyrkja som og er lokalisert nært barnehagen.

Dei tilsette opplever barnehagen som populær, og viser til ein venteliste med barn. I tillegg bur det mange familiar med utanlandsk bakgrunn i nærleiken, og fleire av dei har ikkje bil. Dette gjer det ekstra viktig at barnehagen er lett tilgjengeleg til fots. Barnehagen opplev å ha eit rikt mangfald i barnegruppa, med barn frå 13 ulike nasjonale bakgrunnar per i dag, noko som krev ekstra merksemd og tilrettelegging frå dei tilsette for å sikre eit godt og inkluderande læringsmiljø for alle.

Barnehagen erfarer ikkje å ha utfordringar med bemanning, og har for tida fem pedagogar. Videre har dei også tilgang på pedagogar som ynskjer jobb i barnehagen. Dei har til og med vore overbemanna med pedagogar ei stund. Dei tilsette er motiverte for å ta vidare utdanning for å styrkje eiga kompetanse. Barnehagen har tre fagarbeidarar, og tre til er i gang med relevant utdanning. Det opplev god tilgang på vikarar, i tillegg finst det personar som ønskjer å jobbe i barnehagen så snart det blir ledige stillingar. Barnehagen har tilsette med fleispråkleg bakgrunn, som bidreg til å støtte barna i språkutviklinga og skape eit meir inkluderande

miljø. Vidare blir det trekt fram at arbeidsmiljøet i barnehagen opplevast som svært godt.

Representantar frå barnehagen peikar på eit godt samarbeid med andre tenester, særleg med skulane, PPT, barnevernet og helsestasjon. Dei meiner dette gjer ein god struktur for ein mjuk overgang til Larsnes oppvekstsenter, med jamlege møte mellom borna som skal begynne på skulen og skulen sjølv. Det er òg stort fokus på arbeid med barna før ein eventuelt tek kontakt med PPT, med mål om å førebyggje moglege vanskar.

Samtidig opplever dei tilsette at det kan vere utfordrande å få nok tid til alle oppgåver innanfor arbeidsdagen. Krava til dei tilsette er høge, medan tidsrammene dei har til råd, er dei same som før. Det er eit ønske om noko meir fleksibilitet i tidsbruken, mellom anna for å kunne bruke meir tid på fagleg utvikling i det daglege arbeidet. Når det gjeld budsjettet, melder leiinga at dei i stor grad driv effektivt og tett opp mot dei økonomiske rammene, utan særleg rom for ytterlegare innsparing.

Frå representantar for barnehagen har vi forstått at barnehagen framleis har stort engasjement frå foreldra, og mykje er gjort på dugnad. Barnehagen hadde eit godt samarbeid med kommunen då ho var privat. Barnehagen får òg støtte frå private sponsorar. Dei har mellom anna fått hjelp til språkstimulerande materiell for barn som lærer norsk. Barnehagen sitt uteområde blir nytta til ulike aktivitetar og engasjement, også utanom barnehagen si opningstid.

3.1.1 Haugelia barnehage

Frå intervju med representantar frå Haugelia barnehage framkommer barnehagen som populær med ei lang venteliste. Samtidig arbeider dei tilsette innanfor eit stramt budsjett, kor midlane av og tel ikkje strekk tel.

Slik det er no har ikkje barnehagen kapasitet til å ta inn fleire barn grunna manglande areal og avgrensa midlar. Formelt sett er barnehagen tilstrekkeleg bemanna, men det kan variere. Det

kan vidare bli utfordrande dersom det er barn som krev ekstra ressursar eller nokon er sjukemeldte, da det er vanskeleg å finne vikarar i slike tilfelle.

Dei tilsette opplever at arbeidet med barna i periodar kan vere krevjande, i tillegg til at barna tilbringar mykje tid i barnehagen. Dei tydeleggjer at den planlagde arbeidstida for pedagogane har halde seg lik, medan krava til dokumentasjonsarbeidet aukar. Dersom arbeidspresset fører til at tilsette må jobbe overtid, presiserer dei at det igjen vil medføre ekstra kostnader for kommunen, noko som kan påverke både budsjett og ressursbruk.

Dei tilsette opplever at det er lite fleksibilitet når det gjeld personell mellom avdelingane i barnehagen, noko som skuldast at det berre er to avdelingar. Slik vi forstår det, tek styraren i barnehagen på seg eit ekstra ansvar i krevjande situasjonar. Dei ynskjer at det var fleire tilsette, gjerne litt over normtalet, då dette kunne redusere behovet for å nytte vikarar og samtidig føre til færre sjukemeldingar blant personalet. Tilsette opplever òg eit press som følgje av stor arbeidsmengde knytt til administrative oppgåver

Barnehagen sine representantar meiner at Gursken skule er det mest naturlege alternativet for skulestart, grunna nærleiken. Samarbeidet med skulen er effektivt. Barnehagen har jamlege møte med rektor, og barna vitjar skulen før dei startar der som elevar. Barnehagen har òg eit godt samarbeid med nabobarnehagen Gjerdsvika.

Arbeidsmiljøet i barnehagen vert omtala som støttande og inkluderande. Representantar frå barnehagen peikar på eit godt fagleg samarbeid med PPT, barnevern og andre tenester. Samstundes kan ein vere merksam på at ulike lokale perspektiv og relasjonar i ei lita kommune kan påverke dynamikken i samarbeidet.

Bygningen er i god stand, og ei ny avdeling er bygd. Uteområdet til barnehagen blir òg nytta utanom barnehagen si opningstid. Frå dokumenta om den tekniske tilstanden til bygningane som kommunen har gitt oss, ser vi at den generelle tilstanden til barnehagen er tilfredsstillande. Barnehage sjølv seier at på tross av at barnehagen ikkje er optimal på alle områder, mellom anna frå mangel på lyddemping på enkelte rom, er den heller ikkje til hinder for deira drift.

3.1.2 Gjerdsvika barnehage

Gjerdsvika barnehage er ein to-avdelingsbarnehage med ei avdeling for store barn og ei for småbarn. Den er godkjend for 27 plassar. Ifølgje representantar frå barnehagen er det ein

etterspurnad etter barnehageplassar, og dei ser føre seg ei mogleg utviding. Det finst eit innvendig areal som, med nokre tilpassingar, kan gi plass til 15 til 18 ytterlegare barn. Barnehagen har òg potensial for å utvide uteområdet dersom det blir behov for det. Sidan kommunen no er under ROBEK-ordninga, er spørsmålet om investeringar i utviding av barnehagen sett på vent.

Barnehagen har ope frå klokka 07.00 til 16.30.

Like ved barnehagen ligg ein gymsal som blir brukt av barnehagen på dagtid og av idrettslaget på kveldstid. Barnehagegruppene har faste dagar i gymsalen, noko som bidreg til at dei kan dele gruppene på ein litt betre måte i tillegg til å legge til rette for fysisk utfalding. Dei har også oppdatert leikeapparat på uteområdet. Uteområdet vert brukt til ulike aktivitetar også utanom barnehagetida.

Representantane frå barnehagen gjev ei positiv vurdering av arbeidsmiljøet. Barnehagen har tre pedagogar, ein fagarbeidar, ein lærling og ein som har lyst til å bli fagarbeidar. Dei har òg to vikarar, noko som har bidrege til ei betre situasjon enn tidlegare. Dei tilsette opplever at dei har nok pedagogar, med eit bemanningsnivå som ligg litt over normen per no, samtidig som det vil oppstå mangel på pedagogar dersom ein pedagog sluttar. Dei seier at det gjerne er behov for eit årsverk til i grunnbemanninga, særleg for å arbeide godt på systemnivå. Det blir også peika på at det kan vere viktig å styrkje attraktiviteten til arbeid innan barnehagesektoren generelt.

Dei tilsette opplever eit godt samarbeidet med dei føresette. Det lokale samfunnet viser stor støtte til barnehagen, også personar utan eigne barn i barnehagen. Deltakinga er høg, og mange bidreg aktivt gjennom dugnadsarbeid.

Tilsette i barnehagen seier at dei reknar med at foreldra i Gjerdsvika vil føretrekke Gursken over Larsnes fordi han ligg nærare. Dei har eit tett samarbeid med skulen, med mål om å leggje til rette for ein god overgang frå barnehage til skule. Barna får mellom anna besøke skulen for å bli kjende med rutinar, også knytte til transport.

Det blir òg trekt fram eit tett og verdifullt samarbeid med PPT, det er lett å kome i kontakt med dei, og at ein får rask hjelp. Dei bidreg mellom anna også til eit godt fagmiljø og fagutvikling for personalet i barnehagane.

3.1.3 Kvamsøya barnehage

Kvamsøya barnehage har ope frå 07.15 til 16.30, noko som er tilpassa båtruta - Liv. Barna får tilbod om mat, foreldra betaler matpengar. Kvamsøya

helselag sponsar frukt og grønnsaker til barna i barnehagen. Dette har dei gjort i fleire år.

Barnehagen har tilstrekkeleg areal for det talet på barn som går der i dag. Dersom barnetalet aukar, vil arealet ikkje vere tilstrekkeleg. Tilstanden på bygningsmassen innvendig er ikkje tilfredsstillande, og det har ikkje vore oppgraderingar sidan barnehagen blei bygd. Det er behov for fornying og oppgradering på dei fleste områda-inne og ute . Eininga opplever sjølv at dei ikkje blir prioritert, spesielt ikkje i den noverande situasjonen kommunen står i. Uteområdet er aktivt i bruk også utanom opningstidene til skulen og barnehagen.

Bemanninga vert vurdert som tilstrekkeleg, sjølv om barnehagen har fått dispensasjon frå kravet om pedagogisk leiar. Det er pedagogisk leiar og to assistentar som jobbar i barnehage no. Det er ei vedvarande utfordring å rekruttere kvalifisert personell til barnehagen, då det for tida er få som tek utdanning som barnehagelærar. Den pedagogiske leiaren bur lokalt, noko som er ein stor fordel. På grunn av ferjerutene og båtrutene er det vanskeleg å møte opp til opningstid, og difor er det i praksis nausynt at tilsette bur i nærleiken.

Representantane i frå barnehagen peikar på eit godt samarbeid mellom barnehagen og skulen. Dei har ein fast skuledag der barnehagebarna får besøk av skulebarna og læraren til skulebarna. Barnehagen har eit godt samarbeid med ei lokal bedrift som sponsar barnehagen, og foreldra bidreg mykje gjennom dugnad og dei er aktive støttespelarar. Dei opplever også eit godt samarbeid med helsestasjonen og kommunale tenester. Etter at barnevernstenesta vart interkommunal, har det vore noko vanskelegare å få kontakt, og dei opplever at tilgjengelegheita ikkje er like god som før.

Enkelte elevar som i dag går på Kvamsøya oppvekstsenter, men som bur på Sandsøya/Voksa , nyttar SFO- tilbod i Sandsøya barnehage.

Under samtaler kjem det fram at barnehagen verker å ha ein sentral plass i lokalsamfunnet.

3.1.4 Sandsøya barnehage

Sandsøya barnehage har pr i dag 2 barn-tre plassar, i tillegg til at det skal kome eit barn i januar 2026. Det vil seie fem plassar frå januar 2026. I løpet av hausten 2026 vil barn nr 4 starte i barnehagen på Sandsøya (sju plassar) Det innvendige og utvendige arealet er tilstrekkeleg for å dekke talet på barn i eininga, i tillegg verker dette å vere i god stand. Dei har og tilgang på meir plass som i dag ikkje vert nytta av barnehagen.

Sandsøya barnehage har tre tilsette i stillingar på 100 , 25 og 15 prosent. Ifølgje dei tilsette er bemanningssituasjonen stabil, og fråværet er svært lågt, sjølv om dei har utfordringar med å rekruttere faglært kompetanse. Den eine stillinga er delt fordi ein person ikkje kan vere saman med barna til ei kvar tid. Bemanningsnorma blir følgd, men ved fråvær kan det oppstå manglar. I barnehagen er det òg viktig at dei tilsette bur lokalt, og ikkje kjem med ferje, fordi det elles kan vere vanskeleg å halde den oppsette turnusen. Dei tilsette verker å trivst godt i eininga.

Dei tilsette opplever at barnehagen er svært sentral for å oppretthalde busetting på Sandsøya/Voksa, og dei understrekar at ei nedlegging kan ha store negative verknader for barnefamiliar på øya. Dei meiner også at det er utfordrande å skulle frakte små barn i barnehagealder frå Sandsøya til Kvamsøya med ferja, mellom anna då det til tider utfordrande vêrforhold. Det trekkast frem som ein betydeleg negativ konsekvens for barna og deira føresette dersom dei ikkje lenger får eit tilbod på Sandsøya.

Dei tilsette poengterer også at det er utfordrande om ikkje umogeleg at foreldra skal levere barna sine i Kvamsøya barnehage og etterpå reise på jobb andre stadar i kommunen/andre kommunar (eventuelt reise tilbake til Sandsøya /Voksa på jobb). Ferjetidene er ikkje tilpassa dette. Foreldra kjem til Kvamsøya klokka 08:30 ,leverer barna i barnehage , må vente på neste ferje som går frå Kvamsøya klokka 10:30. Ved henting av barna på ettermiddagen er det også nesten umogeleg på

Tabell 3-2: Utvalde nøkkeltal for barnehagane i kommunen (per 15. desember 2024)

	Hauemarkja barnehage	Haugelia barnehage	Gjerdsvika barnehage	Kvamsøya barnehage	Sandsøya barnehage
Godkjent tal på barn	76	40	22		
Tal på barn under 3 år	15	8	8	2	1
Tal på barn over 3 år	35	24	12	4	2
Oppholdsareal per barn (kvm)	6,7	7,3	6,4	11,7	26,7

Kjelde: (Udir, 2025)

grunn av ferjetidene. Mykje venting- vanskeleg for foreldra å vere i jobb.

Oppsummering og systematisering av informasjonen er presentert i Tabell 3-2.

3.2 Skuletilbodet

Skuletilbodet i Sande kommune består av tre kommunale skular: Larsnes oppvekstsenter, som er ein rein barneskule, og Gursken oppvekstsenter og Kvamsøya oppvekstsenter, som er barne- og ungdomsskular. Det finst ingen private skular i kommunen.

Tal frå GSI synar at det for skuleåret 2024/2025 var 231 elevar i kommunen. Av desse gjekk 156 på barneskulen. Oppdaterte data rapportert frå kommunen viser at talet på elever for inneverande

år er 226, kor det framleis er 156 elevar på barneskulen. Tal for elevtalet på skulane, både no og i ei tidsperspektiv, er vist i Tabell 3-3, Figur 3-3 og Figur 3-4.

Alle skulane er PALS-skular og jobbar for eit trygt og støttande læringsmiljø med vekt på ansvar, respekt og omsorg (Sande kommune, 2018). Sande kommune har forplikta dei tilsette til å arbeide målretta med BTI/ BTS (betre tverrfagleg samhandling). BTS er ein digital modell for samarbeid som skal sikre tidleg, heilskapleg og koordinert innsats for gravide, barn, unge og familiar.

Status og utfordringar med bemanning


I kommunen sine årlege rapportar om oppvekstsektoren er det skissert eit behov for fleire tilsette

Tabell 3-3: Historisk elevtal i skulane


		Gursken oppvekstsektoren	Larsnes oppvekstsektoren	Kvamsøya oppvekstsektoren
2020-21	1.-4. årstrinn	30	41	13
	5.-7. årstrinn	22	43	6
	8.-10. årstrinn	57	0	15
2021-22	1.-4. årstrinn	31	33	13
	5.-7. årstrinn	20	39	8
	8.-10. årstrinn	61	0	9
2022-23	1.-4. årstrinn	37	30	11
	5.-7. årstrinn	27	38	7
	8.-10. årstrinn	62	0	10
2023-24	1.-4. årstrinn	43	31	7
	5.-7. årstrinn	32	39	10
	8.-10. årstrinn	68	0	5
2024-25	1.-4. årstrinn	47	33	5
	5.-7. årstrinn	27	33	10
	8.-10. årstrinn	67	0	8
2025-26	1.-4. årstrinn	50	38	6
	5.-7. årstrinn	23	27	12
	8.-10. årstrinn	64	0	6

Kjelde: GSI

Figur 3-3: Utvikling i elevtalet ved kvar skule siste fem år




Figur 3-4: Elevtal i kommunen skuleåret 2025/2026



Kjelde: GSI. Tal for 2025-26 er innrapportert frå Sande kommune november 2025


Figur 3-5: Kor nøgd er du med skulen du går på? Prosent i Sande kommune og nasjonalt

Barneskule



Kjelde: (Ungdata.no, 2024)

Ungdomsskule



Kjelde: (Ungdata.no, 2024)

(Sande kommune, 2024). Slik situasjonen er no, er det få ressursar som er tilgjengelege for tilfeldige oppdrag, noko som fører til stort press på dei tilsette som må dekkje kvarandre, anten gjennom samanslåing av klasser/grupper eller overtid. Mange leiarar må sjølv trå til som vikarar, noko som går ut over kapasiteten til utvikling og oppfølging av tilsette. Leiarar rapporterer også om utfordringar med å oppfylle fastsette krav til bemanning. Med bakgrunn i dette, skisserer dei at det ikkje er ønska ei reduksjon i bemanninga (Sande kommune, 2024).

Videre viser tal henta i frå GSI at skulene i Sande i var godt dekkka av fagkompetanse skuleåret 24/25 (sjå Tabell 3-4 og Tabell 3-5). Skulene oppfyller krav frå opplæringslova om kompetanse for tilsetting og krav for undervising i enkelte fag, med unntak av ein ressurs.

Staten legg føringar for kompetanse-utvikling gjennom to ordningar, den eine er kompetansetiltak i tilskotsordninga med vidare-utdanning og den andre er lokal kompetanse-utvikling i partnerskap med Høgskulen i Volda. Fleire tilsette har fått tilført kompetanse gjennom ordninga. I den lokale kompetanseutviklinga har satsinga vore språk i barnehagen og lesing i grunnskulen, eit arbeid som er gjennomført saman med to nabokommunar.

Tilstandsvurdering av skulebygg

Når det gjelder tilstanden på bygningane, har vi fått innrapportert data for 2021 utarbeide av arbeids-gruppa for skulestruktur i Sande kommune. Rapporten viser tilstand med tilhøyrande for kvart skulebygg.

Rapporten synar at barneskulane på Larsnes og i Gursken er av nyare standard og har eit meir avgrensa behov for oppgradering, medan Kvamsøya oppvekstsenter og ungdomsskulen i Gursken er eldre og har eit betydeleg vedlikehaldsetterslepp (Arbeidsgruppa for skulestruktur, 2021). Arbeidsgruppa meiner at det,

uavhengig av om ein vel å endre skulestrukturen eller ikkje, er eit behov for ein auking i ressursbruk for å sikre gode og trygge læringsmiljø for elevane. Dei meiner at, for å kunne prioritere rett og møte framtidige behov, må kommunen ta eit tydeleg vegval for vidare utvikling av skulestrukturen. Det samla investeringsbehovet er estimert til om lag 40 millionar kroner (Arbeidsgruppa for skulestruktur, 2021).

I 2024 har det blitt gjennomført fleire tiltak for å betre det fysiske skulemiljøet i kommunen. På Kvamsøya oppvekstsenter har uteområdet blitt oppgradert med nye klatrestativ og nytt asfaltdekke. I tillegg har toaletta ved Gursken oppvekstsenter blitt renovert (Sande kommune, 2024).

Vi legg til grunn at det estimerte investerings-behovet ikkje har blitt redusert, sidan tiltaka som er gjennomførte, har vore av eit snevert omfang. Tvert imot antar vi at behovet har auka dei siste fire åra på grunn av naturleg slitasje på bygningsmassen.

Elevprestasjonar og trivsel

Ifølgje representantar frå administrasjonen har trivselen i skulane vorte dårlegare over tid. Mellom anna kan dette skuldast den fysiske tilstanden til bygga. Skulebygga er gamle, uteområda lite eigna, innklimaet dårleg, og det er særleg utfordringar knytte til vinterhalvåret.

Tal frå Ungdata (2024) visar at elevar ved ungdomsskulen i Sande særleg er meir misnøgd med deira skule, samanlikna med resten av Noreg. For barneskulen kan en sjå nok av dei same tendensane, samstundes som delen som ikkje er nøgd i det heile teke, er avgrensa til 9 prosent. For ungdomsskuleelevane er delen som er svært misnøgd, på 30 prosent (sjå Figur 3-5).

Som en del av innhenting av informasjon, har elevråd og ungdomsråd sendt inn deira betraktningar kring miljø, trivsel og bygg. Disse nyttes inn i vurderingane seinare i rapporten.

Overordna tyder innspel på at dei aller fleste elevane i kommunen trivst på skulen i dag og i lag med medelevar. Det er noko variasjon i kor godt læringsmiljøet oppfattast, også med noko individuell variasjon på same skule.

Vidare oppgjer dei behov for mindre og større oppdatering av bygg og/eller uteareal for alle tre skulene. Enkelte opplev mellom anna dårleg inneklima og enkelte manglar i uteareal. Ungdomsrådet fremmer at det er viktig at kommunens skulebygg oppgraderast til ein standard som legg til rette for eit godt læringsmiljø. I tillegg ynskjer dei meir elevmedverknad.

Det verker også å vere ein etterspørsel etter større variasjon i aktivitetstilbod, samt fleire turar og sosiale aktivitetar.

3.2.1 Gursken oppvekstsenter

Gursken oppvekstsenter ligg i Gurskebotn i Sande kommune, og er den største skulen i elevtal og i areal. Skulen har elevar frå Gjerdsвика og Gursken.

Skulen har om lag 3 290 m² bruttoareal utanom kroppsøvingsareala. Det tilsvara om lag 23 m² per elev. Delen som 1-7. klasse nyttar er frå om lag år 2000. «Gamledelen» som vert nytta til ungdomsskulen og personalavdeling m.m. er frå 70-talet. Der er vedlikehaldsetterslepet stort.

Skulen har ti klasserom, seks på barnetrinnet og fire på ungdomstrinnet. Seks av klasseromma ligg nær grupperom. Fem av dei seks klasseromma på barnetrinnet har dessutan dør direkte inn til mediateket på 126 m². Ved behov for eit sjuande klasserom er det naturleg å ta i bruk SFO-basen,

som også ligg ved mediateket. Det blir stilt spørsmål om ein del av mediateket kan bli den nye SFO-basen.

Ungdomsskulebygga har fire klasserom, gruppert parvis. Det er tre grupperom. Dette skal kunne gi plass til fire klassar med mellom 21 og 27 elevar. Dette er tilstrekkeleg. I ungdomsskulebygga er det svært få garderober og toalett, men det er eitt nytt toalett der.

Skulen sine undervisningsmetodar definerer behovet for bruk av spesialrom. Med ein trend mot meir praktisk tilnærming til faga kan behovet for spesialrom auke. Vi bereknar at skulen, med éi parallell, kan ha behov for eitt naturfagrom i tillegg til dei spesialromma skulen allereie har.

Gursken skule nyttar fire kontor. Ytterlegare to kan vere tilgjengelege, eventuelt brukast som arbeidsplassar for lærarar. Skulane har til saman om lag 27 lærarårsverk. Inntrykket er at det er avsett tilstrekkeleg plass til kontorarbeidsplassar.

Lærarnorma føreset 15 elevar per lærar i ordinær undervisning for 1.-4. trinn. Tradisjonelle delingsreglar tilseier å dele dei 47 elevane inn i tre klassar. Tredje og fjerde trinn hadde 22 elevar. Skulen har brukt 3,67 årsverk. Reint formelt kunne skulen klart seg med om lag 2,9 årsverk til ordinær undervisning, som også var lik lærarnorma. Med to trinn i den eine klassen har ein valt å bruke om lag 0,8 årsverk til deling.

Lærarnorma føreset 20 elevar per lærar i ordinær undervisning for 5.-7. trinn. Tradisjonelle delingsreglar tilseier to klassar. Femte og sjette

Tabell 3-4: Tal på lærare som oppfyll og ikkje oppfyll krav for tilsetting etter opplæringslova, skuleåret 24/25

	Tal på lærere som oppfyllar krav for tilsetting		Tal på lærere som ikkje oppfyllar krav for tilsetting	
	1.-7 trinn	8.-10 trinn	1.-7 trinn	8.-10 trinn
Gurksen oppvekstsenter	9	9	0	0
Larsnes oppvekstsenter	10	-	1	-
Kvamsøya oppvekstsenter	4	3	0	0


Kjelde: GSI

Tabell 3-5: Lærere som oppfyll kompetansekrav i fag dei underviser i etter opplæringslova, skuleåret 24/25

	1.-7. klasse (30 poeng)			8.-10. klasse (60 poeng)		
	Norsk	Matematikk	Engelsk	Norsk	Matematikk	Engelsk
Gurksen oppvekstsenter	6 / 6	4/4	3/3	6/6	3/3	3/3
Larsnes oppvekstsenter	6/6	6/6	3/3	-	-	-
Kvamsøya oppvekstsenter	4/4	3/3	3/3	1/1	2/2	1/1

Kjelde: GSI. Inkludera berre undervisningspersonell som oppfyll krav for tilsetting.

Figur 3-6: Årsverk til undervisning ved Gursken oppvekstsenter (i prosent)



Kjelde: Telemarksforsking

trinn ville hatt 17 elevar, og sjuande trinn ville hatt 10 elevar. Skulen har brukt 3,01 årsverk. Reint formelt kunne skulen klart seg med om lag 2,2 årsverk til ordinær undervisning. Lærarnorma er på om lag 1,4 årsverk. Med to trinn i den eine klassen har ein valt å bruke om lag 0,8 årsverk til deling.

Lærarnorma føreset 20 elevar per lærar i ordinær undervisning for 8.–10. trinn. Tradisjonelle delingsreglar tilseier tre klassar. Skulen har brukt 5,04 årsverk. Reint formelt kunne skulen klart seg med om lag 4,0 årsverk til ordinær undervisning. Lærarnorma er på om lag 4,2 årsverk. Ein har valt å bruke om lag 1,0 årsverk til deling, det vil seie 0,8 årsverk over lærarnorma. Dette er forholdsvis lite, men skulen bruker relativt store ressursar til tilrettelagt opplæring på ungdomstrinnet.

Erfaring frå tilsette

Tilsette ved Gursken oppvekstsenter peikar på nokre utfordringar knytte til deira areal. Innandørsarealet opplevast ikkje som tilstrekkeleg dersom talet på barn aukar, særleg på barnetrinnet. Dei opplev òg mangel på grupperom, noko som gjer det vanskeleg å organisere aktivitetane på ein god måte. Skulen har fått eit nytt rom for mat og helse. Rommet som er sett av til naturfag, har ikkje plass til heile elevgruppa samtidig, og difor må klassa delast under undervisninga. Det er heller ikkje eigne rom for samtalar med elevar. Desse blir på barneskulen ofte gjennomførte i biblioteket, noko som ikkje opplevast som komfortabelt eller trygt for elevane, peikar representantar frå skula på.

Vidare meiner dei at gymsalen ikkje er særleg stor, noko som avgrensar moglegheitene for fysisk aktivitet innandørs. Gymsalen har eit visst slitasjenivå, sjølv om det har vore gjort enkelte oppgraderingar. Alt av gardarbar og slikt er om lag

slik det var bygd på 70-talet. Det er framleis behov for vidare fornying for å møte dagens standardar og behov.

Ein del av bygget som er eldre og treng omfattande investeringar for å tilfredsstille dagens krav og standardar. Det er særleg behov for nye vindauge, oppgradering av ventilasjonsanlegget og betre lydisolasjon for å sikre eit godt læringsmiljø. For elevane på ungdomstrinnet er uteområdet noko avgrensa, lite variert og i stor grad dekkja av asfalt. Dei har ein basketballane tilgjengeleg, som skal dekke behovet til om lag 60 elevar. Området opplevast som lite innbydande og ikkje som tilstrekkeleg for å leggje til rette for variert fysisk aktivitet. Utover dette har skulen ei stor kunstgrasbane som elevane nyttar heile året. Elevane har også moglegheit til å vere i gymsalen i nokre pausar.

Skulen har SFO-tilbod om morgonen frå 07.15-08.25 og etter skuletid frå 13.15-16.15. På barnetrinnet finst det berre eitt grupperom, som òg blir brukt av SFO. Difor må det vaskast og klargjerast før SFO tek det i bruk. I skulebygget held også kulturskulen til. Kontoret til kulturskulerektoren ligg der, og enkelte rom blir nytta til oppbevaring.

Tilsette peikar på at skulen har eit stramt budsjett, og at det i enkelte tilfelle kan vere utfordrande å få midlar til nødvendige ressursar i undervisninga. Dette kan i nokre situasjonar påverke lærings-situasjonen for elevane.

Situasjonen med tilsette er stabil, og tilsette peikar at det ikkje er store utfordringar med rekruttering. Det finst nokre utfordringar, men desse er samanliknbare med dei ein ser i andre kommunar. På barneskulen har elevtalet auka, noko som har ført til fleire tilsette. Samla sett opplev dei tilsette eit godt fagmiljø, noko som legg til rette for personleg og profesjonell utvikling. Trivselen blant tilsette er god.

Dei tilsette trekk òg fram eit godt samarbeid med andre skular, spesielt Larsnes skule, og uttrykkjer eit ynskje om meir tid til å utveksle fagfaringar, både internt og med andre skular. For å få til dette, ønskjer dei at det vert etablert faste rutinar og avsett tid til samarbeid.

Om lag 70–80 % av elevane nyttar skuleskyss. Elevane som kjem frå Gjerdsвика, har den lengste skulevegen – mellom 6 og 11 km. Ifølgje lærarane er det nokre utfordringar knytte til logistikken for ungdomstrinnet, ettersom elevane må vente lenge på bussen, opptil ein halv time, medan han hentar elevar frå andre område.

Videre peiker representantar frå skulen på at samarbeidet med PPT er av god kvalitet, men at det kan vere utfordrande nokon gonger da miljøet i kommunen er lite.

Skulen sine representantar framhevar at det finst ein sterk identitet knytt til bygda. Mange kjenner ei djup tilknytning til nærmiljøet, særleg til barneskulen og det fellesskapet som er utvikla der. Skulen fungerer som ein sentral møteplass i bygda, ettersom mykje er samla på eitt stad, og det er få alternative arenaer for aktivitet og samvær. De uttrykkjer òg eit ynskje og eit behov for ein langsiktig plan for utvikling av sektoren, slik at både lærarar, føresette og elevar har føreseielege rammer. Ein slik plan vil bidra til at lærarane kan planleggje undervisninga, at føresette kan tilpasse kvardagen og arbeidssituasjonen sin, og at elevane blir godt førebudde på eventuelle endringar.

3.2.2 Larsnes oppvekstsenter

Larsnes skule har 1 372 m² bruttoareal utanom kroppsøvingsareala. Dette blir om lag 21 m² per elev. Vi finn fem klasserom, der fire ligg nær grupperom. Skulen hadde fleire klasserom tidlegare, men nokre av dei er tekne i bruk til andre føremål. Ved ei seksdeling vil truleg skulebiblioteket igjen kunne brukast som klasserom. Skulen har sløydrom, skulekjøken/tekstilrom og gymnastikksal, men manglar naturfagrom og musikkrom.

Skulen har eit arbeidsrom for lærarane på 67,8 m². Det kan gi plass til 11 lærarar. Dette er tilstrekkeleg med dagens organisering.

Lærarnorma føreset 15 elevar per lærar i ordinær undervisning for 1.–4. trinn. Vanlege delingsreglar tilseier to klassar. Med utgangspunkt i dette, vil første og andre trinn hatt 20 elevar, og tredje og fjerde trinn ville hatt 13 elevar. Skulen har brukt 2,66

årsverk. Reint formelt kunne skulen klart seg med om lag 1,9 årsverk til ordinær undervisning. Lærarnorma var på om lag 2,0 årsverk. Med to trinn i kvar klasse har ein valt å bruke om lag 0,7 årsverk til deling.

Lærarnorma føreset 20 elevar per lærar i ordinær undervisning for 5.–7. trinn. Tradisjonelle delingsreglar tilseier to klassar. Femte og sjette trinn ville hatt 22 elevar, og sjuande trinn ville hatt 11 elevar. Med vanleg klassedeling ville ikkje skulen klart seg med lærarnorma. Skulen har brukt 3,51 årsverk. Reint formelt kunne skulen klart seg med om lag 2,2 årsverk, medan lærarnorma tilsa om lag 1,7 årsverk. Med to trinn i den eine klassen har ein valt å bruke 1,3 årsverk til deling. Dette gir moglegheit til å ha éin klasse for kvart trinn.

Erfaring frå tilsette

Larsnes oppvekstsenter er ein barneskule (1-7 skule) som vart bygd på 90-talet, og ligg i gangavstand til Larsnes sentrum. Skulen er skuleåret 2025/2026 fådelt, der elevane i 1., 2., 3., 4. og 7. klasse går åleine. 5. og 6. klasse er i lag i nesten alle timar, bortsett frå i heimkunnskap, då er klassa delt. Skulen har i dag 65 elevar. Berre 3 av desse har krav på skuleskyss, noko som viser at dei aller fleste bur i gangavstand til skulen.


Ifølge tilsette, kan skulen drivast som ein fulldelt skule dersom elevtalet aukar, og det er kapasitet til om lag 90 elevar. Skulen har eit SFO-tilbod som 32 elevar nyttar det inneverande skuleåret.

Det er begynt å dukke opp ein del vedlikehaldsutfordringar ved Larsnes skule. Videre er det, i tilknytning til skulen, ein relativt ny fleirbrukshall og eit grendehus. Skulen har tilgang til alle fasilitetar, slik som ein stor hall, friluftsområde og ferje, noko som gjer deira tilbodet svært godt. Skulen løfter frem deira uteområdet som særskilt godt, og poengterer at det legger til rette for utandørs leik og aktivitet, både for skule og SFO. Dei nyttar i stor grad uteområdet og nærmiljøet til undervisning, og når i følge dei, store delar av bygda utan å nytte bil. Denne hausten vert det også bygd ein fotballhall rett i nærleiken av skulen.

Skulen opplever å ha eit godt samarbeid med kulturskulen, då fleire av elevane får undervisning i lokala til skulen, anten rett etter skule eller på ettermiddag.

Dei tilsette påpeiker at i kommunen har det vore intern rotasjon av personale, og sjølv alle krav til fagkompetanse på skulen er oppfylte, så kunne skulen ha vore endå betre rusta dersom den kommunale økonomien tillèt det. Det er vanskeleg å finne vikarar, særleg for små skuler.

Figur 3-7: Årsverk til undervisning ved Larsnes skule (i prosent)



Kjelde: Telemarksforskning

Tilsette ved skulen peikar på at PPT har eit sterkt fokus på tverrfagleg innsats og er lett tilgjengeleg. Samtidig framhevar dei behovet for fleire spesialpedagogar for å sikre tidleg innsats. Tilsette meiner òg at ei endå sterkare satsing på dei yngste klassane ville vore meir kostnadseffektiv for kommunen enn å løyse problema på eit seinare og dyrare tidspunkt. Dei opplever at kontaktlærarar har svært mykje dokumentasjonsarbeid i møte med instansane i laget rundt eleven, og at fleire spesialpedagogar ville redusert denne belastninga. Ifølgje dei er det endå meir krevjande å få hjelp frå spesialisthelsetenesta, då stadig meir skal løysast lokalt i kommunane.

Dei tilsette opplev at skulen har stor betydning for området, og blir brukt som ein viktig møteplass for heile lokalsamfunnet. Like ved ligg eit stort byggjefelt, noko som bidreg til høg aktivitet i området og eit levande nærmiljø. Skulebygget og uteområdet er mykje brukt utanom skuletid, blant anna til fotball og andre fritidsaktivitetar. Her ligg skulen vegg i vegg med både samfunnshus og samlingshus, og gymsalen blir òg nytta til kroppsoving og ulike arrangement. Det er hyppig aktivitet, der skulen fungerer som eit sentralt samlingspunkt i bygda..

3.2.3 Kvamsøya oppvekstsenter

Kvamsøya har om lag 1 378 m² bruttoareal utanom kroppsovingsareala. Skulen har fire klasserom, der to ligg nær grupperom. Skulen har eit skulekjøken kombinert med naturfagrom, eit formingsverkstad, eit tekstilrom kombinert med musikkrom, og ein gymnastikksal.

Vanlege delingsreglar tilseier éin klasse med 5 elevar på 1.–4. trinn. Reint formelt kunne skulen klart seg med 0,96 lærårsverk ved å ha éin lærar i alle undervisningstimane. Skulen har brukt 1,27 årsverk. Dette gir om lag 0,3 årsverk til deling. Lærarnorma er lite tilpassa små skular. Kvamsøya hadde om lag 0,9 årsverk utover lærarnorma for 1.–4. trinn.

Det blir også éin klasse med 10 elevar på 5.–7. trinn. Reint formelt kunne skulen klart seg med 1,09 lærårsverk ved å ha éin lærar i alle undervisningstimane. Skulen har brukt 1,62 årsverk. Dette er om lag 1,1 årsverk utover lærarnorma, og gir om lag 0,5 årsverk til deling.

Tilsvarende blir det éin klasse med 8 elevar på 8.–10. trinn. Reint formelt kunne skulen klart seg med 1,35 lærårsverk ved å ha éin lærar i alle undervisningstimane. Skulen har brukt 1,74 årsverk. Dette er om lag 1,2 årsverk utover lærarnorma og gir om lag 0,4 årsverk til deling.

Skulen ser ut til å ha tilstrekkeleg med klasserom, spesialrom og plass til dei tilsette.

Andre erfaringar frå tilsette

Kvamsøya skule er ein del av Kvamsøya oppvekstsenter som i dag består av skule og barnehage. Skulen er ein 1.-10. skule. Frå august 2020 vart Sandsøya skule slått saman med Kvamsøya skule, og elevane frå Voksa og Sandsøya går ved Kvamsøya oppvekstsenter. Sidan då har talet på elevar ved skulen gått litt ned. Likevel har ein eit stabilt elevgrunnlag - mellom 18-24 elevar

Drifta ved skulen og skuletida er knytt til ferjeruta, og ifølgje tilsette for skulen er dei til tider avgrensa i høve til å kunne delta på enkelte kulturelle arrangement. Born frå Sandsøya/Voksa nyttar skuleskyss, og dei blir følgde av ein lærar- trygg og god følgeordning

Kvamsøya skule er frå 70-talet og er nærskulen for Kvamsøya og Sandsøya/Voksa. Det er gjort lite fornying på bygga og vedlikehaldsbehovet er stort både på skule og gymsal. Skulen er dimensjonert for ei større elevgruppe. Bygningen er gamal, og tilsette føler at dei ikkje blir prioritert når det gjeld investeringar. Skulen har om lag 1 378 m² bruttoareal utanom kroppsovingsareala, med fire klasserom, der to ligg nær grupperom. Skulen har eit skulekjøken kombinert med naturfagrom, eit formingsverkstad -tekstil og sløyd, eit klasserom kombinert med musikkrom, og ein gymnastikksal.

Skulen har gode lokale til aktivitetar, som opplevast som svært viktige for dei. Ventilasjon og isolasjon treng forbetring, og kjøkkenet er også gammalt. Dei får hjelp frå lokalsamfunnet til å litt målingsarbeid og litt småvedlikehald

Tilsette ved skulen peikar på at personalsituasjonen er svært stabil, ein har ikkje hatt problem med fagutdanna lærarar dei siste ti åra, og har hatt god tilgang på vikarar. Lærarane har erfaring med undervisning på tvers av fleire samanslåtte trinn. Det er òg etterspurnad etter lærarstillingar ved skulen blant lokale lærarar. Samtidig uttrykkjer dei uro for at dersom ein del elevar forsvinn, til dømes på ungdomssteget, vil fagmiljøet bli vesentleg mindre, noko som kan gjere det vanskelegare å utvikle seg fagleg vidare. Tilsette ved skulen peikar også på god samarbeid med PPT.

Representantar for skulen peikar på at elevane har gode læringsresultat, og at talet på klager er svært lågt. Trivselen blant elevane er òg god. Enkelte born frå Sandsøya/Voksa nyttar SFO på Sandsøya - som er lokalisert i Sandsøya barnehage. Det har ikkje vore søknadar til SFO frå foreldre til elevane på Kvamsøya. Dersom vi får inn søknadar vil desse

elevane få tilbod om SFO som då er lokalisert til Kvamsøya barnehage

Ifølgje tilsette ved skulen held dei seg innanfor det tildelte budsjettet. Dei opplever sjølv å ha ein god økonomistyring og finn løysingar som gjer det mogleg å drive skulen innanfor dei økonomiske rammene kommunen har. Elevane har tilgang til digitale verktøy og teknologi som ein del av læringsmiljøet. Det lokale idrettslaget har spona ein del utstyr i gymsalen, og Kvamsøya helselag finansierer fruktordning for elevane.

Videre opplever dei tilsette at skulen har stor betydning for øya, ikkje berre som undervisningsstad, men som eit viktig samlingspunkt for lokalsamfunnet. Skulen er ein naturleg møteplass, også for dei som ikkje har barn i skulen, og verker å bidra til å skape tilhøyrslø og fellesskap. Lokalbefolkninga støttar skulen sterkt og stiller opp i dugnadsarbeid. Uteområdet til skulen blir brukt aktivt, både i skuletida og på fritida.

Tilsette ved skulen gir uttrykk for uro knytt til framtida for skuletilbodet. Dei legg vekt på kor viktig det er med føreseielegheit i skulekvardagen.

I vurderinga av framtidig struktur i skulesektoren meiner dei det er viktig å sikre god og effektiv logistikk. Eit godt tilrettelagt transporttilbod kan bidra til at endringar blir betre mottatt og opplevd som meir handterlege for både elevar og foreldre. Samtidig tydeleggjer dei at eventuelle endringar bør planleggjast godt i forkant.

3.3 Skulefritidsordning (SFO)

SFO blir tilbode ved fleire stader i kommunen: på Kvamsøya, Larsnes og Gursken skule, og det finst òg eit SFO-tilbod hos Sandsøya barnehage. SFO har tilbod på morgonen, med unntak av Sandsøya

barnehage, og er ope på alle lokasjonar etter skuletid. Det finst òg eit sommartilbod ved SFO.

Oversikt over talet på barn i SFO og Utdanningsnivå blant tilsette i SFO-ordninga kjem fram i Figur 3-8 og Figur 3-9. Barn som går på same skule, brukar vanlegvis også SFO der. Det er berre born frå Kvamsøya som brukar SFO på Sandsøya, då nokre av elevane bur der.

Frå 1. august 2025 får elevar frå 1. til 3. klasse inntil 12 timar gratis kjernetid per veke. Ansvarlege tilsette seier at etter at SFO vart gratis, har etterspurnaden etter tilbodet auka.


3.4 Kulturskulen

Sande kulturskule tilbyr opplæring på instrument eller kunsthag og har meistringsglede og positiv sjølvutvikling som hovudmål (Sande kommune, 2025).

Tilsette ved kulturskulen opplever eit godt samarbeid og ein god dialog med grunnskulane. Sidan dei av og til nyttar dei same lokala, kan det oppstå tidsmessige overlapp. Difor er det viktig med god koordinering, planlegging og tett dialog mellom partane. De meiner at kulturskulen har tilstrekkeleg plass til dagens aktivitetar, og dei fleste gruppene består av maksimalt 3–4 elevar. Unntaket er dansetilboda, der gruppene gjerne er noko større. Skulen har ledig kapasitet på gruppetilboda (dans og videoproduksjon), kjerneprogrammet er fullt, og ventelistene er ikkje lange. Arealmessig har dei nok rom til å ta imot elevar som ønskjer plass no. . Tal på plassar i skulen, saman med tal på elevar, har minka dei siste ti åra (sjå Figur 3-10).

Samtidig peikar dei tilsette i kulturskolen på at budsjettet er stramt, og at det er lite rom for å investere i nytt utstyr eller utvikle nye tilbod. Avgrensa areal og ressursar gjer det vanskeleg å

Figur 3-8: Utvikling i talet på elevar som nyttar SFO



Kjelde: GSI

Figur 3-9: Utdanningsnivå blant tilsette i SFO-ordninga (i årsverk)



Kjelde: GSI

utvikle nye tilbud, sjølv om det finst både behov og etterspørsel. Eit sterkt ynskje frå dei tilsette er å få tilpassa større lokale (td redusert akustikk), slik at dei kan tilby meir variert undervisning og større grupper der det er formålstenleg. Dei peikar òg på at det kunne vore stor interesse for meir gruppeundervisning, dersom økonomien tillét det. Men då må ein ha rammer til å tilsette personale med relevant kompetanse.

Samhandlinga med frivillig sektoren er svært god, og det same gjeld samhandlinga med skulekorpset. Skulen har også eit eige tilbud retta mot femåringar som går i barnehage (pBuzz). I 2024 inngjekk Sande kommune ein samarbeids-avtale med Møre og Romsdal fylke om eit tilskot til Ung Kunst og Kultur, som har bidratt til å styrke ungdomskulturen gjennom mellom anna tilbud i dans og videoproduksjon, knytt til kulturskulen. Det er uvisst kva som skjer med tilboda dersom støtta frå fylket fell bort.

I enkelte fag kjøper kommunen tenester i nærliggande kommunar slik som fiolinundervisning og visuell kunst. Kommunen har ikkje tilsett lærarar i desse faga, då det er relativt få elevar som går på desse faga. Likevel er det fint at dei elevane som ønsker denne undervisninga, har høve til å delta i annan kommune. For tida er det tre elevar frå Sande kommune som får undervisning i fiolin og ein elev på kunst, gjennom denne ordninga. Tilsette uttrykkjer uro for at eventuelle ytterlegare kutt vil få direkte konsekvensar for barna. Dei meiner at redusert ressursbruk vil svekke kvaliteten på undervisninga, og at det vil gå utover både breidda og djupna i tilbudet.

Tilsette ved kulturskulen seier at det ikkje er avgjerande for dei kvar skulen fysisk er lokalisert, men dei meiner det er svært viktig at han ligg samlokalisert med ein evt felles framtidig grunnskule og SFO. Dette meiner dei vil redusere risikoen for at etterspurnaden etter

kulturskuletilbodet går ned. Born frå alle bygdene på fastlandsdelen av Sande nyttar seg av kulturskuletilbodet. Når det gjeld etterspurnad frå meir avsidesliggande område, som til dømes Kvamsøy og Sandsøy, opplever dei at interessa er relativt låg per i dag. Samstundes peikar dei på at dersom etterspurnaden aukar, kan ein vurdere moglegheitene for å utvide tilbudet.

Kulturskulen opplever seg som ein relevant og ønska samarbeidspart i oppvekstsektoren i Sande. Dei opplever også at føresette har eit stort ønske og forventning om at borna i Sandeskulen får kulturskuletilbod i SFO-tid.

3.5 Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)


I Sande er PPT organisert som eiga kommunal teneste etter at det var interkommunalt i mange år. PPT følgjer mandatet i lovverket og støttar barnehagar og skular i det førebyggjande arbeidet, for å gi eit inkluderande tilbud til barn og unge som kan ha behov for tilrettelegging. Eiga kommunal teneste styrkar moglegheitene til å støtte arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling i eit samfunn med store endringar.

Ifølgje dei tilsette har PPT etablert rutinar som gjer at skular og barnehagar tek kontakt med tenesta tidleg i prosessen. I Sande kommune har det vore ein medviten haldning til at PPT skal ha kort responstid og vere lett tilgjengeleg fordi det er vanskeleg ha tilstrekkeleg spesialpedagogisk kompetanse på små einingar. Etter uttale frå PPT gjer tett samarbeid det mogleg å førebyggje for å dempe og redusere at utfordringar eskalerer til meir ressurskrevjande situasjonar.

PPT har i dag tre tilsette med følgjande fagleg bakgrunn: ein med master i yrkesretta spesialpedagogikk, ein med master i erfaringsbasert pedagogisk psykologisk rådgjeving, og ein tek master i tilpassa opplæring. Ifølgje dei tilsette bør talet på medarbeidarar i tenesta ikkje vere lågare enn tre. Ved å vere færre vil der bli for sårbart og vanskeleg å rekruttere nye ved behov.


Samfunnsoppdraget til PPT gjer det nødvendig med målretta oppdatering. Tenesta har fokus på å følgje med på ny forskning innan fagfeltet, for å forstå dei endra behova og utfordringane barn og foreldre står i dag. PPT peikar på at det er behov for kontinuerleg fagleg utvikling og det er ein føresetnad for effektivt arbeid. Dette vert ivarettatt gjennom samarbeid med høgskulen, Statped, NUBU og det profesjonelle fellesskapet internt ved hjelp av støtteressursar på nett.

Figur 3-10: Utvikling i talet på plassar i kulturskulen og elevar som nyttar tilbod



Kjelde: (SSB, 2025)

Figur 3-11: Utlån i folkebibliotek etter type bøker



Kjelde: (SSB, 2025)

Samla sett er PPT fleksible og som tenesta sjølve meiner er det ein suksessfaktor og ein verdi. PPT har ansvar for PALS, er sterkt involvert i BTS arbeidet og driv systematisk foreldrerettleiing. Ved etterspurnad i organisasjonen har PPT høve til å medverke og bidra for å skape tilfredsstillande tenester for barn og unge i kommunen.

Når det gjeld mogleg økonomisk gevinst på feltet, peikar dei tilsette på at visse strukturelle tilpassingar kan gi meir effektiv ressursbruk. Til dømes kan større einingar i barnehage og skule bidra til eit sterkare fagmiljø og leggje betre til rette for samla innsats rundt barn med særlege behov. Dette kan ha positive verknader både for kvaliteten i tenestene og for ressursbruken over tid.

3.6 Flyktningtenesta

Flyktningtenesta vart lagt til sektoren i 2023 og har ansvar for oppfølging av flyktningar og asylsøkjjarar som kjem til Sande, mellom anna når det gjeld busetjing. Tenester knytt til norskopplæring og introduksjonsprogram vart kjøpte frå Herøy kommune.

Frå tilsette vert det meldt at det finst etablerte og effektive rutinar for busetting av born i barnehage- og skulealder, som vert oppfatta som vellykka. Bruken av eit samordna skjema ved busetting legg til rette for tett samarbeid med andre tenester og kommunar, noko som sikrar god informasjonsflyt og koordinering. Fokus er sett på å oppretthalde ein god dialog.

Tidlegare hadde kommunen ein russisk talande med russisk som morsmål, men denne stillinga vart redusert som eit ledd i økonomiske innstrammingar, noko som har ført til auka belastning på Flyktningtenesta.

Utfordringar oppstår for skulen når dei får elevar med behov for eigen assistent til tilrettelegging. Vanlegvis får dei ikkje informasjon om dette før barnet kjem til skulen. Desse barna treng skuleassistent, og kommunen kan søke om ekstra

tilskot frå IMDi for å dekke ein del av dei nødvendige kostnadane. Når det gjeld kompetanse, kan det vere krevjande, men skulen finn løysingar der det er mogleg. Eleven får den hjelpa han eller ho treng.

No er det berre éin elev på skulen som har behov for eigen assistent. Ein annan elev som hadde tilsvarende behov, har flytta til ein annan kommune. Likevel er dette ein stor utfordring for skulen, fordi det er få ressursar til tilrettelegging frå skulen. Flyktningtenesta har òg lite tid til oppfølging. Særleg no når det ikkje lenger er miljøarbeidar, og dei i større grad må bruke tolketenester på telefon.

Tilsette peikar på at det er behov for meir norskopplæring for elevar som er flyktningar i ungdomsskulen. Dei ser at elevane som starta i vidaregåande skule denne hausten, hadde behov for tolk i møte med flyktningkonsulent.

Skulehelse tenesta bør bli meir tilgjengeleg for flyktning barn og ungdom. Med bruk av tolk vil det bli lettare for dei å kontakte denne tenesta og be om hjelp.

3.7 Biblioteket

Biblioteket er plassert i leigde lokale som kommunen disponerer i lag med legekantoret. Ifølgje ein tilsett ved biblioteket, er plasseringa svært føremålstenleg, sidan det ligg synleg til og i nærleiken av butikkar og annan sentrumsaktivitet.

Biblioteket er ope måndag til torsdag. Litt under halvparten av innbyggjarane i kommunen nyttar biblioteket, noko som stort sett samsvarar med landssnittet. Dei som brukar biblioteket, gjer det jamleg og ofte. Figur 3-11 syner at utlånet av bøker i folkebiblioteket har hatt ulik utvikling over tid. Trass i ein overordna nedgang, ser ein noko auke dei siste fem åra, særleg knytt til barnebøker. Dette er ikkje eit uttømmmande mål på biblioteket si verksemd, men det kan likevel seie noko om biblioteket si popularitet blant brukarane.

Biblioteksleiaren arbeider i 80 % stilling. Det er ikkje tilsett vikar, men av og til kjem det personar frå NAV gjennom arbeidsretta tiltak.

Leiaren ved biblioteket peikar på at eit eventuelt flytte truleg vil påverke besøket negativt i starten, då brukarane må venje seg til at biblioteket ligg på ein ny stad. Han meiner dessutan at ei flytting neppe vil føre til auka bruk på sikt, sidan det aktuelle lokalet ligg meir avsides og har mindre areal tilgjengeleg.

Driftsbudsjettet til biblioteket er avgrensa, og utgjer under ein million kroner i året – dette inkluderer både lønsmidlar og husleige for dagens lokale.

Leiaren meiner òg at det er mogleg å redusere kostnadene knytt til transporttenesta for bøker, som i dag blir utført to gongar i veka. Ny avtale skal etter planen inngåast hausten 2025, og det kan då vere aktuelt å gå over til levering ein gong i veka.

Ei slik endring vil kunne gi kommunen ei innsparing på om lag 50 000 kroner årleg, utan at det vil ha nemnande negativ innverknad på brukarane av tenesta.

4. Erfaring frå dei føresette i kommunen

Som ein del av innhenting av informasjon i prosjektet, vart det sendt ut ei undersøking til dei føresette ved barnehagar og skular i Sande. I dette kapitelet presenterer vi resultatane frå undersøkinga.

4.1 Respondentar i undersøkinga

Undersøkinga blei distribuert i samarbeid med Sande kommune, slik at føresette ved kvar skule og barnehage i kommunen fekk moglegheit til å kome med innspel og svare ut våre spørsmål om tilbodet på oppvekstsektoren i kommunen.

Slik undersøkinga vart utforma, er det ikkje mogleg å kontrollere om enkelte føresette er tilhøyrande den skulen eller barnehagen dei svarar for. Vidare er det heller ikkje mogleg å kontrollere om kvar respondent berre har svart éin gong, eller om respondenten har eit barn ved ei av einingane.

I Figur 4-1 og Figur 4-2 presenterer vi fordelinga av respondentane frå undersøkinga. I Figur 4-1 og Figur 4-2 presenterer vi fordelinga av respondentane frå undersøkinga.

For enkelte einingar er talet på respondentar som oppgjer at dei har barn ved eininga, høgare enn talet på barn ved skulen eller barnehagen (sjå Tabell 4-1). Dette er gjeldande for respondentar som oppgjer at dei har barn ved Larsnes skule, Haugelia barnehage, Gjerdsвика barnehage og Kvamsøya barnehage. Det kan vere fleire årsaker til dette, mellom anna at eit barn kan vere knytt til fleire

hushald, og at føresette frå begge desse har svart på undersøkinga. I våre vurderingar tek vi omsyn til dette forholdet, og ser det som eit uttrykk for høg engasjement og deltaking blant føresette ved dei aktuelle einingane.

Tabell 4-1: Tal på respondentar og barn/ungdom i Sande


	Tal på barn eller ungdom i eininga	Tal på føresette som har svart ut undersøking
Gursken oppvekstsenter	137	104
Larsnes oppvekstsenter	65	85
Kvamsøya oppvekstsenter	24	12
Gjerdsвика barnehage	20	30
Hauemarkja barnehage	50	47
Haugelia barnehage	32	57
Kvamsøya barnehage	6	9
Sandsøya barnehage	3	2

Kjelde: spørjeundersøking til føresette ved barnehagane i Sande kommune.

Sjølv om talet på respondentar ved dei andre einingane er lågare enn talet på barn ved eininga, utelet det ikkje moglegheita for at enkelte føresette kan ha svart på undersøkinga fleire gongar, eller at nokre har svart utan å ha tilknytning til skulen dei har oppgitt at dei har barn ved.


I det vidare presenterer vi resultatane frå undersøkinga sendt til føresette ved barnehage- og skuleeininger i Sande. Resultatane blir i hovudsak presenterte på eit overordna nivå, samla for alle

Figur 4-1: Prosentvis svarfordeling, føresette skule



Kjelde: spørjeundersøking til føresette ved barnehagane i Sande kommune. N= 145, eksklusiv respondent som ikkje ønsket å oppgje tilknytning.

Figur 4-2: Prosentvis svarfordeling, føresette skule



Kjelde: spørjeundersøking til føresette ved skulane i Sande kommune. N= 201.

einingane. Ved enkelte høve viser vi til skilnader mellom einingane.

4.2 Føresette si oppfatning av noverande barnehagetilbod

Som ein del av undersøkinga vart dei føresette ved barnehagane spurde om kor nøgde dei er med ulike sider ved det gjeldande barnehagetilbodet (sjå Figur 4-3).

I all hovudsak oppgjer majoriteten av dei føresette at dei er nøgde med dagens tilbod, både når det kjem til samarbeid med barnehagen, oppfølging av barna, kompetansen til dei tilsette, miljøet som barnet har i barnehagen, reiseveg og opningstider. Det er svært få som oppgjer at dei er litt misnøgd eller misnøgd med det noverande tilbodet.

Ved spørsmål om kor nøgde dei føresette er med kvaliteten på fasilitetane i barnehagane, er det noko meir variasjon i svara (sjå Figur 4-4). Om lag halvparten av dei føresette er nøgde med dagens inneareal, medan 21 prosent er litt nøgde. På den andre sida er 14 prosent misnøgd med innearealet.

Vidare er ein noko større del av dei føresette er litt nøgde eller nøgde med tilgangen på leiker og anna


materiell (76 prosent), samt utearealet. 3 prosent er misnøgd med kvaliteten på tilgangen til leiker og anna materiell, medan 9 prosent er misnøgd med utearealet.

I fritekstsvar etterlyser fleire føresette frå **Gjerdsvika barnehage** meir plass og oppgradering av den noverande bygningsmassen. Enkelte ønskjer framleis å ruste opp det tidlegare skulebygget, slik at barnehagen får ta i bruk lokala.

Føresette frå **Hauemarkja barnehage** verkar i sine fritekstsvar å vere godt nøgde med barnehagen sin lokasjon. Fleire presiserer at dei særleg er nøgde med korleis dei tilsette nyttar nærmiljøet og dei moglegheitene det gir. Samstundes etterlyser enkelte nye leikeapparat til uteområdet og noko meir plass innandørs, medan det varierer om dei føresette er kritiske til eller ønskjer sommarstengt barnehage.


I fritekstsvar frå føresette med barn i **Haugelia barnehage** framgår i hovudsak at dei er nøgde med tilbodet dei får, kor fleire framhevar at dei er nøgde med dei tilsette, både med kompetansen og dialogen dei har med heimen. Enkelte etterspør noko meir plass, samt meir fleksibilitet ved avvikling av sommarferien.

Figur 4-3: Kor nøgd er føresette med følgjande ved det noverande barnehagetilbodet



Kjelde: spørjeundersøking til føresette ved barnehagane i Sande kommune.

Figur 4-4: Kor nøgd er føresette med kvaliteten på barnehagen sine fasilitetar



Kjelde: spørjeundersøking til føresette ved barnehagane i Sande kommune.

Føresette frå **Kvamsøya barnehage** etterlyser i sine fritekstsvar ei oppgradering av barnehagen, både ute og inne. Éin presiserer at barnehagen er viktig for å halde på busetjingsglede, medan ein annan presiserer at dei tilsette gjer ein god jobb med det materiellet dei har.

Sandsøya barnehage blir ikkje løfta fram med bakgrunn i personvern. Deira svar vil framleis inngå i analysane.

4.3 Føresette si oppfatning av noverande skole- og SFO-tilbod

På same måte som dei føresette ved barnehagane, verker dei aller fleste føresette å vere nøgd med ulike sider ved det gjeldande skuletilbodet (sjå Figur 4-5). Rundt 80 prosent av dei føresette er nøgd med dei ulike forholda slik som presentert i figuren. Gjennomgåande er det få som oppgjer at dei er misnøgde.

Videre oppgjer majoriteten av respondentane som svarer på spørsmål om SFO-tilbodet, at dei er nøgde med ulike deler av tilbodet (sjå Figur 4-6). Samanlikna med kvalitet på tilbod (81 prosent) og samarbeid mellom SFO og heim (82 prosent), er ein


noko mindre del av dei føresette nøgde med bemanninga i SFO (70 prosent). På trass av dette er majoriteten nøgd eller litt nøgd med alle forholda presentert i figuren.

I fritekstsvar skisserer også fleire føresette frå **Gursken oppvekstsenter** at dei er godt nøgde med det noverande skuletilbodet. Fleire opplever eit tilbod med høg kvalitet, gode lærarar og at barna deira trivst og føler seg trygge. Enkelte seier at dei har lengre reiseveg, medan andre presiserer at dei er glade for å ha det nært. Nokre kunne tenkt seg større klassar. Utover dette skisserer òg ein føresett mellom anna eit behov for tekniske forbetringar, både innandørs og utandørs, samt at det per dags dato er dårlege bussforbindelsar.

Føresette frå **Kvamsøya oppvekstsenter** fremmar noko ulike meiningar. Ein opplever at små klasser gir betre læring, medan ein anna meiner miljøet er for lite. Sistnemnde meiner at, dersom det skal gjerast strukturelle endringar, vil det vere behov for betre skyssalternativ for barna. Fleire føresette er negative til at alle tenester skal sentraliserast til fastlandet, kor ein er tydeleg på at dersom skulen blir nedlagt, vil dei flytte.

Fleire av dei føresette med barn ved **Larsnes oppvekstsenter** oppgjer i sine fritekstsvar at dei er

Figur 4-5: Kor nøgd er føresette med følgjande ved det noverande skuletilbodet



Figur 4-6: Har barnet dykkar plass på SFO? Dersom ja, kor nøgd er de med tilbodet?



Kjelde: spørjeundersøking til føresette ved skulane i Sande kommune. Respondentar som har svart at deira barn ikkje nyttar seg av tilbodet eller at det ikkje ønskjer å oppgje/ ikkje veit, er utelaten frå fordelinga.

godt nøgde med dagens skuletilbod, der dei opplever å møte gode lærarar dei har god dialog med. Andre ser forbedringsmoglegheiter, mellom anna ved oppgradering av leikeapparat og eit ønskje om større klassar. Små klassar blir opplevd som positivt for nokre, medan andre meiner at klassane er for små. Skulen sitt utemiljø blir av fleire trekt fram som særleg positivt, med gode moglegheiter for leik og kreativitet. Kort reiseveg blir òg framheva som positivt.

4.4 Kulturskulen


Slik som presentert i Figur 4-7, tyder resultat frå spørjeundersøkinga på at majoriteten av dei som i dag nyttar seg av kulturskulen, er nøgd med ulike deler av tilbodet. Dette omfattar kvalitet på tilbod (93 prosent), breidda av tilbod (83 prosent), samarbeid med heimen (90 prosent), fysiske lokale (79 prosent) og praktisk tilgjengelegheit (85 prosent). Berre ein mindre del av dei føresette er litt misnøgd eller misnøgd med noverande tilbod. Ein føresett utdjupar følgjande:

«Vi er svært nøgde med at borna våre kan bruke kulturskuletilbodet på nærskulen.[...] Hadde kulturskulen vore plassert ein annan stad, måtte mange barn hatt øvingar seint på ettermiddag eller kveld, noko som ville vore krevjande for både barn, foreldre og tilsette.

Slik det er no, kan barn som går på SFO enkelt gå fram og tilbake til kulturskulen, sidan alt ligg under same tak. Dei eldre borna kan gå heim sjølve etter endt øving. [...]»

Sitat henta frå spørjeundersøking til føresette ved skular i Sande kommune.


Figur 4-7: Nyttar barnet dykkar tilbodet ved kulturskulen? Dersom ja, kor nøgd er de med tilbodet? Føresette ved skular i Sande kommune.




Kjelde: spørjeundersøking til føresette ved skulane i Sande kommune. Respondentar som har svart at deira barn ikkje nyttar seg av tilbodet eller at det ikkje ønskjer å oppgje/ ikkje veit, er utelaten frå fordelinga.

Figur 4-8: Viss det på sikt blir aktuelt å samle kulturskuletilbodet på ein av skulene, vil følgjande vere aktuelt for dykk?

Føresette ved skulene: å nytte tilbodet gitt følgjande plassering?



Føresette ved barnehagane: å nytte tilbodet når barnet er gammal nok gitt følgjande plassering?



Kjelder: Spørjeundersøkingar til føresette ved skular og barnehagar i Sande kommune.

På spørsmålet om det vil vere aktuelt å nytte kulturskuletilbod dersom det samlast ved enten Gursken oppvekstsenter eller Larsnes oppvekstsenter, oppgjer ein vesentleg del av dei føresette ved grunnskulen (48 prosent) og barnehagen (36 prosent) at det vil vere uaktuelt å nytte tilbodet dersom det er ved Larsnes oppvekstsenter (sjå Figur 4-8). På den andre sida oppgjer 25 prosent av dei føresette ved grunnskulen og 19 prosent av føresette ved barnehagen at det er uaktuelt å nytte seg av tilbodet dersom det er ved Gursken oppvekstsenter. Desse fordelingane er truleg påverka av lokale


forhold, og viser til kompleksiteten i strukturvalet Sande står overfor.

4.5 Biblioteket


Vidare spurde vi dei føresette i kommunen om bibliotektenestene som i dag blir tilbydde, og kor nøgde dei ville vore om tilbodet vart flytta.

Føresette til born i skule og barnehage som nyttar biblioteket, verker å vere relativt nøgde med ulike deler av det noverande tilbodet (sjå Figur 4-9). Dei aller fleste oppgjer at dei er litt nøgd eller nøgd

Figur 4-9: Nyttar de dykk av bibliotektenestene? Dersom ja, kor nøgd er de med tilbodet?



Figur 4-10: Viss det på sikt blir aktuelt å flytte biblioteket, kor nøgd vil du vere med følgjande plassering av biblioteket?



Kjelder: Spørjeundersøkingar til føresette ved skuler og barnehagar i Sande kommune.

med plassering til bibliotek, fysisk lokale, sjølve tilbudet på biblioteket og opningstid. Ein liten del av dei føresette er litt misnøgd eller misnøgd.

Når det gjeld moglege endringar i lokasjon av tilbod, er det noko meir variasjon i svara til dei føresette. For alle dei skisserte moglegheitene, oppgjer mellom 28 og 48 prosent av dei føresette (enten i barnehage eller skule) at dei ville vore misnøgd. Størst del av dei føresette er misnøgd med lokalisering ved Larsnes skule. Det inkluderer både føresette ved barnehage og skule. Også her blir truleg resultat påverka av ulikt tal på respondentar knytt til dei ulike områda i kommunen (sjå Figur 4-10).

4.6 Moglege endringar i skulestruktur

Som ein del av undersøkinga vart dei føresette bedne om å svare kor nøgde dei ville ha vore med ulike, fysiske strukturendringar for skuletilbodet (sjå Figur 4-11 og Figur 4-12). Spørsmåla blei gitt både til

føresette med barn i skule og barn i barnehage, da dette er framtidige elever i kommunen.


Alternativa tok utgangspunkt i to ulike strukturar:

- éin felles barne- og ungdomsskule i kommunen
- éin barneskule og éin ungdomsskule (med ulike lokasjonar)

For kvart av spørsmåla svarte dei føresette på kor nøgd eller misnøgd dei ville vore dersom skulen(e) blei plassert ved ulike lokasjonar, slik som skissert i Figur 4-11 og Figur 4-12.


Resultata frå undersøkinga tyder på stor variasjon i oppfatninga til dei føresette i kommunen, noko som òg kjem fram i fritekstsvara. For alle dei skisserte alternativa vil ein betydeleg del nøgde, samstundes som ein betydeleg del også ville vore misnøgd. Det er dermed ingen klar trend i resultatata dersom ein analyserer dei samla for alle føresette.

Figur 4-11: Viss det på sikt blir aktuelt med éin felles barne- og ungdomsskule i kommunen, kor nøgd vil du vere med følgjande plassering av skulen?



Kjelder: Spørjeundersøkingar til føresette ved skuler og barnehagar i Sande kommune.

Figur 4-12: Viss det på sikt blir aktuelt med éin barneskule og éin ungdomsskule (med ulike lokasjonar) i kommunen, kor nøgd vil du vere med følgjande plassering av skulane?



Kjelder: Spørjeundersøkingar til føresette ved skuler og barnehagar i Sande kommune.

I fritekstsvara argumenterer enkelte for deira ønskje om fleire lokalskular, medan andre ser behovet for å samle ressursane i større einingar.

Enkelte bruker mangel på plass ved dagens einingar som eit argument for fleire lokasjonar. Nokre løftar òg fram Kvamsøya og ønskje om å behalde skule der, mellom anna da transport-etappen som vil krevjast ved ein samling av tilbodet.

Andre meiner det er mest hensiktsmessig å samle skuletilbodet til ein enkelt eining, både for å sikre størst økonomisk innsparing, for å samle fagmiljø og for å auke kvalitet i tilbodet. Eit fåtal meiner at lokalisering er mindre viktig. Ein presiserer mellom anna at det er hensiktsmessig å samle skule til ein eining då dei opplever eit behov for ei auke i kvalitet, men at sjølv lokaliseringa er mindre avgjerande. Ein betydeleg del av dei føresette har sterke meiningar om lokasjon.

Fleire av dei føresette meiner det er mest aktuelt eller berre aktuelt med skuletilbod i Larsnes. Dei argumenterer mellom anna med at Larsnes er sentrum og difor burde ha ein skule, samstundes som dei peikar på at nærmiljøet er godt tilrettelagt for aktivitet blant barna. Uteområdet på Larsnes blir trekt fram som særleg positivt for barn i

barneskulealder. Vidare har Larsnes nærleik til ferjeleiet, ein stor hall, lokale bedrifter, rådhus med meir, noko fleire framhevar som viktige argument for å behalde skulen på Larsnes. Det er òg eit fåtal som i dag nyttar buss ved Larsnes skule. Ved å flytte elevane vil det medføre ein auke i talet på dei som må nytte buss kvar dag. Betre solforhald trekkjast også fram som et argument i favør Larsnes.

Motsett meiner fleire at det er mest aktuelt eller berre aktuelt med skuletilbod i Gursken. Dei argumenterer for at Gursken ligg betre til for fleire når det gjeld levering og henting av barn, og at dette er eit meir naturleg knutepunkt i kommunen. Vidare blir moglegheita for utviding av bygget løfta fram som eit argument for å lokalisere skulen i Gursken, saman med eit opplevd stort potensial i nærområdet. Det blir òg vist til Sande kommune si eiga utgreiing frå 2021, med tilhøyrande argumenter for barne- og ungdomsskule på Gursken. Ein peikar også på moglegheita for skyssbåt inn Gurskefjorden.

Den store variasjonen i svara frå undersøkinga underbyggjer vår tidlegare oppfatning om kompleksiteten i problemstillinga, der det er eit stort sprik i meiningane til dei som bur i kommunen.

5. Utviklingsretningar i oppvekstsektoren

For å identifisere potensialet for innsparing i oppvekstsektoren i kommunen har vi gjennomført ein vurdering av strukturelle endringar i sektoren. I tråd med utlysinga frå Sande kommune har vi vurdert moglege strukturelle endringar, både med omsyn til kostnadsreduksjon og kvaliteten på tilbodet.

Som ein del av arbeidet har vi ført gjennomført ein økonomisk analyse av moglege strukturalternativ i skulen, som vi deretter har nytta til å avgrense til to moglege alternativ. Deretter presenterer vi ytterlegare moglege endringar i barnehage og andre deler av kultur- og oppvekstsektoren i Sande. Kommunen er i dag er pålagt å gjennomføre store økonomiske innsparingstiltak da deira plass på ROBEK-lista, som er bakgrunnen for denne framgangsmåten. Ein sentral del av vårt arbeidet er dermed, etter vår tolking, å presentere moglegheita som legg til rette for at kommune endar i ein betre økonomisk posisjon.

Etter dei økonomiske analysane vil vi vurdere korleis dei to strukturalternativa påverkar andre forhold, slik som kvalitet, reisetid og andre lokale forhold. I denne delen vil vi òg vurdere moglege endringar i barnehagetilbodet og i andre delar av oppvekstsektoren. Årsaka til at vi deler inn analysen slik, er å sikre at vi ser heilskapleg på moglegheitene. Til dømes vil vi ved ein slik prosess kunne undersøkje korleis eventuelt frigjorde skulebygg kan nyttast til andre formål.

5.1 Innleiing til vurderingar for skuletilbod

I Sande kommune var det 230 elevar i grunnskulen i 2024/25, noko som legg som grunnlag får våre analyser. Elevane var fordelte på tre skular. Skulane er forholdsvis små. Vanlegvis krev små skular eit større personale og større lokale per elev enn store skular. Dermed blir kostnadene forholdsvis store. Vi vil her vurdere om ein endra struktur med færre skular kan gi moglegheit for innsparingar.

Ei spreidd skulestruktur kjem gjerne av avstandar i kommunen. Slik er det òg i Sande. Avstanden mellom dei to største skulane – Gursken og Larsnes – er om lag 6 km på bilveg. Ein må bruke ferje frå Kvamsøya og Sandsøya for å nå Larsnes eller Gursken. Vi vurderer at dette er for krevjande for

elevar på 1.–7. trinn. For elevar på ungdomstrinnet kan ulempene ved ein lengre skuleveg vere akseptable, og for dei vil fordelane ved å kome i eit større sosialt og fagleg miljø oppveg for ulempene. I det vidare vil alle alternativ innebere ein 1-7 skule på Kvamsøya, som betyr at elevane på ungdomstrinnet ved alle alternativ vil bytte skule til Gursken eller Larsnes.

I vurderingane legg vi hovudvekta på spørsmål knytte til endringar på Gursken og Larsnes. For Kvamsøya vurderer vi problemstillingar knytte til at dei har ein stor, gammal skulebygning med eit stort vedlikehaldsetterslep og ein barnehage som kan trenge nye lokale.

Dei aktuelle alternativa for skulane er som følgjer:

- **Nullalternativ** Dagens skulestruktur med tre skular i Sande: Kvamsøya 1.–10. trinn, Larsnes 1.–7. trinn og Gursken 1.–10. trinn.
- **Alternativ 1.** Éin ungdomsskule ved Gursken skule (inkludert elevar frå Kvamsøya) og to barneskular – éin på Larsnes og éin på Kvamsøya, føreset utviding av bygningskapasiteten på Larsnes.
- **Alternativ 2.** Éin ungdomsskule ved Larsnes skule (inkludert elevar frå Kvamsøya og Gursken) og to barneskular – éin på Gursken og éin på Kvamsøya, føreset utviding av bygningskapasiteten på Larsnes og uteområdet på Gursken.
- **Alternativ 3.** Éin felles barne- og ungdomsskule på Larsnes og éin barneskule på Kvamsøya, føreset utviding av bygningskapasiteten på Larsnes.
- **Alternativ 4.** Éin felles barne- og ungdomsskule på Gursken og éin barneskule på Kvamsøya, føreset både utviding av bygningskapasiteten og uteområdet på Gursken.
- **Alternativ 5.** Éin felles ungdomsskule på Gursken med utviding av uteområdet, medan barnetrinna på Kvamsøya, Larsnes og Gursken held fram utan endringar.
- **Alternativ 6.** Éin felles ungdomsskule på Gursken. Barnetrinn 1.–7. på Gursken, inkludert elevar frå 5.–7. trinn på Larsnes. På Larsnes vert det 1.–4. trinn. Barnetrinnet på Kvamsøya held fram utan endringar.

5.2 Føresetnader

Ved vurderinga av ei mogleg endring av skulestrukturen legg vi nokre føresetnader til grunn.

Elevane skal ha tilhøyrslø i ein klasse. Det vanlege er at elevane i same klasse har eit felles klasserom, og dei bør òg ha tilgang til spesialrom.

Regelen om talet på elevar i ein klasse gjeld ikkje lenger. Det vanlege er likevel framleis å ha maksimalt 28 (30) elevar i ein klasse med elevar på eitt årstrinn på barnetrinnet (ungdomstrinnet). Tilsvarande bør det ikkje vere meir enn 24 elevar i ein klasse med elevar frå to trinn, og ikkje meir enn 18 elevar for ein klasse med tre trinn. I vurderingane tek vi utgangspunkt i denne tradisjonen, dersom ikkje anna er nemnt.

Det finst ingen enkel standard for det samla arealbehovet for grunnskular. Dei store kommunane har arealprogram for nye skulebygg. Norconsult analyserte i 2015 på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet arealnormene for Bergen, Bærum, Oslo, Stavanger og Trondheim. I denne samanhengen er det ei utfordring at normene gjeld for skular med fleire elevar enn i Sande. Likevel kan dei gi ein peikepinn på kva «nettoareal» mindre skular bør ha. I dei store kommunane skal skular med om lag 400–500 elevar ha eit nettoareal på ca. 8 m² per elev. Dette tilsvara i overkant av 11 m² bruttoareal.

Trondheim hadde normer for dei minste skulane: bruttoareal på ca. 13,3 m² per elev i ein barneskule med 350 elevar og 14,8 m² per elev i ein ungdomsskule med 300 elevar. I Sande vil skulane kunne vere om lag halvparten så store. Då vil spesialromma krevje noko meir plass per elev. Det verkar rimeleg å rekne med ca. 14 m² for ein barneskule med 140 elevar og ca. 16 m² for ein ungdomsskule med ca. 75 elevar. For ein kombinert skule med ca. 220 elevar vil eit minimum på 14 m² vere nøkternt anslått. Det tilseier eit areal på ca. 3 000 m².

Bruttoarealet for dei tre skulane i Sande er på ca. 6 000 m² utanom gymsalane. Vi ser at dette er langt større enn behovet dersom elevane blir samla på færre einingar.

Frå 2018 gjeld ein norm for kor mange elevar ein lærar skal ha i ordinær undervisning. Tallet er eit gjennomsnitt for kvart av «hovudtrinna».

Lærarnormen for 1.–4. trinn tek utgangspunkt i 15 elevar per lærar i ordinær undervisning. Når det er fleire enn 15 elevar, har ein ekstra ressursar til styrking av undervisninga i klassane – dvs. delingstimar.

For 5.–7. trinn og for 8.–10. trinn er utgangspunktet i lærarnormen 20 elevar per lærar i ordinær undervisning. Når det er fleire elevar, har ein ressursar (delingstimar) til styrking av undervisninga i klassane. Særleg når det gjeld valfag er det vanskeleg å gi breidde i tilbodet på små skular.

Ei underliggjande føresetnad er at det skal vere éin lærar til stades i alle klassens undervisningstimar. Små skular med små klassar vil derfor ha behov for fleire lærarar enn det lærarnormen føreset.

Opplæringslova § 11.6 seier at elevar har rett til individuelt tilrettelagd opplæring dersom dei treng dette for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Dette kan krevje personalressursar utover dei som blir brukte til ordinær undervisning. I små klassar/ grupper kan stor lærartettleik redusere behovet for tilleggsressursar. I store klassar kan individuell tilrettelegging samordnast for fleire elevar. Vi legg til grunn at endra skulestruktur ikkje endrar behovet for lærarressursar til individuell tilrettelegging.

Ei utfordring i planlegginga er usikkerheita med elevtal. Kommunen hadde ein betydeleg nedgang fram til 2022, men verken tala på førskulebarn, framskrivingar frå Telemarksforsking eller framskrivingar frå SSB tilseier store endringar i talet på elevar i Sande eller store forskyvingar mellom skulekretsane dei næraste åra.

5.2.1 Skulebygg

Den tekniske tilstanden blir ikkje vurdert her. Vi baserer oss på vurderingar i kommunen sin eigen rapport frå 2021 (Arbeidsgruppa for skulestruktur, 2021). Då vart vedlikehaldsetterslepet vurdert slik som presentert i Tabell 5-1.

Tabell 5-1: Beregnet vedlikehaldsetterslep 2021

Skule	Vedlikehaldsetterslep
Gursken barneskule	kr 7 044 000
Gursken ungdomsskule	kr 10 566 000
Larsnes barneskule	kr 6 090 000
Kvamsøya barne- og ungdomsskule	kr 16 130 000
Sum	kr 39 830 000

Kjelde: Sande kommune

Byggekostnadsindeksen har auka med om lag 25 % dei siste fem åra, så ein kan i dag rekne med eit etterslep på om lag 50 millionar kroner.

Tabell 5-2: FDV-kostnader i 2024. Oppgitt i heile tusen kroner.

FDV-kostnader 2024 (1.000 kr)	Sande kommune	Gjennomsnitt fire kommunar
Energi	753	1 241
Vedlikehold	312	1 463
Renhold	1 501	2 144
Drift	5 200	5 984
Sum	7 766	10 832

Kjelde: KOSTRA, tabell 12905.

Tabell 5-3: FDV-kostnader per m² i 2024. Oppgitt i heile tusen kroner.

FDV-kostnader per m²	Sande kommune	Gjennomsnitt fire kommunar
Energi	kr 78	kr 198
Vedlikehald	kr 33	kr 182
Reinhold	kr 156	kr 317
Drift	kr 542	kr 941
Sum	kr 809	kr 1 638

Kjelde: KOSTRA, tabell 12905.

FDV-kostnadene (forvaltning, drift og vedlikehald) for skulelokale vart for 2024 rekna til 7,8 millionar kroner. Fire kommunar ⁴ med om lag like mange elevar hadde i snitt 10,8 millionar kroner i FDV-kostnader. FDV-kostnadene per elev var dermed om lag 30 % lågare i Sande enn i kommunar til samanlikning (sjå Tabell 5-2).

Bruttoarealet for dei tre skulane i Sande er på om lag 6 040 m² utanom gymsalane. Kommunen opplyser 8 064 m², men det er medrekna kroppsøvingsareal.

Dei fire samanlikningskommunane hadde gjennomsnittleg areal på om lag 6 680 m² som grunnlag for utrekninga av FDV-kostnader per m² (sjå Tabell 5-2). I KOSTRA er det rapportert inn eit areal på 9 600 m² som skuleareal for Sande, dvs. om lag 20 % over kommunen sine eigne opplysningar som vi har fått innhenta. Dette tilseier at FDV-kostnadene per m² for Sande var om lag kr 150 høgare enn oppgitt i tabellen under. Tabell 5-3 viser at Sande i gjennomsnitt hadde FDV-kostnader per m² på kr 809 mot kr 1 638 for samanlikningsskulane.

Erfaringstal for energibruk i skulebygg ligg på 150–200 kWh per m² per år. Dette samsvarer godt med

⁴ Smøla, Masfjorden, Gulen og Lærdal hadde gjennomsnittleg ca. 220 elevar.

rapporterte utgifter til energi for dei fire kommunane vi samanliknar med.

For å rekne ut dei økonomiske verknadene ved strukturendringar bør ein leggje ein kvadratmeter-kostnad til grunn. Vi har valt å bruke 1 000 kroner per m² i våre utrekningar.

5.2.2 Skuleskyss

Med utgangspunkt i kva barneskulekrins elevane bur i og elevtala dei tre siste skuleåra, har vi setje opp Tabell 5-4 som viser at det er forholdsvis flest skyssselevar i Gursken barneskulekrins. Dei einaste som pendla ut av krinsen, var ungdomsskuleelevar frå Larsnes.

Dei siste tre åra har Larsnes (barnetrinnet) hatt eit gjennomsnitt på 68 elevar. Av desse hadde 4 elevar skuleskyss, medan 64 elevar ikkje hadde skyss. Det har vore om lag 33 ungdomsskuleelevar frå Larsnes som hadde skyss til Gursken på ungdomstrinnet.

På Gursken var det om lag 71 barneskuleelevar. Av desse hadde ca. 38 skyss, medan ca. 33 elevar ikkje hadde skyss. Det var om lag 32 ungdomsskuleelevar frå Gursken barneskulekrins. Av desse hadde ca. 18 skyss, medan ca. 14 elevar ikkje hadde skyss.

På Kvamsøya var det om lag 17 barneskuleelevar. Av desse hadde ca. 7 skyss, medan ca. 10 elevar ikkje

Tabell 5-4: Fordeling av skyssselevane med dagens skulestruktur

Tilhøyrslse	Innan eiga krets	Ut av krets	Sum skyss	Ikkje skyss	Sum elevar
Larsnes	4	33	37	65	102
Gursken	56	0	56	47	103
Kvamsøya	10	0	10	14	24
Sum	68	33	103	126	229

Kjelde: Udir, GSI. Utrekningar Telemarksforsking

Tabell 5-5: Forventa auke i kostnader til skuleskyss på tvers av alternativa

Alternativ	Skyssselever	Auke	Meirkostnad
1	141	38	kr 350 000
2	155	52	kr 500 000
3	124	21	kr 200 000
4	172	69	kr 650 000
5	108	5	kr 50 000
6	143	40	kr 350 000

Utrekningar Telemarksforsking

hadde skyss. Det var ca. 7 ungdomsskuleelevar. Av desse hadde ca. 3 skyss, medan ca. 4 elevar ikkje hadde skyss.

Skuleskyss har ein kostnad. I følgje FRAM si heimeside ligg heile Sande i same sone med ein billettpris på 24 kroner (FRAM, u.d.; FRAM, u.d.). Det skulle tilseie at det berre er auka tal skyssselevar som medfører auka utgifter for kommunen. Kvar elev har 190 skuledagar. Kostnadene for eit skuleår blir dermed 9 120 kr.

I dei tre siste skuleåra har Sande hatt eit gjennomsnitt på 103 skyssselevar. Tabell 5-5 viser venta auke som følgje av dei fem alternativa, avrunda til næraste 50 000 kr.

5.2.3 Kapasitet i skulebygga

I gjennomgangen av skulebygga legg vi særleg vekt på storleiken på klasseromma og tilgangen til grupperom. Rettleiinga frå Helsedirektoratet seier:

«Klasserom/hovudrom bør vere 2,5 kvadratmeter per elev, med mindre klassen disponerer tilleggsareal i nærleiken av klasserommet/hovudrommet. Areal for tilsette kjem i tillegg til arealnorm per elev, sjå rettleiing frå Arbeidstilsynet. Når ein klasse/elevgruppe disponerer tilleggsareal (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærleiken av klasserommet/hovudrommet, kan klasserommet/hovudrommet planleggjast etter ein arealnorm på minimum 2 kvadratmeter per elev.»

Det blir lagt til grunn 2,5 m² per elev og to lærarar/assistentar ved utrekning av kapasiteten i klasserommet. Der det finst eit grupperom i nærleiken, blir arealet av dette lagt til arealet av klasserommet ved utrekninga av kapasiteten. Kapasiteten blir likevel ikkje sett høgare enn at det er minst 2,0 m² per person når alle er samla i sjølve klasserommet.

Dei færraste klasseromma i skulane i Sande kan ta fulle klassar på 28 eller 30 elevar, og berre om lag halvparten kan ta 24 elevar, som er det tradisjonelle delingstalet med to trinn i klassen. Dette kan gi utfordringar dersom ein skal ta inn fleire elevar i skulen.

Spesialrom

I opplæringslova står det at skulane skal ha tilgang til naudsynt utstyr, inventar og læremiddel. Tradisjonelt blir dette ivareteke gjennom bruk av spesialrom i faga naturfag, kunst og handverk, musikk, mat og helse og kroppsøving. I stor grad har skulane pedagogisk fridom i val av arbeidsmåtar og bruk av hjelpemiddel. Det er stor variasjon i praksis når det gjeld bruk av nærmiljøet utanfor skulen. Tradisjonelt blir utemiljøet mest brukt i

naturfag og kroppsøving. Nokre skular vel òg delvis å bruke klasserommet til undervisning i musikk, kunst og handverk og naturfag. Vi vel å ta utgangspunkt i at hovudvekta av undervisninga i desse faga skjer i spesialrom.

I Vedlegg A har vi lagt inn føresetnader om deling av klassane i mindre grupper i delar av undervisninga, både av praktiske omsyn og for å ivareta tryggleiken. I praksis er det vanskeleg å leggje timeplanen slik at spesialromma blir brukt alle timar i skuleveka. Utnyttingsgraden er sett til 80 % (18 timar per veke). Vi ser at i ein barneskule eller ein ungdomsskule med berre éi klasse på trinnet, kan ein stort sett klare seg med eitt spesialrom for kvart av dei nemnde faga. I ein 1–10-skule kan det vere behov for to spesialrom i kunst og handverk og naturfag. Behovet for spesialrom kan reduserast ved å leggje meir av undervisninga til uteområde eller vanlege klasserom.

5.3 Nullalternativ: dagens tilbud

Alternativ: Dagens skulestruktur med tre skular i Sande: Kvamsøya 1.–10. trinn, Larsnes 1.–7. trinn og Gursken 1.–10. trinn. Sjå tidlegare kapittel for ei detaljert utgreiing av noverande tilbud.

5.4 Alternativ 1

Tiltak: éin ungdomsskule på Gursken skule (med elevar frå Kvamsøya og Gursken saman) og to barneskular – ein på Larsnes og ein på Kvamsøya, føreset utviding av bygningskapasiteten på Larsnes.

6.4.1 Kapasitet ved bygg

Larsnes oppvekstsenter. Dersom elevane på barnetrinnet ved Gursken oppvekstsenter vart overførte til Larsnes oppvekstsenter, ville det i skuleåret 2024/25 vore 140 elevar, fordelt på sju klassar. Ein kan rekne med at samla klasstal på barnetrinnet blir redusert med to.

Det er ikkje plass til sju klassar på Larsnes oppvekstsenter. Det manglar to klasserom, og ein må truleg bruke skulebiblioteket som eit åttande klasserom i periodar. Skulen manglar òg naturfagrom og musikkrom. Det vil truleg òg vere behov for to nye kontor. For å få tilsvarende plass

som barneskulen på Gursken, ville ein trenge om lag 800 m². Skulen har noko ledig kapasitet, så truleg ville 500 m² vere tilstrekkeleg. I tillegg ville ein trenge om lag 300 m² til spesialrom for kunst og handverk, naturfag og musikk. Samla auke i brutto areal ville då bli om lag 800 m².

Gursken oppvekstsenter. Barnetrinnbygget på Gursken vil romme alle ungdomsskuleelevane i kommunen når det gjeld klasserom. Det vil framleis vere behov for spesialrombygget og gymsalen. Det vil òg vere tilstrekkeleg plass til administrasjonen og lærarane. Då kan dei to andre bygga brukast til andre føremål.

5.4.1 Behov for personale

For 1.–4. trinn treng skulen om lag 3,8 årsverk for å ha ein lærar i alle timar. Lærarnormen er på om lag 4,8 årsverk. Sidan lærarnormen er større enn det berekna minstetimetallet, vil denne setje nedre grense for kor mykje ein kan spare ved ei samanslåing (sjå Tabell 5-6). Til saman brukte dei to skulane om lag 6,3 årsverk. Teoretisk innsparingspotensial for ordinær undervisning blir dermed **1,5 årsverk**.

For 5.–7. trinn treng skulen om lag 3,2 årsverk for å ha ein lærar i alle timar. Lærarnormen er på om lag 3,1 årsverk. Sidan det berekna minstetimetallet er større enn lærarnormen, vil dette setje nedre grense for kor mykje ein kan spare ved ei samanslåing. Til saman brukte dei to skulane 6,5 årsverk. Teoretisk innsparingspotensial for ordinær undervisning blir dermed **3,4 årsverk**.

I praksis har skulane vanlegvis eit noko større lærarpersonale enn det dei teoretiske berekningane syner. Vi har sett på ni skular med barnetrinn i Møre og Romsdal med frå 130 til 150 elevar og eit snitt på 141. Larsnes oppvekstsenter og barnetrinnet ved Gursken oppvekstsenter brukte om lag 3,1 årsverk meir til ordinær undervisning enn gjennomsnittet for desse skulane. Det meste av «merforbruket» finn vi på 5.–7. årstrinn. Det kan sjå ut til at om lag eitt årsverk kan sparast inn ved Larsnes oppvekstsenter utan ei samanslåing. Då ligg det att om lag to årsverk som ein truleg gevinst ved ei flytting av barnetrinnet frå Gursken til Larsnes oppvekstsenter. Det same biletet får vi ved å samanlikne tal årsverk utover lærarnormen.

For 8.–10. trinn ville det vore 75 elevar. Med ein lærar i klassen i alle timar, kunne skulen klare seg med om lag 4,0 lærarårsverk til ordinær undervisning. Lærarnormen er på om lag 4,8 årsverk. Sidan lærarnormen er større enn det berekna minstetimetallet, vil denne setje den nedre grensa for kor mykje ein kan spare ved ei samanslåing. Til saman brukte dei to skulane om lag 6,8 årsverk.

Tabell 5-6: Samanlikning av personbruk til ordinær opplæring mot gjennomsnittet for liknande skular

Undervisningsårsverk utover lærarnormen	Snitt for ni skular*	Barnetrinn Gursken og Larsnes skule**
1.-4- trinn	0,7	1,5
5.-7. trinn	1,1	3,4
Sum	1,8	4,9

Kjelder: GSI / Udir. Utarbeidd av Telemarksforsking. * Skular med 130–150 elevar (snitt 141 elevar). **140 elevar

Teoretisk innsparingspotensial for ordinær undervisning blir dermed **2,0 årsverk**.

For å vurdere realismen i moglege innsparingar ved strukturendringar har vi samanlikna med ungdomstrinn i barne- og ungdomsskular av tilsvarande storleik i Møre og Romsdal.

I Møre og Romsdal var det fem barne- og ungdomsskular som hadde omtrent same elevtal, frå 190 til 270 elevar. Gjennomsnittleg elevtal på ungdomstrinnet var 75,4. På 8.–10. trinn bruker Sande-skulane 0,9 færre lærarårsverk til ordinær undervisning. Dei fem skulane brukte gjennomsnittleg 2,9 årsverk utover lærarnormen mot 2,0 for Sandeskulane. Dette tyder på at det ikkje er noko vesentleg å spare på ungdomstrinnet i Sande. Ein samling kan likevel bidra til å førebyggje eit aukande ressursbehov. Samla sett blir det ei reduksjon på to lærarårsverk.

5.4.2 Skuleskyss

I dette alternativet vil barneskuleelevane i Gursken krets bli overførte til Larsnes. Då blir det 38 færre skysseelev i eigen krets, og 71 skysseelev til Larsnes. Åtte ungdomsskuleelev frå Kvamsøya reiser til Gursken og pendlar ut av eigen krets. Det blir tre færre elevar som har skyss i eigen krets. Til saman blir det 38 fleire skysseelev enn med dagens struktur (sjå Tabell 5-7).

Tabell 5-7: Elevar med skyss, alternativ 1

Tilhøyrslse	Innan eiga krets	Ut av krets	Sum skyss	Ikkje skyss	Sum elevar
Larsnes	4	34	38	64	102
Gursken	17	71	88	15	103
Kvamsøya	7	8	15	10	25
Sum	28	113	141	89	230

Kjelder: Udir, GSI. Utrekningar Telemarksforsking

5.5 Alternativ 2

Tiltak: éin ungdomsskule på Larsnes skule (med elevar frå Kvamsøya og Gursken saman) og to barneskular – ein på Gursken og ein på Kvamsøya, føreset utviding av bygningskapasiteten på Larsnes og uteområdet på Gursken.

6.4.1 Kapasitet ved bygg

Dersom elevane ved Larsnes oppvekstsenter vart overført til Gursken oppvekstsenter, ville det i skuleåret 2024/25 ha vore 140 elevar på barnetrinnet, fordelt på sju klassar. Ein kan rekne med at det samla talet på klassar på barnetrinnet blir redusert med to. I tillegg til areala i barnetrinnbygget vil det vere behov for to klasserom i ungdomsskulebygget. Det vil framleis vere behov for spesialrombygget og gymsalen. Resten av ungdomsskulen kan nyttast til andre føremål.

Larsnes oppvekstsenter vil ha tilstrekkeleg med klasserom til ein felles ungdomsskule. Skulen bør også ha nok areal til lærarkontor og to ekstra kontor. Det kan vere vanskeleg å finne plass til både eit formingsrom, eit naturfagrom og eit musikkrom. Dersom ein reknar eit areal på 75 m² per spesialrom og om lag 33 % til andre funksjonar som garderobe, toalett og gangareal, vil det vere behov for ei utviding på om lag 300 m².

5.5.1 Behov for personale

Personalbehovet vil vere som ved alternativ 1. Totalt sett blir det ein reduksjon på to lærarårsverk.

5.5.2 Skuleskyss

I dette alternativet vil barneskuleelevane i Larsnes krins bli overførte til Gursken, medan ungdomsskuleelevane kjem tilbake til Larsnes. Dermed blir det to færre skyss-elevar i eigen krins og 68 skyss-elevar til Gursken. 32 ungdomsskuleelevar frå Gursken reiser til Larsnes

og pendlar ut av eigen krins. Det blir 18 færre elevar som har skyss i eigen krins. Åtte ungdomsskuleelevar frå Kvamsøya reiser til Larsnes og pendlar ut av eigen krins. Det blir tre færre elevar som har skyss i eigen krins. Totalt sett blir det 52 fleire skyss-elevar enn med dagens struktur. Sjå Tabell 5-8.

5.6 Alternativ 3

Tiltak: éin felles barne- og ungdomsskule på Larsnes (alle elevar frå Gursken og ungdomstrinn frå Kvamsøya) og ein barneskule på Kvamsøya, føreset utviding av bygningskapasiteten på Larsnes.

5.6.1 Kapasitet ved bygg: Larsnes oppvekstsenter

Dersom alle elevane, med unntak av barnetrinnet på Kvamsøya, vart overførte til Larsnes oppvekstsenter, ville det skoleåret 2024/25 ha vore 215 elevar fordelt på 10 klassar. Ein kan rekne med at det samla talet på klassar vil bli redusert med to på barnetrinnet og éi på ungdomstrinnet.

Larsnes oppvekstsenter har ikkje kapasitet til å vere ein felles barne- og ungdomsskule.

Vurderingane blir dei same som for alternativ 1 når det gjeld barnetrinnet. I tillegg kjem behova knytt til ungdomstrinnet. Behovet vil vere fire klasserom, to kontor og kontorarbeidsplassar.

Dersom ein reknar eit areal på 75 m² per klasserom/grupperom og ca. 33 % til andre funksjonar som garderobar og toalett, samt 100 m² til personalet, vil det vere behov for ei utviding på 500 m².

5.6.2 Behov for personale

Personalbehovet vil i stor grad vere som i alternativ 1 og 2, men ein får berre to administrasjonar og bør kunne redusere med 0,5 årsverk. Totalt sett blir det ein reduksjon på to lærarårsverk og eit halvt leiarårsverk.

Tabell 5-8: Elevar med skyss, alternativ 2

Tilhøyrslse	Innan eiga krets	Ut av krets	Sum skyss	Ikkje skyss	Sum elevar
Larsnes	2	68	70	32	102
Gursken	38	32	70	33	103
Kvamsøya	7	8	15	10	25
Sum	47	108	155	75	230

Kjelder: Udir, GSI. Utrekningar Telemarksforsking

Tabell 5-9: Elevar med skyss, alternativ 3

Tilhøyrslse	Innan eiga krets	Ut av krets	Sum skyss	Ikkje skyss	Sum elevar
Larsnes	6	0	6	96	102
Gursken	0	103	103	0	103
Kvamsøya	7	8	15	10	25
Sum	13	111	124	106	230

Kjelder: Udir, GSI. Utrekningar Telemarksforsking

5.6.3 Skuleskyss

I dette alternativet vil ungdomsskuleelevane i Larsnes krins kome tilbake til Larsnes. Dermed blir det 33 færre skyssselevar ut av krinsen, men to av desse vil få skyss i eigen krins. Frå Gursken blir det sendt 103 elevar ut av krinsen til Larsnes.

Samstundes fell 56 skyssselevar internt i Gursken krins bort. Åtte ungdomsskuleelevane frå Kvamsøya reiser til Larsnes og pendlar ut av eigen krins. Det blir tre færre elevar med skyss i eigen krins. Totalt sett blir det 21 fleire skyssselevar enn med dagens struktur (Sjå Tabell 5-9).

5.7 Alternativ 4

Tiltak: éin felles barne- og ungdomsskule på Gursken (alle elevar frå Larsnes og ungdomstrinn frå Kvamsøya) og ein barneskule på Kvamsøya, føreset utviding av bygningskapasiteten på Gursken og utviding av utearealet.

5.7.1 Kapasitet ved bygg: Gursken oppvekstsenter

Dersom alle elevane, med unntak av barnetrinnet på Kvamsøya, vart overførte til Gursken oppvekstsenter, ville det i skuleåret 2024/25 ha vore 215 elevar fordelt på 10 klassar. Ein kan rekne med at det samla talet på klassar blir redusert med to på barnetrinnet og éi på ungdomstrinnet.

Gursken oppvekstsenter har ikkje nok plass til ein felles barne- og ungdomsskule. Ungdomstrinnet vil normalt ha tre klassar, men med eit gjennomsnitt på 23 elevar per klasse kan det enkelte år vere behov for fire klasserom. Det har skulen.

På barnetrinnet vil det i snitt vere om lag 20 elevar per klasse. Klasseromma rommar mellom 18 og 24 elevar. Det kan difor enkelte år vere behov for åtte klasserom på grunn av klassesdeling. Skulen har seks klasserom, og kan ta i bruk eit sjuande i SFO-arealet. Det vil då vere behov for eitt ekstra klasserom.

Det er tilstrekkeleg med kontor og arbeidsplassar for lærarar. Dersom ein reknar med eit areal på 75 m² per undervisningsrom og om lag 33 % tillegg til andre funksjonar som garderober og toalett, vil det vere behov for ei utviding på 100 m².

Bygget for ungdomstrinnet bør utvidast med toalett og garderober. For 75 elevar vil eit tillegg på 75 m² kunne vere tilstrekkeleg.

5.7.2 Behov for personale

Personalsituasjonen vil vere som i alternativ 3. Totalt sett inneber dette ein **reduksjon på to lærarårsverk** og eit halvt leiarårsverk.

5.7.3 Skuleskyss

I dette alternativet vil barneskuleelevane i Larsnes krins bli sende til Gursken. Det gir 68 fleire skyssselevar ut av krinsen, men fire færre elevar med skyss i eigen krins.

Åtte ungdomsskuleelevane frå Kvamsøya vil reise til Gursken og pendle ut av eigen krins. Det gir tre færre elevar med skyss i eigen krins.

Totalt sett blir det 69 fleire skyssselevar samanlikna med dagens struktur (sjå Tabell 5-10).

Tabell 5-10: Elevar med skyss, alternativ 4

Tilhørsle	Innan eiga krets	Ut av krets	Sum skyss	Ikkje skyss	Sum elevar
Larsnes	0	102	102	0	102
Gursken	55	0	55	48	103
Kvamsøya	7	8	15	10	25
Sum	62	110	172	58	230

Kjelder: Udir, GSI. Utrekningar Telemarksforsking

5.8 Alternativ 5

Alternativ: Eitt felles ungdomstrinn på Gursken, medan barnetrinna på Kvamsøya, Larsnes og Gursken held fram som i dag.

6.4.1 Kapasitet ved bygg

Skulane har stort sett tilstrekkelege areal, men det manglar naturfagrom og musikkrom på Larsnes. Dersom ein reknar 75 m² per undervisningsrom og om lag 33 % til andre funksjonar som garderober og toalett, vil det vere behov for ei utviding på 200 m². På ungdomstrinnet på Gursken bør det setjast av 75 m² til garderober/toalett.

5.8.1 Personalbehov

Personalsituasjonen blir som i alternativ 0.

5.8.2 Skuleskyss

Den einaste endringa når det gjeld skyss er at åtte ungdomsskuleelevane frå Kvamsøya reiser til Gursken og pendlar ut av eigen krins. Det blir tre

færre elevar som har skyss innanfor eigen krins. Totalt sett blir det fem fleire skyssselevar enn med dagens struktur.

5.9 Alternativ 6

Eitt felles ungdomstrinn på Gursken.

Barnetrinn 1.–7. på Gursken, inkludert elevane på 5.–7. trinn frå Larsnes. På Larsnes vert det 1.–4. trinn. Barnetrinnet på Kvamsøya held fram utan endringar.

5.9.1 Kapasitet ved bygg

Gursken oppvekstsenter

Dersom alle elevane, med unntak av barnetrinnet på Kvamsøya og mellomtrinnet på Larsnes, vart overført til Gursken oppvekstsenter, ville det i skuleåret 2024/25 vore 182 elevar fordelt på 9 klassar. Ein kan rekne med at det samla klassetalet blir redusert med éi klasse på mellomtrinnet og éi på ungdomstrinnet.

Gursken oppvekstsenter har ikkje nok plass til ein felles barne- og ungdomsskule. Ungdomstrinnet vil normalt ha tre klassar, men med eit gjennomsnitt på 23 elevar per klasse kan det enkelte år vere behov for fire klasserom – noko skulen har.

På 1.–4. trinn vil det i snitt vere om lag 12 elevar. Dette gir vanlegvis tre klassar, men enkelte år kan det bli fire. På 5.–7. trinn vil det i snitt vere om lag 20 elevar. Dette gir vanlegvis tre klassar, men kan enkelte år bli fire på grunn av deling.

Klasseromma har kapasitet til mellom 18 og 24 elevar. Skulen har seks klasserom, og kan få eit sjuande ved å bruke SFO-arealet. Det er behov for eitt ekstra klasserom. Det er tilstrekkeleg med kontor og lærarkontor. Dersom ein reknar 75 m² per undervisningsrom og om lag 33 % til andre funksjonar som gardarobor og toalett, vil det vere behov for ei utviding på 100 m².

Bygga for ungdomstrinnet bør utvidast med toalett og gardarobor. For 75 elevar vil 75 m² kunne vere tilstrekkeleg.

Larsnes oppvekstsenter

Skulen vil ha to klassar og meir enn nok plass til desse.

5.9.2 Personalbehov

Larsnes oppvekstsenter

Lærarnorma føreset 15 elevar per lærar i ordinær undervisning for 1.–4. trinn. Vanlege delingsreglar

tilseier to klassar. Første og andre trinn ville hatt 20 elevar, og tredje og fjerde trinn ville hatt 13 elevar. Skulen har brukt 2,66 årsverk. Formelt kunne skulen klart seg med om lag 1,9 årsverk til ordinær undervisning. Lærarnorma var på om lag 2,0 årsverk. Med to trinn i klassane har ein valt å bruke om lag 0,7 årsverk til deling.

Gursken oppvekstsenter

For 1.–4. trinn treng skulen om lag 2,9 årsverk for å ha éin lærar i alle timar. Dette samsvarar med lærarnorma. Skulen har brukt om lag 3,7 årsverk, og hadde dermed 0,8 årsverk til deling.

For 5.–7. trinn treng skulen om lag 3,2 årsverk for å ha éin lærar i alle timar. Lærarnorma er på om lag 3,1 årsverk. Sidan det utrekna minstetimetallet er større enn lærarnorma, set dette den nedre grensa for kor mykje ein kan spare ved ei samanslåing. Til saman brukte dei to skulane 6,5 årsverk. Teoretisk innsparingspotensial for ordinær undervisning blir dermed 3,3 årsverk. Med om lag 0,4 årsverk til delingstimar per klasse, er det rimeleg å rekne med ei innsparing på om lag to årsverk.

For 8.–10. trinn ville det vore 75 elevar. Med éin lærar i klassen i alle timar kunne skulen klart seg med om lag 4,0 lærarårsverk til ordinær undervisning. Lærarnorma er på om lag 4,8 årsverk. Sidan lærarnorma er større enn det utrekna minstetimetallet, set denne grensa for kor mykje ein kan spare ved ei samanslåing. Til saman brukte dei to skulane om lag 6,8 årsverk. Teoretisk innsparingspotensial for ordinær undervisning blir dermed 2,0 årsverk.

For å vurdere realismen i mogleg innsparing ved strukturendringar har vi samanlikna med ungdomstrinn i barne- og ungdomsskular av tilsvarande storleik i Møre og Romsdal.

I Møre og Romsdal var det fem barne- og ungdomsskular med om lag same elevtal, frå 190 til 270 elevar. Gjennomsnittleg elevtal på ungdomstrinnet var 75,4. På 8.–10. trinn brukar skulane i Sande 0,9 færre lærarårsverk til ordinær undervisning. Dei fem skulane brukte i snitt 2,9 årsverk utover lærarnorma, mot 2,0 for skulane i Sande. Dette tilseier at det ikkje er noko vesentleg å spare på ungdomstrinnet i Sande. Ei samling kan likevel bidra til å førebyggje eit auka ressursbehov.

Samla sett blir det ei reduksjon på to lærarårsverk.

5.9.3 Skuleskyss

I dette alternativet vil barneskuleelevane i Larsnes krins bli sende til Gursken. Dermed blir det 68 fleire skyssselevar ut av krinsen, men fire færre vil få skyss innan eigen krins. Åtte ungdomsskuleelevane frå

Tabell 5-11: Elevar med skyss, alternativ 6

Tilhøyrslse	Innan eiga krets	Ut av krets	Sum skyss	Ikkje skyss	Sum skyss
Larsnes	2	69	71	31	102
Gursken	55	0	55	48	103
Kvamsøya	7	8	15	10	25
Sum	64	77	141	89	230

Kilde: Udir. GSI. Beregning Telemarksforsking

Kvamsøya reiser til Gursken og pendlar ut av eigen krins. Det blir tre færre elevar som har skyss innan eigen krins. Samla sett blir det 69 fleire skyssselevar enn med dagens struktur (sjå Tabell 5-11).

5.10 Samla økonomiske verknader

5.10.1 Kostnader til løn

Når det gjeld lønskostnader, har vi rekna med at eit lærarårsverk kostar 800 000 kroner og eit leiarårsverk kostar 1 000 000 kroner.

Felles barneskule for Gursken og Larsnes gir den største reduksjonen i lærarårsverk til ordinær undervisning. Utan strukturendringar har dei tre skulane sett av 4,4 årsverk til delingstimar på barnetrinnet og 1,4 årsverk til delingstimar på ungdomstrinnet. Dette blir til saman om lag 5,8 delingstimar. På grunn av lærarnorma er berre om lag 5,5 av desse årsverka tilgjengelege for kutt. Dei 5,8 delingstimane gir om lag 0,4 årsverk til deling per klasse.

Ved strukturendringar aukar talet på delingstimar til 6,4 årsverk på barnetrinnet (Gursken og Larsnes) og 2,8 på ungdomstrinnet (Gursken og Kvamsøya). Det gir om lag 0,7 årsverk per klasse på barnetrinnet og 0,9 per klasse på ungdomstrinnet. Ved å behalde om lag same tilgang på delingstimar etter strukturendringane kan ein redusere med om lag tre årsverk. Dersom ein går ned til 0,4 årsverk per klasse, vil ein kunne redusere med om lag fire lærarårsverk.

Ved å ha felles skule for barnetrinnet og ungdomstrinnet, anten på Gursken eller Larsnes, kan ein spare eit halvt leiarårsverk.

5.10.2 Skysskostnader

Skuleskyss har ein kostnad. Dei tre siste skuleåra hadde Sande i snitt 103 skyssselevar. For

skysskostnadene har vi rekna med at ein skyssselev kostar det same, uavhengig av reiseavstand.

Tabellen under viser forventna auke som følgje av dei seks alternativa, avrunda til næraste 50 000 kroner.

I tråd med tidlegare skisseringar, vil vi nytte samla berekna økonomiske konsekvensar til å sile ut to tiltak i skulesektoren som vil medføre ein særskilt økonomisk innsparing for Sande kommune.

5.10.3 Bygningsmessige kostnader

FDV-kostnadene er sett til 1 000 kroner per kvadratmeter per år. Utslaget på FDV-kostnadene ved dei ulike alternativa viser betydelege forskjellar. Alternativ 3 og alternativ 4, som har samla barne- og ungdomsskule på ein stad, gir størst reduksjon i FDV-kostnader.

Investeringar kan finansierast ved lån. Vi har føresett at gjennomsnittlege kapitalkostnader vil vere 5 %. Kostnadene per m² er grovt anslått til 40 000 kroner ekskl. mva. Ei endring i behovet for nybygg med ein m² vil då gi ei endring i årlege kapitalkostnader på 2 000 kroner.

Behovet for nybygg er av stor betydning for framtidige utgifter. Éin ekstra kvadratmeter vil auke dei årlege utgiftene med om lag 3 000 kroner når FDV-kostnadene også blir rekna med.

For rehabilitering av dagens bygningsmasse tek vi utgangspunkt i kommunen sine eigne vurderingar frå rapporten utarbeidd i 2021, og aukar med endringar i prisindeksen. Vi har føresett at gjennomsnittlege kapitalkostnader vil vere 5 %. Dette inngår i Tabell 5-12. Utgiftene til nybygg/ny-investering i tilrådde alternativ 4 er spesielt knytta til utvida og ny toalett kapasitet ved ungdomstrinnet og tilpassing til ei ekstra klasse på barnetrinnet. Vi har elles lagt til grunn at bruk av delar av mediateket ved Gursken – saman med dagens SFO-lokale, skal gje plass til alle elevane ved SFO.

Samanstilt oversikt i Tabell 5-13 er meirutgiftene og reduksjonane ved dei ulike alternativa, samanlikna med 0-alternativet. Her er det ikkje gjort endringar i strukturen, men rehabilitering av Gursken og Larsnes er gjennomført. Eventuelle reduksjonar på Kvamsøya ved å sentralisere ungdomstrinnet er ikkje tekne med, sidan flytting av ungdomstrinnet frå Kvamsøya ligg inne i alle alternativa 1–6.

Alternativ 4 gir størst samla reduksjon i årlege utgifter. Dette kjem i hovudsak av at ein med ein felles skule for Gursken og Larsnes får eit mindre.

Tabell 5-12: Oversikt over antatt investeringsbehov. Oppgitt i hele tusen kroner. eks. mva.*

	Utgift renovering	Utgift nybygg	Sum investering
Nullalternativ			
Dagens tilbud	50 090	0	50 090
Alternativ 1*			
Éin ungdomsskule ved Gursken skule og to barneskular – éin på Larsnes og éin på Kvamsøya	43 446	20 500	63 946
Alternativ 2			
Éin ungdomsskule ved Larsnes skule og to barneskular – éin på Gursken og éin på Kvamsøya	44 775	12 300	57 075
Alternativ 3			
Éin felles barne- og ungdomsskule på Larsnes og éin barneskule på Kvamsøya	27 944	63 550	91 494
Alternativ 4			
Éin felles barne- og ungdomsskule på Gursken og éin barneskule på Kvamsøya	42 432	7 175	49 607
Alternativ 5			
Éin felles ungdomsskule på Gursken med utviding av uteområdet, medan barnetrinna på Kvamsøya, Larsnes og Gursken held fram utan endringar	50 090	11 275	61 365
Alternativ 6			
Éin felles ungdomsskule på Gursken. Barnetrinn 1.–7. på Gursken, inkludert elevar frå 5.–7. trinn på Larsnes. På Larsnes vert det 1.–4. trinn. Barnetrinnet på Kvamsøya held fram utan endringar	50 090	7 175	57 265

Berekningar Telemarksforsking

Tabell 5-13: Økonomisk samanlikning av de ulike alternativ. Oppgitt i hele tusen kroner.

	Nullalternativ	Alternativ 1	Alternativ 2	Alternativ 3	Alternativ 4	Alternativ 5	Alternativ 6
	Dagens tilbud	Éin ungdomsskule ved Gursken skule og to barneskular – éin på Larsnes og éin på Kvamsøya	Éin ungdomsskule ved Larsnes skule og to barneskular – éin på Gursken og éin på Kvamsøya	Éin felles barne- og ungdomsskule på Larsnes og éin barneskule på Kvamsøya	Éin felles barne- og ungdomsskule på Gursken og éin barneskule på Kvamsøya	Éin felles ungdomsskule på Gursken med utviding av uteområdet, medan barnetrinna på Kvamsøya, Larsnes og Gursken held fram utan endringar.	Éin felles ungdomsskule på Gursken. Barnetrinn 1.–7. på Gursken, inkludert elevar frå 5.–7. trinn på Larsnes. På Larsnes vert det 1.–4. trinn. Barnetrinnet på Kvamsøya held fram utan endringar.
Kostnader til løn	-800	-3 200	-3 200	-3 700	-3 700	-800	-3 200
Kostnader til skyss	0	350	500	200	650	50	350
Kapitalkostnad, nybygg	0	1 025	15	3 178	359	564	359
Kapitalkostnad, eldre bygg	2 505	2 172	2 239	1 397	2 122	2 505	2 505
FDV	0	-634	282	-2 251	-2 315	281	181
SUM	1 705	-287	436	-1 176	-2 885	2 599	194

Berekningar Telemarksforsking

Merk: * Barneskule er 1.-7. trinn, viss det ikkje uttrykkeleg er spesifisert noko anna.

areal og lågare FDV-kostnader. Differansen mellom alternativ 4 og alternativ 3 er på om lag 1 600 000 kroner i favør av alternativ 4. Dette skuldast nybyggbehovet i alternativ 3. På den andre sida aukar talet på elevar som treng skuleskyss mest ved val av alternativ 4, og det er store areal som må rehabiliterast.

Samletabellen byggjer på fleire føresetnader. Særleg for nybyggbehov, byggekostnader og FDV-kostnader vil dette påverke samanlikningstala. Dersom til dømes gjennomsnittleg kvadratmeterpris for nybygg aukar eller minkar med 1 000 kroner, vil differansen auke eller minke med om lag 70 000 kroner.

Også behovet for nye areal er vurdert etter beste skjønn. Størst behov får ein ved alternativ 3, altså ved éin felles barne- og ungdomsskule på Larsnes. Minst behov for nybygg får ein ved alternativ 4; éin felles barne- og ungdomsskule på Gursken.

Dersom behovet for nybygg på Larsnes eller Gursken aukar eller minkar med 10 m², aukar eller minkar dei årlege utgiftene med om lag 30 000 kroner.

5.10.4 Bør det byggjast ny skule/ barnehage på Kvamsøya?

Skulen på Kvamsøya vil ventast å ha behov for om lag 500 m² til to klasserom på ca. 40 m² kvar, eitt eller to grupperom og enkle spesialrom. Nokre funksjonar kan kombinerast i same rom.

I dette arealet bør det også vere felles personalavdeling for skule og barnehage.

Barnehagen vil ventast å ha behov for om lag 200 m², der ca. 75 m² vil vere leike- og opphaldsareal.

Kapitalkostnadene for 700 m² nybygg med 40 000 kroner per m² vil vere om lag 1 400 000 kroner årleg. FDV-kostnaden for 700 m² blir rutinemessig anslått til kr 700 000.

Ei renovering av den gamle bygningsmassen ville truleg gje om lag halvparten så store årlege kapitalkostnader, og omtrent eit dobbelt så stort areal å drifte. Samla sett kan desse to alternativa difor kome nokså likt ut økonomisk, men renovering blir rimelegast på kort sikt. Truleg vil det rimelegaste vere å renovere fullt ut berre så mykje av skulebygningen som ein treng for å gje rom til barneskulen og barnehagen. Det øvrige arealet i skulen bør ein kunne sikre utan at det skal medføre store investerings- og driftsutgifter.

5.11 Miljømessige vurderingar

Ved eit val mellom Gursken og Larsnes for ein felles barne- og ungdomsskule kjem Larsnes best ut når det gjeld transport. Valet av Gursken vil føre til at om lag 48 fleire elevar treng skuleskyss. Dette vil vere ei belastning både for elevane og for det ytre miljøet.

På den andre sida kjem Gursken best ut når det gjeld skulebygga. Gursken har størst gjenbruk av bygningsmassen til skuleføremål, medan Larsnes har størst behov for nybygg. Forskjellen kan kanskje endrast noko som følgje av etterbruk av fråflytta skulelokale.

Kvamsøya

Ein reduksjon av kostnadene for grunnskulen i Sande kommune kan i hovudsak skje ved å bruke færre tilsette eller mindre areal. Begge delar kan oppnåast ved å redusere talet på skular. Kvamsøya skule kjem i ei særstilling ved at reiseveg og reisetid for elevane til dei to andre skulane er betydeleg. Vi vurderer at ulempene for barnetrinnelevane er for store til at ei overføring til Larsnes eller Gursken er tilrådd. For ungdomstrinnelevane vil reisa også vere ei byrde, men vi meiner at dei eldre elevane klarer ei slik reise betre, og at ulempene blir oppvege av fordelane ved å kome inn i eit større miljø med fleire jamaldringar og eit breiare fagleg tilbod.

Utan ungdomstrinn vil Kvamsøya ventast å ha om lag 15–20 elevar i barneskulen, der behov for undervisning kan dekkast med to klassar: éi for 1.–4. trinn og éi for 5.–7. trinn. I barnehagen vil det truleg vere 10–15 barn med 14–20 plassar. Desse kan få plass i éi avdeling. Det har vore liten interesse for SFO, og denne kan med fordel framleis samordnast med barnehagen.

Personalbehovet vil normalt liggje innanfor tre lærarårsverk i skulen. I barnehagen vil det kunne vere to årsverk som barnehagelærar og eitt til halvanna årsverk som fagarbeidar. Med ein felles leiar vil personalet kunne vere sju–åtte tilsette. I tillegg kjem FDV-personale for reinhald, vaktmeister tenester mv. For dei to alternativa (alternativ 3 og 4) med størst reduksjon på lønnskostnadene, er reduksjonen knytta til ½ årsverk på leiding og 4 undervisningsårsverk. «Stressar» vi ekstra utrekninga av potensialet for færre årsverk, kjem vi fram til samla reduksjon på 7,3 årsverk.

Skuleåret 2024/25 hadde skulane i Sande 8,9 lærarårsverk (Gursken 3,2 årsverk, Kvamsøy 3,2 årsverk og Larsnes 2,5 årsverk) til *ordinær undervisning* utover lærarnorma. Dersom alle elevane var samla på éin skule, kunne ein utan å bryte lærarnorma redusere med alle dei 8,9

årsverka. Dersom barnetrinnet på Kvamsøy skule blir oppretthalde, må dei to klassane ha om lag 2,1 lærarårsverk utover lærarnorma. Dermed kan ein samla berre redusere med om lag 6,8 lærarårsverk. For Gursken/Larsnes ville lærarnorma gje om lag 1,3 årsverk til delingstimar på 1.–4. trinn, ingen delingstimar på 5.–7. trinn og om lag 0,5 årsverk til delingstimar på 8.–10. trinn. Kvamsøy ville ikkje ha delingstimar.⁵

Sande brukar 7,36 årsverk til *individuell tilrettelagt opplæring*. Dette er om lag to årsverk meir enn gjennomsnittleg tildeling for fylket og landet. Til gjengjeld brukar ein tilsvarande færre assistentårsverk. Det ser derfor ut til å vere forholdsvis lite rom for å spare ressursar her.

Det er ikkje formelle minimumsnormer for administrative og pedagogiske leiaroppgåver i grunnskulen. Skuleåret 2024/25 var det avsett 3,3

årsverk i Sande: 1,6 årsverk på Gursken, 0,7 årsverk på Kvamsøy og 1,0 årsverk på Larsnes skule.

Ein kan forsvare å redusere med 0,2 årsverk på Kvamsøy utan ungdomstrinn. Gursken og Larsnes har no 2,6 leiarårsverk. Vi finn om lag 2,3 årsverk for skular med like mange elevar som ein samla skule på Gursken. Her er det 0,3 årsverk å spare. Skuleleiinga blir støtta av sekretærar. Gursken har berre 0,35 årsverk som sekretær, under halvparten av det som er vanleg. Samla reduksjon av leiingsressursar med meir enn 0,5 årsverk til 2,8 årsverk ser derfor vanskeleg ut.

Kommunedirektøren har i sine rammeføresetnader for økonomiplanen 2026-29 lagt til grunn ei innsparing på 7 årsverk; alle årsverka med halv årseffekt i budsjett 2026.

⁵ Delingstimar er skuletimar der ei klasse kan delast i mindre grupper for å få meir tilpassa opplæring.

6. Utvida vurderingar av barnets beste

Ved avgjerder som gjeld barn, skal barnets beste alltid vere det viktigaste omsynet, i tråd med artikkel 3 i Barnekonvensjonen. For å sikre at barnets beste blir ivareteke, må ulike alternativ for oppvekstsektoren vurderast opp mot korleis dei påverkar kvaliteten i tilboda. Basert på informasjon om det noverande tilbodet, presentert i tidlegare kapittel, drøftar vi i dette kapittelet korleis ulike strukturelle endringar kan påverke barn, tilsette og andre i lokalsamfunnet. Med tanke på barnets beste presenterer vi følgjande element som grunnlag for vurdering av kvaliteten på tilbodet: fagleg kvalitet på tilbod, trivsel, kvalitet på innandørs- og utandørs areal, reiseveg og reisetid og betydning for lokalsamfunnet.

6.1 Skoletilbod

I det føregåande kapitelet samanstilte vi dei økonomiske verknadene vi har utrekna for dei ulike alternativa for skoletilbodet i Sande. I dette kapitelet vurderer vi dei to skulealternativa for strukturendring i Sande kor vi har berekna størst innsparingspotensial. I «finalen» står derfor igjen desse to alternativa:

Alternativ 3: Éin felles barne- og ungdomsskule på Larsnes og éin barneskule på Kvamsøya.

Alternativ 4: Éin felles barne- og ungdomsskule på Gursken og éin barneskule på Kvamsøya.

Det er verdt å merke seg at det finst fleire gode argument for å vurdere eit alternativ som inneber ein skule på Larsnes og ein på Gursken (alternativ 1 i den føregåande tabellen). Det inkluderer mellom anna reisetid/reiseveg og lokal betydning.

«Slik skulane er per dags dato er det ikkje mogleg å sikre god rom og kvalitet til alle borna på en plass [...] Det må då enten utbyggjast eller evt splittast pr barneskole og ungdomsskole. Begge alternativa vil føre til merkostnader og dersom kommunen

har sparing som fokus, vil dette vere uhensiktsmessig. Dersom det er kvalitet i fokus, er kort reiseveg og gode lokaler det viktigaste startpunktet for ei universelt utforma skule.»

Sitat frå spørjeundersøking til føresette ved skuler i Sande kommune.

På tross av slike argumenter, legg mål om økonomiske innsparingar rammer for kva alternativ det er aktuelt for oss å vurdere vidare. Det er årsaka til at det ikkje er andre enn desse to alternativa som blir vidare vurdert i denne utgreiinga. Sande kommune har store økonomiske utfordringar, så kommunen er i realiteten tvungen til å velje mellom strukturendringar med størst mogleg innsparingseffektar.

«Det er heilt vesentleg å få til ein stor skule i Sande. Vi siktar på kommunesamanslåing og klarar vi ikkje å slutte oss om dette før det, kjem vi til å miste alle.»

Sitat frå spørjeundersøking til føresette ved barnehagar i Sande kommune.

I det følgjande gjer vi vurderingar av verknader som ikkje kan prissettast, slik som kvalitet i tilbod, reisetid mfl, samanlikna med noverande tilbod.

6.1.1 Fagleg kvalitet på tilbod

Det er lite som tilseier at det skal vere noko skilnad mellom kvaliteten på tilbodet ved alternativ 3 og alternativ 4. I det vidare legg vi difor til grunn at kvaliteten ved begge alternativa vil bli på lik linje. Vi vurderer at begge alternativa bidrar til å samle fagmiljøet i Sande, som på sikt kan legg til rette for kompetansebygging for dei tilsette i einingane. Samanlikna med noverande tilbod, kan dermed både alternativ 3 og 4 bidra til eit betre tilbod for elevane.

Tal frå GSI visar at det er god dekning av lærer med godkjent utdanning for ungdomstrinnet, både på Gursken og på Kvamsøya. Samanlikna med noverande tilbod, tyder dette på at både alternativ 3 og 4 har lite påverknad på kvalitet i tilbod for elevane som flyttast frå Kvamsøya til Gursken eller Larsnes. Samstundes vil begge alternativa truleg

auke moglegheit til å velje mellom fleire ulike valfag, noko som kan vere positivt for kvalitet på tilbod til ungdommane frå Kvamsøya. Vidare viser innspel frå elevrådet på Kvamsøya at det er nokon individuelle og ulike meiningar om kor godt det noverande læringsmiljøet er, kor enkelte meiner at få-delt skule ikkje er optimalt. For enkelte vil dermed eit større læringsmiljø kunne verke positivt inn på opplevd kvalitet. Dette er ein vurdering som ikkje gjeld alle.

Det er lite som tilseier at barneskuleelevane på Larsnes og Gursken vil få ein høgare eller lågare kvalitet på deira skuletilbod. Tal frå GSI viser at begge skolane er dekket av lærerare med utdanning, nokke som truleg vil halde frem ved både alternativ 3 og alternativ 4. For desse elevane vurderer vi dermed at ein endring truleg vil ha liten påverknad på kvalitet i tilbod, samanlikna med noverande tilbod.

Samla sett vurderer vi at både alternativ 3 og alternativ 4 vil bidra til ein liten positiv verknad på kvalitet i tilbodet, samanlikna med noverande tilbod. Endringa gjeld ungdomsskuleelevane primært, kor barneskuleelevane truleg vil få ein kvalitet som er like god som den dei har i dag.

6.1.2 Trivsel

Når det kjem til påverknad på trivsel og tilhøyrsløse for elevane, er det argumenter for at både alternativ 3 og alternativ 4 kan ha ein positiv og negativ verknad.

Både alternativ 3 og alternativ 4 alternativa vil auke størrelse på skulemiljøet, samanlikna med noverande tilbod. På ein side kan ein argumentere for at eit større miljø kan auke trivselen til barna og ungdommane, da dei får ein større sjanse for å finn nokon dei trivst med og kan leike med. Dette kan truleg særleg vere eit argument for ungdomsskuleelevane frå Kvamsøya, noko også deltakarar i ressursgruppa for barn og unge peikar på. Vidare kan begge alternativa tenkast å bidra til å gjere overgang frå barne- til ungdomsskule trygg for elevane.

Vidare viser Ungdomsrådet i kommunen til eit ønske om at elevane skal kunne gå i lag i ungdomsskuletrinna dersom transporten er tilpassast elevane til og frå skulen. Det taler for at både alternativ 3 og alternativ 4 kan ha ein positiv verknad på trivselen til ungdomsskuleelevane i kommunen i ein situasjon kor transportutfordringar er oppklart.

«[...] Samanslåing av skulane er einaste løysing for at elevane skal få

eit godt klassemiljø. Vi ser at born frå små klasser kan vere meir utsett enn andre elevar frå større klassemiljø.»

Sitat frå spørjeundersøking til føresette ved skuler i Sande kommune.

På den andre sida kan eit større miljø bidra til at skulen opplevst som meir utrygt for elevane, særleg dei yngre elevane som ikkje er vande med å gå på same skule som ungdomsskuleelevar. Dette vil truleg gjele ein avgrensa periode, og ikkje for alle barn.

«Barn bør ikkje reise med ferje til skule. Små klasser gir betre læring.»

Sitat frå spørjeundersøking til føresette ved skuler i Sande kommune.

For dei tilsette er det også argumenter i begge retningar. Dei fleste tilsette verker å trivst på den skulen dei arbeider ved nå. Ingen har fremma eit ønske om å bytte skule, noko som kan medføre at trivsel til dei tilsette påverkast noko i negativ retning dersom det gjerast endringar. Dette er og samanlikna med noverande organisering. På motsett side kan eit større arbeidsmiljø verke positivt på trivsel, mellom anna då dei vil få betre moglegheiter til utveksling av erfaring, og auking i fleksibilitet slik at dei tilsette kan spille på kvarandre.

Det er argumenter som talar for betre og dårlegare trivsel hos elevane og dei tilsette. Vi vurderer at det samla er lite påverknad samanlikna med noverande organisering.

6.1.3 Kvalitet på innandørs- og utandørs areal

Slik som skissert i tidlegare kapittel, vurderer vi at det vil krevje investeringar i bygg for å gjennomføre dei skisserte endringane med bakgrunn i arealkrav. Ein føresetnad for vurderingane knytt til kvalitet på innandørs- og utandørs areal er at desse endringane gjennomførast.

I en situasjon utan investeringar i bygg og uteareal, vil påverknaden være negativ for barna, samanlikna med noverande tilbod. Utan investeringar i bygg, vil ikkje alternativ 3 kunne gjennomførast fordi det er manglande kapasitet i bygg. Alternativ 4 vil kunne gjennomførast, samstundes vet vi at kvaliteten på delen av bygget til ungdomstrinnet er relativt dårleg, som vil verke negativt inn på ungdommane som flyttast frå Kvamsøya.

Gitt ein investering i bygg, vil truleg alle elevane som går på skulen oppleve ein positiv endring i kvalitet på innandørs areal. Dette gjelder ved begge strukturalternativ og for alle elevane som i dag nyttar det gjeldande skulebygget (enten Larsnes eller Gursken, avhengig av val av alternativ).

«[...] Skulebygga våre er dårlege, så vi burde bygge ein ny felles skule.»

Sitat frå spørjeundersøking til føresette ved skuler i Sande kommune.

Når det gjeld uteareal, verker Larsnes å ha eit særskilt godt uteområde. Ved alternativ 4 vil ikkje dette arealet kunne nyttast i like stor grad, noko som kan verke negativt på barna som i dag går på Larsnes. Motsett vil elevar som i dag går på Gursken, truleg få ein noko betre tilgang til uteområder ved alternativ 3, samanlikna med noverande situasjon. Dette inkluderer også ein betre soltilgang. Samstundes har Gursken potensial til utviding gitt investeringar, noko som kan redusere ulempa presentert.

Samla vurderer vi at både alternativ 3 og alternativ 4 vil ha ein positiv verknad for barna, samanlikna med noverande tilbod. Dette er gitt investeringar i bygg. Truleg vil verknaden vere noko meir positiv for alternativ 3, enn for alternativ 4 med bakgrunn i at barna mister tilgangen på utearealet ved Larsnes dersom dei flyttast til Gursken. Når det er sagt, har vi likevel notert oss ei god høyringsuttale frå Gursken FAU v/ barneskulen, som m.a. omtalar tomteareal og tilhøyrande utviklingsmoglegheiter samt symjehall.

6.1.4 Reiseveg og reisetid

Både elevar og føresette vil kunne påverkast når det kjem til reiseveg, både ved avlevering og henting før og etter skuletid.

Slik som vist i det føregåande kapittelet, vil alternativ 4 (Gursken) medføre ein større auke i talet på elevar med skyss. Alternativ 3 (Larsnes) vil òg auke skyssbehovet, men ikkje i like stor grad som alternativ 4.

Slik skulen er organisert i dag, sogner ei rekkje ungdomsskuleelevar ved Gursken skule til Larsnes barneskule. Ein stor del av desse elevane ville truleg få ein betre skuleveg ved alternativ 3 samanlikna med det noverande tilbodet, og dermed betre deira reiseveg. Dei resterande ungdomsskuleelevar ved Gursken vil truleg få ein lengre reiseveg.

Samanlikna med noverande tilbod, vil barneskuleelevar ved Gursken få ein lengre reiseveg ved

alternativ 3, og barneskuleelevar ved Larsnes få ein tilsvarande lengre reiseveg ved alternativ 4. Det er likevel verdt å merke seg at dei fleste elevane ved noverande Larsnes kan gå til skulen. Samanlikna med noverande tilbod, vil endringa vurderast som noko meir negativ for desse elevane, enn for dei som allereie tek skulebuss.

Ungdomsskuleelevar som bur på Kvamsøya vil ved begge alternativa få ein betydeleg lengre skuleveg, med behov for bruk av ferje eller annan transport til sjøs. Gitt dagens moglegheiter, vil reisevegen til Gursken (alternativ 4) vere lengre enn til Larsnes (alternativ 3). Fordi elevane må fraktast til sjøs, vurderer vi verknaden på desse elevane som særskilt negativ ved begge alternativ. Dette understøttes også av innspel frå fleire informantar, mellom anna elevrådet på Kvamsøya, kor elevane oppgjer at dei blir slitne av lange dagar og at dei ikkje ynskjer ein lenger veg til skulen. Fleire av elevane reiser allereie med buss og Ferje frå Sandsøya og Voksa. Frå dei føresette er det enkelte som meiner at ein føresetnad for en eventuell endring, er ein betre reiseveg.

«[...] for å være positiv til å legge ned skule, må det en bedre reiseveg enn buss/ferge/buss til. Reiseveg vil bli over en time hver veg pluss reisetid.»

Sitat frå spørjeundersøking til føresette ved skuler i Sande kommune.

Barneskuleelevar på Larsnes er upåverka i alternativ 3, medan barneskuleelevar ved Gursken er antatt upåverka i alternativ 4. Barneskuleelevar på Kvamsøya er upåverka i begge alternativa.

Begge alternativa blir vurderte til å ha ein negativ påverknad på elevar og deira føresette, samanlikna med den noverande strukturen.

6.1.5 Betydning for lokalsamfunnet

Frå informasjonsinnhenting kjem det tydeleg fram at skulen er viktig for lokalsamfunnet, uavhengig av kva for ein skule det er snakk om. Dette vil dermed vere innbyggjarar i samfunnet som blir påverka negativt, uavhengig av val av struktur. Dette kjem truleg til syne ved at lokalsamfunnet mister ein samlingsplass.

Gursken oppvekstsenter verkar å vere ein sentral møteplass for lokalsamfunnet. Fleire av elevane nyttar skuleområdet på fritida, samstundes som det er mykje aktivitet knytt til mellom anna korps. Videre meiner enkelte at ein nedlegging vil bidra til å svekke aktivitet i området, både busetting og næringsliv, i tillegg til at skulen ligg strategisk til

dersom det i framtida blir prat om ein kommune-samanslåing. Samla sett er det derfor fleire argument for at alternativ 3 (Larsnes) vil ha ein negativ verknad på samfunnet som i dag er knytt til Gursken.

Også for Larsnes verkar skulen å vere eit viktig samlingspunkt. Samanlikna med noverande situasjon, vil alternativ 4 (Gursken skule), truleg ha ein stor negativ verknad for samfunnet knytt til Larsnes. Frå innspel, både frå tilsette, føresette, FAU og elevrådet, kjem det tydeleg frem at skulen har ein viktig posisjon i lokalsamfunnet ved at det er ein viktig samlingsplass, noko som talar for ein stor negativ verknad dersom den leggst ned. Enkelte fremmer også ein frykt for kva som vil skje med «limet i samfunnet» dersom bygga seljast til andre aktørar.

Videre veit vi at barnehagane og skulene i kommunen har eit god samarbeid, kor barnehagane besøker skulene. Dette verkar å gjelde både for Gursken og Larsnes. Slike møter kan bli meir utfordrande dersom avstandane blir lengre, noko som kan gjere overgangen frå barnehage til skule opplevast som noko meir utrygg, samanlikna med det den gjer no. Dette gjeld både for alternativ 3 og alternativ 4. Samstundes er det relativt kort avstand mellom Gursken og Larsnes, noko som kan redusere den negative verknaden.

For lokalsamfunnet på Kvamsøya kan verknadene potensielt vere vesentlege og negative, uavhengig av val av alternativ 3 og 4. Ved begge alternativ vil det framleis vere eit barneskoletilbod, samstundes som ungdomsskulelevane må flyttast til Larsnes eller Gursken. Ved at ungdomsskulelevane flyttast, vil det potensielt kunne bidra til å redusere aktivitetstilbodet for barna på barneskulen. Dette då færre potensielle deltakarar kan redusere moglegheita for ulike tilbod. Det kan påverke kjensla deira av tilhøyrse til lokalsamfunnet, noko deltakarar i ressursgruppa for barn og unge også peikar på. Vidare framkjemdet at Kvamsøya skule har ein sentral rolle i kvardagen fleire av dei som bor på øya, da den er en naturleg møteplass for dei med og utan barn. Ved å behalde barnetrinnet, vurderer vi at skulen framleis vil vere ein viktig møteplass. På tross av dette, kan det tenkast at begge alternativa bidrar til å gjere øya mindre attraktiv for barnefamiljar.

Overordna er det argument som talar for at eit val, uavhengig om det er alternativ 3 eller alternativ 4, både kan verke positivt og negativt inn for samfunnet som ein heilheit (heile kommunen), samanlikna med noverande situasjon. Årsaka er at vurderingar av skuletilbodet bidrar til stor lokal ueinigheit. Ved å ta eit endeleg val, kan ein truleg

redusere spenningane som nå er i kommunen. Det kan bidra til ein auking i føreseielegheit, og på lenger sikt bidra til å samle kommunen ved ein plass og ikkje to slik det er i dag. På den andre sida kan eit slik val bidra til å splitte kommunen meir. Slik som sitata under synar, er det dermed argumenter i begge retningar.

«Det er for miljøet til ungane våre og utviklinga til bygdene våre elles på høg tid at ein slår ein strek og tek ei endeleg avgjerdslø om skulestruktur. Det har vore omsnakka i minst 40 år, og lite har skjedd -anna enn fråflytting og bygder som lid i uvisse.

Slå saman skulane, plasser felles skule på [...], og KREV fleire og hyppigare båt- og ferjeavgangar til ytre Sande! (Å flytte borna der til Larsnes eller Gursken er eit umogleg krav utan at ein først ser på ferjeavgangar og tilbodet fylket kan gi om skyss og tider.)»

Sitat frå spørjeundersøking til føresette ved skuler i Sande kommune.

«[...]Det med skulestruktur fører dessverre til konflikter i lokalsamfunnet og eg er derfor usikker på om det er så lurt å gjere noko med dette. Viss det einaste ein kan spare på er å kutte stillingane til nokon dyktige lærera så veit eg ikkje om eg synes det er verdt dette. Det er synd om skulesektoren får svi fordi andre sektorer går med minus. [...]»

Sitat frå spørjeundersøking til føresette ved skuler i Sande kommune.

Samanlikna med noverande tilbod, vurderer vi at både alternativ 3 og alternativ 4 vil ha ein negativ påverknad på lokalsamfunnet. Den negative påverknaden for lokalsamfunnet vurderast å vere like stor ved begge alternativa.

6.2 Barnehagetilbod

Slik som skissert i kapittel 3.1, består barnehage-tilbudet i Sande kommune av fem kommunale barnehagar. Etter informasjonsinnsamling i kommunen, finner vi fleire argumenter som talar for å behalde dei fleste barnehagane i kommunen. Argumenta inkluderer mellom anna viktigheit av å ha ein barnehage i nærleik til arbeidsplassar som legg til rette for arbeidsdeltaking, samt manglande kapasitet i bygga med avgrensa moglegheit til å utvide.

Videre er det truleg få barnehagar som har nok kapasitet til å ta imot barn frå andre einingar. Fleire av einingane opplever at dei i dag både har mangel på ressursar og avgrensa tilgang på innandørsareal. Enkelte har heller ikkje uteareal til å utvide kapasiteten i barnehagen vidare (jf. krav i barnehagelova). I tillegg oppgjer enkelte føresette meiner at det er for lite plass ved barnehagen deira barn går i.

På den andre sida er det argumenter for å samle tilbodet til større einingar, noko som og kjem frem i fleire av fritekstsvara til dei føresette med barn i Sande slik som skissert under.

«Bør satse på Hauemarkja og Haugelia og skape to gode barnehagar med gode fagmiljø og kompetanse. Små fagmiljø går ut over borna og gjer det vanskeleg å rekruttere kompetente tilsette.»

Sitat frå spørjeundersøking til føresette ved barnehagar i Sande kommune.

«Med omsyn til den stramme kommuneøkonomien og eit markant synkende barnetal, meiner eg det er innlysende og rasjonelt å konsentrere barnehagetilbodet til to sterke einingar: Haugelia og Larsnes. Ved å styrkje desse barnehagane, sikrar vi at ressursar ikkje blir spreidd tynt utover. Det viktigaste for barnas beste er ikkje bygga eller lokasjonane, men at vi kan tilby eit robust og trygt læringsmiljø. Dette krev at vi prioriterer å utvikle gode fagmiljø, der kompetente og dyktige omsorgs-

personar med høg fagleg standard passar borna våre. Eit sterkt fagmiljø er avgjerande for kvaliteten på det pedagogiske tilbodet!»

Sitat frå spørjeundersøking til føresette ved barnehagar i Sande kommune.

Videre opplever enkelte einingar utfordringar med å rekruttere fagpersonell (ikkje alle). Ved å samle barnehagane til større einingar, kan ein legge til rette for ein meir jamn fordeling av fagpersonar, samt skape fleksibilitet i bemanning.

Med bakgrunn i innsamla informasjon, har vi silt ut ei rekkje moglegheiter som vi ikkje ser på som aktuelle per i dag. Under følger ein kort utgreiing av kvifor vi ikkje vurderer omstrukturering ved enkelte einingar. Reisetid og kapasitet er særleg avgjerande i vurderingane for barnehagetilbod. Alternativa er sett i lys av moglegheiter for omstrukturering i skuletilbodet.

Gjerdsvika barnehage har etterspurnad etter tenester, med et ønskje om utviding ved bruk av tilgjengeleg areal, både frå tilsette og føresette. Vi vurderer det som lite aktuelt å leggje ned eller flytte denne barnehagen, både på grunn av etterspørsel, lokasjon og kapasitetsbehov i kommunen. Vi greier ikkje ut meir i detalj for denne eininga.

Haugelia barnehage er ein barnehage med eit relativt høgt tal på barn. Det verkar å vere ein populær barnehage blant dei busette i kommunen, samstundes som den har ein god lokalisering. Med bakgrunn i dette, vil vi ikkje vurdere vidare strukturelle endringar for denne barnehagen.

Vi vurderer vidare følgjande alternativ:

- Flytte Kvamsøya barnehage inn i skulebygg og leggje ned Sandsøya barnehage
- Flytte Hauemarkja barnehage i Larsnes skule sine lokalar (gitt ein nedlegging av skulen)

6.2.1 Flytte Kvamsøya barnehage inn i skulebygget og leggje ned Sandsøya barnehage

For barna som bur på øyane vurderer vi at det, per dags dato, er hensiktsmessig å behalde minst ein barnehage. Gitt talet på barn, vurderer vi det som mest naturleg å behalde ein barnehage på Kvamsøya, og frakte barn frå Sandsøya til Kvamsøya. Dette er et val med omsyn til talet på barn som må flyttast og derav påverkast av endringa, samt økonomiske årsaker.

Kvamsøya barnehage har eit relativt stort behov for oppgraderingar. Samstundes har dei over tid utfordringar med rekruttering av nok fagpersonell, mellom anna fordi ein er avhengig av personale som er busett på øya på grunn av ferjetider. Det kjem likevel fram som viktig for lokalbefolkninga å behalde eit barnehagetilbod ein av øyane i Sande. Fordi ein nedlegging truleg vil ha ein stor negativ verknad for både barna (lang reisetid), føresette (utfordrande å få kvardagen til å gå opp), dei tilsette, og særleg samfunnet som heilheit (mindre bulyst på øya), vurderer vi at det ikkje er aktuelt med vidare strukturendringar ved denne eininga. Avgjerande for denne vurderinga, er noverande tal på barn. Dersom dette blir enda lågare, kan det på sikt bli meir relevant med ein endring.

Vidare vurderingar er gjort med føresetnad om at barnehagen flyttast til eit oppgradert skulebygg. Alternativet vil dermed kunne bidra til å auke kvalitet på tilbod i kommunen, samstundes som den reduserer årlege kostnader.

Økonomi

Gitt det skisserte innsparingsbehovet til Sande kommune, er det naturleg å vurdere moglegheita for nedlegging av Sandsøya barnehage, då dette er ein barnehage med for få barn. Ifølgje rekneskap 2024 var netto driftsutgiftene mot Sandsøya barnehage på 1,473 mill. kroner, så vi legg til grunn ei årleg innsparing på rundt 1,5 mill. kroner ved nedlegging av barnehagen, og dermed 625.000 kr som effekt mot 2026-budsjettet.

Kvalitet i inne- og uteareal

Sandsøya barnehage har i dag gode inne- og uteareal. Barna har god og stor plass, i tillegg til at dei har gode moglegheiter til leik ute. Ved å flytte barna til Kvamsøya vil dei, slik det ser ut i dag, påverkast negativt. Vi legg derfor inn ein føresetnad om betring i kvalitet slik som skissert i kapittel 5.

Gitt føresetnaden om ein oppgradering i Kvamsøya barnehage, vurderer vi at barna på Kvamsøya vil få ein høgare kvalitet på dei fysiske lokala. Barna som flyttast frå Sandsøya vil truleg ikkje få ein dårlegare kvalitet på inne- og uteareal dersom oppgraderinga gjennomførast slik som skissert. Vidare vil dei tilsette også kunne påverkast positivt, ved at dei får arbeidsareal som er betre tilpassa deira behov. Det gjeld dei tilsette som i dag arbeider på Kvamsøya.

Samlet sett vil alternativet ha ein positiv verknad for barn og tilsette når det kjem til kvalitet på inne- og uteareal, samanlikna med noverande tilbod. Dette er drevet av betringa for barna og dei tilsette som allereie er på Kvamsøya, medan barna og eventuelt tilsette frå Sandsøya truleg ikkje vil oppleve nokon endring gitt oppgraderingar.

Kvalitet og trivsel

Slik situasjonen er i dag, er det eit fåtal barn i Sandsøya barnehage. Det betyr få barn i same alder, noko som truleg vil halde frem også for framtidige år. For å få ein fullgod utvikling er det viktig at barnet får samhandle med born på eiga alder. Dette syner deltakarar i ressursgruppa for barn og unge og forskning, mellom anna den som er omtala i vedlegg A. Ved å samle barna frå Sandsøya med barna på Kvamsøya, vil dei få fleire leikekameratar, noko som vi vurderer for positivt for barna frå Sandsøya, mellom anna da det kan leggje til rette for sosial læring og leik.

For dei tilsette er det truleg argumenter i begge retningar. På den eine sida vil dei tilsette som i dag arbeider på Sandsøya, truleg påverkast negativt. Dei trivst på si arbeidsplass, og ynskjer ikkje at barnehagen skal leggjast ned. Dei tilsette som arbeider på Kvamsøya vil truleg kunne påverkast i noko positiv grad, mellom anna på grunn av forhold som betre legg til rette for ein god arbeidskvardag. Samtidig meiner vi at flytting av barnehagen kan ha ein positiv effekt på fagleg utvikling og sikra ein meir stabil situasjon med tilsette, samanlikna med dagens situasjon, noko som igjen vil ha positiv påverknad på borna.

Vidare vil trivselen til elevane som i dag nyttar eit SFO-tilbod på Sandsøya kunne påverkast, sjølv om det er uklart om dei påverkast positivt eller negativt. På den eine sida vil dei kunne leke med sine klassekameratar på SFO på Kvamsøya, men på den andre sida vil dei måtte vere lenger unna eiga heim på ettermiddagen. Det er dermed uklart i kva for påverknad endringa vil ha.

Reiseveg

Sande kommune er prega av lengre avstandar, der det er utfordrande å krevje at føresette med barn i barnehagealder skal reise lange avstandar for å levere barna sine. Ved å leggje ned Sandsøya vil ein stor negativ verknad vere at barna må fraktast til sjøs. For at dette skal vere et mogleg alternativ, må kommunen tilby ein følgeordning som går ut på at ein vaksen følger barna til og frå Sandsøya kvar dag.

Samanlikna med noverande tilbod, vil ein slik endring påverke dei barna som må reise frå Sandsøya til Kvamsøya negativt av fleire årsaker. For det første er reisevegen til sjøs, noko som gjer at den er vêravhengig. For det andre er barna så små at det er utfordrande å skulle frakte dei på denne måten. Reisevegen til barna som allereie går på Kvamsøya vil ikkje påverkast, det er berre dei som nå går på Sandsøya som vil oppleve ein endring i reiseveg.

Samla vurderer vi at påverknad på reiseveg er betydeleg og negativ for dei få barna som må reise frå Sandsøya til Kvamsøya. Resterande barn vil ikkje påverkast på dette området.

Lokal betydning

Eit viktig argument som taler imot nedlegging av Sandsøya barnehage, er påverknaden det vil kunne ha på den lokale befolkninga. Fleire er bekymra for at ein nedlegging vil kunne bidra til at ingen familier vil ønske å busette seg på øya, og at ein nedlegging vil bidra til fråflytting. På Sandsøya er det i dag mellom anna hotell drift, samt utbygging av eit nytt idrettsanlegg som legg til rette for aktivitet. Ved nedlegging av barnehagen, kan ein gjere det særskilt vanskeleg for lokalbefolkninga å tiltrekke seg fleire familier. Derimot kan dagens tal på born i barnehagen tyde på at tilgjenge barnehage ikkje er ein avgjerande faktor for å tiltrekke nytt innbyggjarar, da det allereie er få barn i barnehagealder.

Samlet vurderer vi at nedlegging av barnehagen vil ha ein stor negativ verknad for dei som er busette på Sandsøya. Samstundes meiner vi at å la barnehagen vere open truleg ikkje har ein stor påverknad på tilflytting av nytt innbyggjarar.

6.2.2 Flytte Hauemarkja barnehage til lokasjon Larsnes oppvekstsenter

Hauemarkja barnehage er lokalisert sentralt i Larsnes, relativt nære noverande Larsnes oppvekstsenter. I lys av strukturalternativ for skuletilbodet, vil det ved alternativ 4 (Gursken oppvekstsenter) vere mogleg å flytte noverande Hauemarkja barnehage til bygget som no nyttas av Larsnes oppvekstsenter. Dette vurderast i det vidare.

Økonomi

Ved å flytte Hauemarkja barnehage inn til Larsnes oppvekstsenter sine bygg, vil ein frigjere eit potensielt kunne redusere kommunens totale vedlikehaldskostnader på grunn av frigjering av eit bygg. Noverande barnehagebygg kan omdisponerast eller seljast, avhengig av kommunens ynskjer. Dei vil også redusere FDV kostnadene for bygget i storleiksorden 120-150.000 kroner. I tillegg kan kommunen selje lokalitetane og tomta som i dag nyttas av barnehagen.

Alternativet vil medføre enkelte oppstarts-kostnader, mellom anna tilpassing av areal og flytting av innhald i dagens barnehage. Disse vil vere relativt låge.

Kvalitet i inne- og uteareal

Frå informasjonsinnsamling vet vi at noverande lokasjon av barnehage opplevast som viktig, både

for føresette og tilsette. Barnehagen verker å vere gode på å nytte sitt lokalmiljø, mellom anna ved besøk til omsorgssenter, natur og andre lokale moglegheita. Ved å flytte barnehagen kan slike moglegheita påverkast. Samanlikna med noverande tilbod, vil derimot ny foreslått lokasjon truleg ha liten verknad på kvaliteten, da dei er relativt nære kvarandre. Videre vil barnehagen lokalisert i nærheit til idrettshall og skog, noko som kan vere positivt.

Gitt ein føresetnad om at bygget tilpassast barnehagens behov, vil det truleg kunne vere positivt både for barn å få ein nytt lokale med betre plass. Dei vaksne vil også kunne påverkast positivt, ved at dei får bygg som er betre egna for eige kvardag. Dette er samanlikna med noverande lokale.

Kvalitet og trivsel

Ved å flytte barnehagen slik som skissert, vil ein truleg i liten grad ha ein påverknad på tilbodet til barna, da vi antar at same drift vil vidareførast i nye lokalar. Det same gjeld trivselen til dei tilsette.

Reiseveg

Vi vurderer at det ikkje er særleg påverknad på reiseveg. Dette er fordi dei to bygga er lokalisert relativt nære kvarandre.

Lokal betydning

Frå informasjonsinnsamling veit vi at fleire i lokalbefolkninga er engasjert i Hauemarkja barnehage. Dette er særleg ein følgje av at barnehagen tidlegare har vore drifta av privat-personar. I tillegg er dei føresette i stor grad engasjert, noko som kjem til syne ved deltaking i dugnadsarbeid. Da fleire i lokalbefolkninga kjenn på ein form for eigarskap til barnehagen, vil fleire potensielt kunne oppleve endringa som negativ. I tillegg er det mogleg at ein slik endring medfører færre besøk til omsorgsheim, dersom avstanden reduserer moglegheita barnehagen har til slike utflukter. Det kan verke negativt for bebuarane. Sett bort i frå dette, er det lite som tilseier at endringa vil ha anna påverknad på lokal befolkning.

6.2.3 Andre innspel til barnehagetilbod

I tillegg til dei delane av barnehagetilbodet som er drøfta over, har vi i prosessen fått innspel til – og drøfta enkelte andre moglege tiltak og tilpassingar. Enkelte av desse presenterast kort under.

Som ein del av utgreiinga, diskuterte vi om ein redusert opningstid i barnehagane kunne vere gunstig. Det vil da gjelde for eksempel ein halv til ein hel time kortare opningstid kvar dag. Ein slik endring vil ikkje nødvendigvis bidra til å redusere kostnadsnivået, men kan bidra til auka fleksibilitet i bemanning i barnehagen. Ein kan og tenke seg at

det på sikt kan ha positive verknader for arbeidskvardagen til dei tilsette. På den andre sida kan reduserte opningstider gjere det vanskligare for dei føresette i kommunen å få kvardagen til å gå opp. Kommunen kan, i samråd med einingane, drøfte ein slik moglegheit for framtidig organisering.

Det er og mogleg å undersøke om det er mogleg å få til meir koordinering på tvers av barnehagane, noko som kan bidra til en auking i fleksibilitet i bemanning.

Videre er det enkelte føresette som etterspør kortare sommarstengt. Kommunen kan vurdere om dette er noko som skal endrast, om det skal endrast i alle barnehagar, eller om enkelte barnehagar skal ha kortare sommarstengt – og at barn frå andre barnehagar også kan få tilbod om plass den/ dei vekene det er aktuelt.

«Jeg mener fire uker samanhengende stengt på sommeren er i overkant mye. Kommunen kunne f.eks holdt en barnehage åpen. [...]»

Sitat frå spørjeundersøking til føresette ved barnehagar i Sande kommune.

Utover dette er det eit ønske om ein auking i grunnbemanninga blant dei tilsette i barnehagane. Vi erfarer at fleire opplever ein auking i krav til dei tilsette, samstundes som bemanninga ikkje har auka. Enkelte meiner at ein auking i grunnbemanning truleg kan bidra til å redusere sjukefråvær, og dermed også vikarbruk. Vi tilrår at kommunen vidare vurderer moglegheita for dette.

6.3 Andre vurderingar

I dei vidare vurderingane vil vi òg ta omsyn til andre delar av kultur- og oppvekstsektoren, inkludert følgjande:

- Bibliotek
- Flyktingtenesta
- Kulturskolen
- PPT
- SFO (som ein del av skolevurderingar)
- Andre innspel

6.3.1 Bibliotekteneste

Bibliotektenesta i Sande kommune leiger per i dag lokale for om lag **170 000 kroner årleg** (i følgje tilsend informasjon frå Sande kommune). Ved å flytte denne tenesta til eit bygg som kommunen allereie eig og driv, kan ein redusere utgiftsbehovet med tilsvarande sum, med unntak av eventuelle eingongskostnader i form av overflytting og

tilpassing av lokala. I tillegg kjem eventuelle kostnader til drift og vedlikehald.

Funn frå undersøkinga blant dei føresette viser stor spreiding når det gjeld kor nøgd dei ville vore med ulike alternative lokasjonar av tilbodet. Likevel vurderer vi at biblioteket si plassering truleg har marginal betydning for bruk av tenesta, så lenge lokasjonen er sentral og like tilgjengeleg som dagens tilbod.

6.3.2 Flyktingtenesta

I Sande kommune sin årsrapport for 2024 syner det at det nyttas 6,842 millionar kroner årleg på Flyktingtenesta. I 2024 hadde Sande eit overforbruk på rundt 3 millionar, primært til kjøp av tenester frå Ulstein kommune (Sande kommune, u.d.). Den 25. mars 2025 vedtok kommunestyret i Sande kommune at dei skulle si opp samarbeidsavtale med Ulstein kommune kring vaksenopplæring og introduksjonsprogram (Sande kommunestyre, 2025). Bakgrunnen for dette er økonomiske vurderingar. Dei har nå inngått ein samarbeidsavtale med Herøy kommune om vaksenopplæring og introduksjonsprogram.

I det vidare tilrår vi ingen ytterlegare endringar.

6.3.3 Kulturskulen

Kulturskulen i Sande kommune verkar å vere godt likt av dei føresette i kommunen. Fordi kommunen er spreidd med innbyggjarar både på fastlandet og på øyane, er det eit spørsmål om kvar kulturskulen bør leggjast for å vere mest mogleg tilgjengeleg for brukargruppa.

Som ein del av informasjonsinnsamlinga har vi identifisert ei rekkje positive verknader som følgje av at kulturskulen er lagt i nærleik til SFO-tilbod, i stor grad knytt til organisering av tilbodet. Dersom tilbodet blir flytta til eit eige bygg, vil det kunne ha ein negativ verknad for tilbodet som følge av at det vil kunne opplevast som mindre tilgjengeleg.

I dag blir kulturskulen tilbydd både ved Gursken og Larsnes oppvekstsenter. Dersom kulturskulen utelukkande skal leggjast til same bygg som SFO, vil det ha enkelte konsekvensar for barna og deira føresette. For det første vil ei slik endring bety at kulturskulen berre vil vere eit tilbod på eitt stad i kommunen, og ikkje to slik som i dag. Det kan både føre til auka reisetid og gjere at tilbodet opplevast som mindre tilgjengeleg for brukargruppa. For øybuarane i kommunen vil kulturskulen truleg opplevast som meir utilgjengeleg ved Gursken enn ved Larsnes.

Dersom kulturskulen blir lagt til eit bygg utan skuletilbod, vil det truleg oppstå større negative

verknader samanlikna med alternativet om å leggje tilbodet til bygget med SFO. For å avhjelpe dei negative verknadene vil det dermed vere viktig å leggje til rette for bruk av kulturskuletilbod tett opp mot skuletid og SFO-tid.

Vi tilrår at kulturskulen framleis blir organisert i tett samarbeid med SFO for å kunne leggje til rette for bruk av tenesta, uavhengig av om den blir lokalisert til Gursken eller Larsnes.

Dersom skulen leggstil Larsnes, tilrår vi ta Kulturskulen sin hovudbase leggstil Larsnes skule sine nåverande bygg, samstundes som det er eit tilbod på Gursken i nært samarbeid med SFO.

6.3.4 PPT

Etter samtaler med einingane er det både argumenter for og imot å behalde noverande organisering av PPT. Eit alternativt er å vurdere ein interkommunal løysning, slik som andre kommunar har gjort.

Majoriteten av einingane i Sande peikar på at samarbeidet med PPT er tett og godt. Dei aller fleste løfter fram nærleik til tenesta som sentralt og viktig, mellom anna da dei kjenner til lokal kontekst. Nokre meiner at det kan oppstå enkelte utfordringar på grunn av at kommunen er liten og

eit tett samfunn der alle kjenner kvarandre, samstundes som dei vurderer PPT som svært profesjonelle.

Dei aller fleste einingane verker å være negative til ein interkommunal løysning. Dei fleste meiner at ein interkommunal løysing vil bidra til å redusere nærleiken som einingane opplever å ha med tenesta i dag. Motsett vil ein interkommunal løysing kunne bidra til å redusere potensielle utfordringar som kjem som følge av små forhold i kommunen, noko som er eit argument for ein slik endring.

Når det gjeld moglege økonomiske gevinst på feltet, kan visse strukturelle tilpassingar potensielt bidra til ein meir effektiv ressursbruk. Til dømes kan større einingar i barnehage og skule leggje betre til rette for samla innsats rundt barn med særlege behov. Dette kan truleg ha positive verknader både for kvaliteten i tenestene og for ressursbruken over tid. Videre kan større einingar, i samspel med endringar i lovverk, i større grad legge til rette for fleksibel bruk av ressursar.

Ein føresetnad for effektivisering, er at ein ikkje nyttar PPT for å kompensere for mangle på ressursar i andre deler av tenesta.

Samla sett tilrår vi at organisering av PPT ikkje endrast. Dette uavhengig av kva for struktur som Sande kommune vel for skule og barnehage.

7. Oppsummering og tilråding

Sande kommune har store økonomiske utfordringar, som legg føringar for kva strukturelle alternativ som er aktuelle for kommunen. Basert på økonomiske og kvalitative vurderingar presenterer vi her vår tilråding som på sikt skal kunne bidra til eit berekraftig oppveksttilbod i Sande kommune.

Sande kommune er i ein situasjon der dei er prega av store økonomiske utfordringar, samstundes som kommunen har sterk lokal tilhøyrse, og dermed stor lokal splid når det gjeld kvar det eventuelt er aktuelt å plassere oppveksttilbodet. Dette kjem tydeleg fram i kommunikasjonen med dei føresette i kommunen, med dei enkelte einingane og FAU.

For vidare arbeid i kommunen vurderer vi at det er viktig med føreseielegheit. Dette prosjektet har gitte rammer og innsparingsambisjonar allereie for komande år, som gjer det utfordrande å få til dette i våre tilrådingar. Det er likevel viktig for kommunen å nytte funn frå rapporten til framtidig planlegging, samt å sikre at interessentar blir involverte tidleg og i alle fasar.

Vi tilrår å oppretthalde Gursken som ein 1-10 skule, og som ein større skule ved at den skal omfatte elevane frå Larsnes i tillegg til ungdomsskuleelevar frå Kvamsøya. Det alternativet er berekna på årsbasis å ha om lag 1,7 mill. kroner gunstigare effekt på kommuneøkonomien enn alternativet med tilsvarande samling på Larsnes. Investeringsramma for fornying og opprusting av skuleanlegget på Gursken vert sett til 49,6 mill. kr eks. mva, slik som vi har vist til i egne berekningar.⁶

Vi tilrår at det ikkje lengre vert eit skuletilbod og ein SFO på Larsnes eller noko ungdomstrinn på Kvamsøya. Kvamsøya vil då bli ein barneskule. Vi legg til grunn at endringane skal kunne skje med verknad frå oppstart av skuleåret 2026/27 for at kommunen skal ha moglegheit for å realisere innsparingar på skule i tråd med ramme-føresetnadene til kommunedirektøren i sitt budsjettframlegg.

For å unngå å stå i fare for å miste eit grunnskuletilskot på rundt 580.000 kroner over inntekts-

systemet (rammeoverføringane), tilrår vi ei organisatorisk løysing på Gursken ved at det vert ein Sande ungdomskule der i tillegg til Gursken barneskule (1-7) – begge leia av same rektor.

Vi har vore i tvil når det gjeld Kvamsøya og skuletilbodet for elevar som soknar til Ytterøyane. Vi landa likevel tidleg på at barn på barnetrinnet, i alle fall dei på 1.-4. trinn, bør sleppe store reiseavstandar og tilhøyrande tidsbruk også på ferje/båt. Vi vil tilrår kommunen å arbeide sterkt for ei transportløyning til og frå Gursken med «Samfunnsbåten» (hurtigbåten) for ungdomsskule-elevane frå Kvamsøya/ Ytterøyane, og at dette vonaleg ikkje vil innebere nokon særers meirkostnad for kommunen. Vi synes uansett at dei skissene/idéane til båttransport som er lansert frå FAU ved Gursken er interessante; med anløp anten ved Haugsbygda Hamn eller Vågen småbåthamn.

Vi tilrår at barnehage-tilbodet på Kvamsøya vert flytta inn i skulebygningen der, og dermed at oppvekstsenter-organiseringa naturleg kan halde fram. Investeringsramma for fornying og opprusting av anlegget på Kvamsøya vert sett til 10 mill. kr eks. mva.⁷ Vi set ei nedre grense på 5 elevar for at det skal verte tilbydd SFO på Kvamsøya.

På skuleanlegget i Larsnes tilrår vi at biblioteket og hovudbasen for kulturskulen vert lokalisert – i tillegg til ein barnehage (Larsnes barnehage) som følgje av at vi foreslår ikkje lengre noko tilbod ved Hauemarkja. FDV-kostnader i storleikssorden 120-150.000 kr vert då spart – i tillegg til at kommunen kan selje lokalitetane og tomta til Hauemarkja barnehage. Husleiga på 170.000 kr for dagens bibliotek vil bli spart – og flyttinga av biblioteket vil ha liten negativ innverknad på tilgjenge og bruken av tilbodet.

Biblioteket og hovudbasen for kulturskulen bør kunne vere på plass ved (tidlegare) Larsnes oppvekstsenter frå august 2026, medan tilpassing og utbetringar av lokala til å huse ein barnehage må kanskje forventast å ta noko lengre tid. Seinast til oppstart av barnehageåret 2027/28 bør likevel lokala vere klarerte og ferdigstilla. Vi skriv hovudbasen for kulturskulen då vi legg til grunn at det også skal vere eit kulturskule-tilbod på Gursken for dei elevane som går på SFO der.

⁶ I finansieringa av prosjektet er det naturleg at kommunen også nyttar seg av ein rentekompensasjonsordning for investeringar i læringsarenaer, utstyr og inventar som bidreg til meir praktisk og variert opplæring på 5.-10. trinn. Sande har her ei rentefri låneramme på 7 mill. kroner.

⁷ Vedlikehaldsetterslepet for skulen på Kvamsøya er oppgitt til 16,1 mill. kr i arbeidsgruppa for skulestruktur sin rapport frå 2021. Omrekna ved vekst i byggekostnadsindeksen siste fem år, tilseier det i dag rundt 20 mill. kr.

Sandsøya barnehage foreslår vi lagt ned med verknad frå oppstart av barnehageåret 2026/27, og at det dermed heller ikkje vert noko tilbod om å ha ein eventuell SFO-plass der.

Haugelia barnehage drift og lokalisering som no. Det same for Gjerdsvika barnehage – der det vert ei noko anna og vesentleg meir økonomisparande løysing enn utgift på 3,5 mill. kr inkl. mva. som låg inne i investeringsbudsjettet for 2025.

Videre tilrår vi at PPT held fram uendra. Det finst både argument for og imot dette, mellom anna fordelar og ulemper knytta til nærleik til tenesta. Samla sett vurderer vi at fordelane med ei vidareføring av det noverande tilbodet veg tyngst. Dette er ein vurdering som ikkje påverkast av val av struktur for skule og barnehage i Sande.

8. Referansar

Arbeidsgruppa for skulestruktur, 2021. *Rapport*, s.l.: s.n.

FRAM, u.d. *Enkeltbillett for buss*. [Internett]

Available at: <https://frammr.no/billetter/billetter-og-prisar/buss/>
[Funnen 2025].

FRAM, u.d. *Soner og sonekart*. [Internett]

Available at: <https://frammr.no/billetter/soner-og-sonekart/>
[Funnen 2025].

Nernett.no, 2025. *Ny vending for skolesaken i Sande*. [Internett]

Available at: <https://www.nernett.no/ny-vending-for-skolesaken-i-sande/223219>

Nernett, 2024. *Sande kommune i stor økonomisk krise*. [Internett]

Available at: https://www.nernett.no/robek-sande-okonomi/sande-kommune-i-stor-okonomisk-krise/173646?utm_source=chatgpt.com

Nrk.no, 2025. *Ber om at Sande blir innmeldt på Robek*. [Internett]

Available at: <https://www.nrk.no/mr/ber-om-at-sande-blir-innmeldt-pa-robek-1.17434037>

Sande kommune, 2004. *Årsplan Hauemarkja barnehage 2024-2025*. [Internett]

Available at: https://www.sande.kommune.no/_f/p37/ib2d6c601-3a68-407b-9990-b3a73517a4f3/arsplan-hauemarkja-barnehage-2024-2025.pdf

Sande kommune, 2018. *PALS-barnehage*. [Internett]

Available at: <https://www.sande.kommune.no/tenester/oppvekst/barnehagar/pals-barnehage/>

Sande kommune, 2024. *Budsjett 2025 - Økonomiplan 2025-2028*. [Internett]

Available at: https://pub.framsikt.net/2025/sande/bm-2025-okonomiplan_2025-2028_kstvedtak#/buds/orgstructuremain/20

Sande kommune, 2024. *Oppvekst og kultur*. [Internett]

Available at: https://pub.framsikt.net/2025/sande/bm-2025-okonomiplan_2025-2028_kstvedtak#/buds/orgstructuremain/20

Sande kommune, 2025. *Sande kulturskule*. [Internett]

Available at: <https://www.sande.kommune.no/tenester/kultur-og-fritid/sande-kulturskule/>

Sande kommune, 2025. *Årsrapportar*. [Internett]

Available at: <https://www.sande.kommune.no/tenester/organisasjon-og-tilsette/okonomi-i-sande-kommune/arsrapportar/>

Sande kommune, u.d. *Flyktning*. [Internett]

Available at: <https://pub.framsikt.net/2024/sande/mr-202412-aarsrapport2024#/generic/mainmenu/20/211>
[Funnen 2025].

Sande kommunestyre, 2025. *Møte i Kommunestyret*. [Internett]

Available at: https://www.sande.kommune.no/tenester/organisasjon-og-tilsette/innsyn/politiske-moter/#/details/m-e957bef2_4ead_49a0_a734_14387e088644-569!UXpTGQ

SSB, 2025. *Kommunefakta*. [Internett]

Available at: <https://www.ssb.no/kommunefakta/sande>

SSB, 2025. *Kulturtilbod*. [Internett]

Available at: <https://www.ssb.no/statbank/table/12061/tableViewLayout1/>

SSB, 2025. *Kulturtilbod*. [Internett]

Available at: <https://www.ssb.no/statbank/table/11760/tableViewLayout1/>

Ssikt.no, u.d. *Søre Sunnmøre IKT*. [Internett]
Available at: <https://www.ssikt.no/>

Statsforvalteren i Møre og Romsdal, 2022. *Sande kommune ut av ROB EK*. [Internett]
Available at: <https://www.statsforvalteren.no/more-og-romsdal/kommunal-styring/kommuneokonomi/sande-kommune-ut-av-robek/>

Statsforvalteren.no, 2023. *Områdebilete: Kommunal økonomi*. [Internett]
Available at: <https://kommunebilde.statsforvalteren.no/publisert/15/1514/a3677a0f-67e8-4a2a-8e0a-6cddcf2dae01/cbb6d0da-cee5-4916-9ab1-cfee86376dc0>

Udir, 2024. *Hva er kvalitet*. <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/hva-er-kvalitet/> red. s.l.:s.n.

Udir, 2025. *Ansettes utdanning andel*. <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-barnehage/ansattes-utdanning-andel/> red. s.l.:s.n.

Udir, 2025. *Antall barn i barnehagen - alder*. [Internett]
Available at: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-barnehage/antall-barn-bhg-alder/>

Ungdata.no, 2024. *Ungdata 2024*. [Internett]
Available at: https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports_2024/More_og_Romsdal_Sande_2024_Ungdomsskule_Kommune.pdf

Ungdata.no, 2024. *Ungdata junior 2024*. [Internett]
Available at: https://www.ungdata.no/wp-content/uploads/reports_2024/More_og_Romsdal_Sande_2024_Barneskule_Kommune.pdf

Vestlandsnytt.no, 2025. *Fasiten klar for Sande-økonomien*. [Internett]
Available at: <https://www.vestlandsnytt.no/nyhende/i/rPR98m/fasiten-klar-for-sande-oekonomien>

Vedlegg A

Tabell A-8-1 Utrekna behov for spesialrom i skular med éi klasse på trinnet. Det er føresett ein utnyttingsgrad på 80 % (18 timar per veke).

Utnyttingsgrad 80 % (18 timar per uke)	Barnetrinn			Ungdomstrinn			Barnetrinn og ungdomstrinn			
	Fag	Talet på timar for elevar	Deling	Timer per uke: én parallel	Talet på rom: én parallel	Talet på timar for elevar	Deling	Timer per uke: én parallel	Talet på rom: én parallel	Timer per uke: én parallel
Naturfag	9,63	50 %	14,4	1	6,55	50 %	9,8	1	24,3	2
Kunst og handverk	12,55	50 %	18,8	2	3,84	50 %	5,8	1	24,6	2
Mat og helse	3	100 %	6	1	2,18	100 %	4,4	1	10,4	1
Musikk	7,5	50 %	11,3	1	2,18	50 %	3,3	1	10,8	1
Kroppsøving	12,58	0 %	12,6	1	5,87	0 %	5,9	1	18,5	2

Tabell A-8-2 Forskning, funn og forklaring

Ikke-prissette konsekvensane	Forskning, funn og forklaring
Kvalitet på fagtilbodet	Huntsman (2008) syner at talet på barn per voksen og stabilitet i omsorg er viktig for kvaliteten i barnehagen. Melhuish (2004) framhevar betydninga av godt utdanna og engasjert personale. Stortingsmelding nr. 31 (2027-2028) understrekar at lærenes kompetanse er avgjerande for elevanes læringsutbytte. Kompetanse og fagleg utvikling bidrar til eit betre læringsmiljø og relasjonar (NOU 2012:1, Udir 2024).
Standard på inne- og uteareal	Tandon et al. (2018) viser at tilstrekkeleg plass inne er viktig for bevegelse og variert lek, nokke som støtter læring og trivsel. Alme & Reima (2021) dokumenterer at tilgang til natur og gode uteområda stimulerer barns utvikling og sosiale ferdigheiter. Byggets tilstand og kapasitet til å ta hand om fleire barn vurderast også (Udir 2024).
Gruppe/klasse storleik og samansetjing	Forsking viser at mindre grupper ofte gir høgare prosesskvalitet, medan større grupper kan gi fleire sosiale relasjonar (NOU 2012:1). Huntsman (2008) meiner at gruppestørrelse er mindre viktig enn andre strukturelle faktorar. I skolen påverkar klassestørrelse og samansetning barnas faglege og sosiale utvikling (St.Meld.nr.31).
Reiseavstand	Block m.fl. (2018) viser at lange reiseavstandar kan redusere tid til lek, kvile og samvær med familien, og føre til stress som påverkar barnas trivsel og konsentrasjon. Vincelot m.fl. (2019) dokumenterer at lange reiser for foreldre kan redusere kvaliteten på omsorga barna får.
Samarbeid mellom skole/barnehage og heim	Drugli & Nordahl (2016) dokumenterer at godt samarbeid med foreldra er avgjerande for barns læring og utvikling. Foreldre bør få medverke og bli kjent med kvarandre for å fremme et inkluderande miljø og forhindre sosial ekskludering.
Kompetanseutvikling og trivsel blant tilsette	Kompetanseutvikling, refleksjon og rettleiing forbetrar samspel mellom vaksne og barn, og barnas utvikling (Drugli m.fl., 2024; Nordahl & Drugli, 2016).
Barnet sitt beste	Vurderast ut frå korleis endringar i miljø påverkar barnets trivsel, sosial tilknytning og moglegheit for leikekameratar (NOU 2012:1, Tøpordei m.fl., 2023, Shao m.fl., 2024).
Verknad for lokalsamfunnet	Vurdering av korleis strukturelle endringar påverkar lokale tilbod, bustad og næringsliv, samt betydning for føresette utan førarkort.



oslo**economics**